



# Prop. 84 L

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Endringar i opplæringslova og  
privatskolelova  
(undervisningskompetanse m.m.)



# Innhold

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen .....</b>	<b>5</b>	<b>3.5.2.2</b>	Det nærmare innhaldet i kravet for ulike fag på ulike årstrinn .....	<b>18</b>
<b>2</b>	<b>Høring .....</b>	<b>6</b>	<b>3.5.2.3</b>	Kven kravet skal gjelde .....	<b>19</b>
<b>3</b>	<b>Forslag om å innføre krav om relevant kompetanse i undervisningsfag .....</b>	<b>8</b>	<b>3.5.2.4</b>	Omfanget av mellombels tilsetjing og bruk av deltidsstillingar i skoleverket .....	<b>20</b>
3.1	Bakgrunnen for forslaget .....	8	<b>3.5.3</b>	Kompetansekrav ved spesialundervisning .....	<b>21</b>
3.2	Gjeldande rett .....	9	<b>3.5.3.1</b>	Enkeltvedtak om spesialundervisning frå lærarar utan undervisningskompetanse i faget .....	<b>21</b>
3.2.1	Opplæringslova .....	9	<b>3.5.3.2</b>	Krav om spesialpedagogisk kompetanse .....	<b>22</b>
3.2.2	Forskrift til opplæringslova .....	9	<b>3.5.4</b>	Kompetansekrav for vaksenopplæring .....	<b>22</b>
3.2.3	Kompetansekrav ved opplæring spesielt organisert for vaksne .....	9	<b>3.5.5</b>	Høve til å fråvike kravet om relevant undervisningskompetanse .....	<b>23</b>
3.2.4	Kompetansekrav ved opplæring i private skolar .....	10	<b>3.5.6</b>	Private skolar .....	<b>24</b>
3.3	Framand rett – Danmark og Sverige .....	10	<b>3.5.7</b>	Forslag frå departementet .....	<b>24</b>
3.3.1	Danmark .....	10	<b>4</b>	<b>Forslag om å lovfeste høve til å tilsetje på vilkår .....</b>	<b>25</b>
3.3.2	Sverige .....	10	<b>4.1</b>	Bakgrunnen for forslaget .....	<b>25</b>
3.4	Høringa .....	11	<b>4.2</b>	Gjeldande rett .....	<b>25</b>
3.4.1	Høringsforslaget .....	11	<b>4.3</b>	Høringa .....	<b>25</b>
3.4.1.1	Kompetansekrav for tilsetjing og undervisning .....	11	<b>4.3.1</b>	Høringsforslaget .....	<b>25</b>
3.4.1.2	Undervisningspersonale med kompetanse frå før endringar i lov og forskrift .....	12	<b>4.3.2</b>	Høringsfråsegnar .....	<b>25</b>
3.4.1.3	Skolar med ungdomstrinn som har færre enn 60 elevar og færre enn 5 lærarårsverk .....	12	<b>4.4</b>	Vurderingar og forslag frå departementet .....	<b>26</b>
3.4.1.4	Unntak ved mangel på lærarar med undervisningskompetanse ...	12	<b>5</b>	<b>Forslag om å lovfeste høve til å organisere innføringstilbod til nykomne minoritetsspråklege elevar .....</b>	<b>27</b>
3.4.1.5	Mellombels tilsetjing .....	12	<b>5.1</b>	Bakgrunnen for forslaget .....	<b>27</b>
3.4.1.6	Private skolar .....	13	<b>5.2</b>	Gjeldande rett .....	<b>27</b>
3.4.1.7	Ikkraftsetjing .....	13	<b>5.2.1</b>	Rett og plikt til opplæring .....	<b>27</b>
3.4.2	Høringsfråsegnar .....	13	<b>5.2.2</b>	Rett til særskild språkopplæring ...	<b>28</b>
3.4.2.1	Innføring av eit krav om relevant undervisningskompetanse .....	13	<b>5.2.3</b>	Nærskole og organisering .....	<b>28</b>
3.4.2.2	Omgrepet ”relevant kompetanse”	14	<b>5.2.4</b>	Nordisk rett .....	<b>29</b>
3.4.2.3	Kven kravet skal gjelde for .....	15	<b>5.2.4.1</b>	Svensk rett .....	<b>29</b>
3.4.2.4	Høve til å fråvike kravet om relevant undervisningskompetanse .....	15	<b>5.2.4.2</b>	Danmark .....	<b>29</b>
3.4.2.5	Andre merknader til forslaget .....	16	<b>5.2.5</b>	Innføringstilbod i Noreg i dag .....	<b>30</b>
3.5	Vurderingar og forslag frå departementet .....	16	<b>5.2.6</b>	Klageinstans på vedtak .....	<b>30</b>
3.5.1	Krav for tilsetjing og krav for undervisning .....	17	<b>5.3</b>	Høringa .....	<b>30</b>
3.5.2	Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag .....	18	<b>5.3.1</b>	Høringsforslaget frå departementet .....	<b>30</b>
3.5.2.1	Omgrepet ”relevant kompetanse”	18	<b>5.3.2</b>	Synspunkt frå høringsinstansane .	<b>31</b>
			<b>5.4</b>	Vurderingar og forslag frå departementet .....	<b>32</b>

5.4.1	Innleiing .....	32	7.3	Høringa .....	47
5.4.2	Organisering .....	33	7.3.1	Høringsforslaget frå departementet .....	47
5.4.3	Tidsavgrensing .....	34		Synspunkt frå høringsinstansane .	48
5.4.4	Vidaregåande opplæring .....	35	7.3.2	Vurderingar og forslag frå departementet .....	50
5.4.5	Unntak frå læreplanverket .....	36	7.4		
5.4.6	Klageinstans .....	38			
5.4.7	Private skolar .....	38			
5.4.8	Forslag frå departementet .....	40	<b>8</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar av forslaga .....</b>	52
<b>6</b>	<b>Forslag om ei eiga føreseggn om opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) .....</b>	41	8.1	Forslag om å innføre krav om relevant kompetanse i under- visningsfag .....	52
6.1	Bakgrunnen for forslaget .....	41	8.2	Forslag om å lovfeste høve til å tilsetje på vilkår .....	53
6.2	Gjeldande rett .....	41	8.3	Innföringstilbod .....	53
6.3	Høringa .....	42	8.4	Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) .....	53
6.3.1	Høringsforslaget frå departementet .....	42	8.5	Små og verneverdige handverksfag .....	53
6.3.2	Synspunkt frå høringsinstansane .	43			
6.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	44	<b>9</b>	<b>Merknader til lovforlaga .....</b>	55
<b>7</b>	<b>Forslag om å innføre høve til godkjenning av private skolar som tilbyr opplæring i små og verneverdige handverksfag .....</b>	46	9.1	Endringar i opplæringslova .....	55
7.1	Bakgrunnen for forslaget .....	46	9.2	Endringar i privatskolelova .....	59
7.2	Gjeldande rett .....	46	9.3	Ikraftsetjing .....	60
				<b>Forslag til lov om endringar i opplærings- lova og privatskolelova (undervisnings- kompetanse m.m.) .....</b>	62

# Prop. 84 L

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i opplæringslova og privatskolelova (undervisningskompetanse m.m.)

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 13. april 2012,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

### 1 Hovudinhaldet i proposisjonen

Denne proposisjonen inneholder forslag til endringar i Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) og i Lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskott (privatskolelova). Det blir foreslått desse endringane:

- I opplæringslova og i privatskolelova: Innføring av krav om at den som skal undervise, må ha relevant kompetanse i undervisningsfaget.
- I opplæringslova og i privatskolelova: Lovfeste høve til å tilsetje nokon i undervisningsstilling på vilkår om at påbegynt utdanning blir fullførd.
- I opplæringslova og i privatskolelova: Lovfeste høve til å organisere innføringstilbod til nykomne minoritetsspråklege elevar.
- I opplæringslova og i privatskolelova: Innføring av ei eiga føresegns om opplæring ved behov for

alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK).

- I privatskolelova: Innføring av føresegns som gir høve til å godkjenne private skolar som tilbyr opplæring i små og verneverdige handverksfag.

Bakgrunnen for forslaga blir nærmare utdjupa i omtalen av dei enkelte forslaga i proposisjonen.

Departementet tek sikte på at lovendringane om kompetansekrav og tilsetjing på vilkår blir sette i verk 1. januar 2014. Departementet tek sikte på at forslaget om ei føresegns som gir høve til å godkjenne private skolar som tilbyr små og verneverdige handverksfag, blir sett i kraft 1. juli 2012. For forslaga elles tek departementet sikte på at dei skal bli sett i kraft 1. august 2012.

## 2 Høring

Høringsnotat om å innføre krav om relevant kompetanse for å undervise, samt forslag om tilsetjing på vilkår, vart sendt på høring 20. oktober 2010 med høringsfrist 10. januar 2011. Det kom inn 120 høringssvar.

Høringsnotat med forslag om nasjonal føresegns om lærartettleik, om regulering av innføringstilbod og om innføring av ei føresegns om opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK), vart sendt på høring 4. oktober 2011, med høringsfrist 3. januar 2012. Det kom inn 192 høringssvar. Lovforslaget om lærartettleik er ikkje omtalt i denne lovproposisjonen. Departementet arbeider vidare med denne saka i ein eigen prosess.

Høringsnotat med forslag om føresegner i privatskolelova om godkjenning av skolar som tilbyr opplæring i små og verneverdige handverksfag vart sendt på høring 26. oktober 2011 med høringsfrist 3. januar 2012. Det kom inn 52 høringssvar.

Høringsnotat med forslag om føresegner om organiseringa av skoleåret på tredje trinn på studieførebuande utdanningsprogram vart sendt på høring 2. november 2011, med høringsfrist 3. januar 2012. Det kom inn 65 høringssvar. Dette lovforslaget er ikkje omtalt i denne lovproposisjonen. Departementet arbeider vidare med denne saka i ein eigen prosess.

Synspunkta frå høringsinstansane til dei einskilde forslaga er nærmare oppsummerte under omtalen av kvart forslag.

Høringsnotata vart sende til desse høringsinstansane:

Departementa  
Kommunane  
Fylkeskommunane  
Fylkesmennene

Akademikerne  
Aktive foreldre  
Antirasistisk senter  
Arbeidsgiverforeningen Spekter  
Barneombodet  
CULCOM v/ UiO (Kulturell kompleksitet i det nye Norge)

Datatilsynet  
Det utdanningsvitenskaplege fakultet, UiO  
Dysleksiforbundet  
Elevorganisasjonen  
FAFO  
Faglege råd v/ Utdanningsdirektoratet  
Fellesforbundet  
Fellesorganisasjon for barnevernspedagoger, sosionomer og vernepleiere  
Folkekulturforbundet (FKF)  
Forbrukarombodet  
Forbrukarrådet  
Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG)  
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)  
Handels- og Servicenæringerens Hovedorganisasjon (HSH), nå skiftet namn til Hovedorganisasjonen Virke  
Hovedorganisasjonen for universitets- og høyskoleutdannede (Unio)  
Håndverkbedriftenes Landsforening  
Innvandrernes Landsorganisasjon (INLO)  
Institutt for samfunnsforskning (ISF)  
Integrerings- og mangfalddirektoratet  
ISAAC Norge (International Society For Augmentative And Alternative Communication)  
Kontaktutvalget mellom innvandrerbefolkningen og myndighetene (KIM)  
KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon)  
Kunst i skolen  
Kunst og design i skolen  
Landslaget Fysisk Fostring i Skolen  
Landsorganisasjonen i Noreg (LO)  
Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjoner  
Likestillings- og diskrimineringsombodet  
Longyearbyen lokalstyre  
LUFS - Landslaget for nærmiljøskolen  
Lærernes Yrkesforbund  
Mesterbrevnemnda  
Minoritetsspråklig ressursnettverk (MiR)  
Musikernes fellesorganisasjon (MFO – forbundet for utøvende kunstnere og pedagoger)  
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)

Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO)	Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO)
Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa	Sametinget
Nettverket av samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	Samnemnda for NF og NKF
NIFU Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning, tidl. NIFU STEP	Samordna opptak
Noregs forskingsråd	SEFIA, Høgskolen i Oslo
Noregs Handicapforbund	Senter for interkulturell kommunikasjon
Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU)	Senter mot etnisk diskriminering
Norsk foreldrelag for funksjonshemmede	Sivilombodsmannen
Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning (NFF)	Skolenes landsforbund
Norsk handverksutstilling	Språkrådet
Norsk Innvandrerforum	Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY)
Norsk Kulturråd	v/ Utdanningsdirektoratet
Norsk kulturskoleråd	Statens lånekasse for utdanning
Norsk Lektorlag	Statens råd for funksjonshemma
Norsk senter for flerkulturell verdiskaping	Statistisk sentralbyrå (SSB)
Norsk Skolelederforbund	Statlege grunnskolar og vidaregåande skolar
Norsk studentorganisasjon (NSO)	Sysselmannen på Svalbard
NOVA (Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring)	Tekna (Teknisk-naturvitenskapelig forening)
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)	Ungt Entreprenørskap Norge
Opplysningsstenesta for heimeundervisning	Universitet/Høgskolar
Private Barnehagers Landsforbund (PBL)	Universitets- og høgskolerådet
Private grunnskolar	Utdanningsdirektoratet
Private vidaregåande skolar	Utdanningsforbundet
Privatskoleorganisasjonane	Utdanningsgruppene hovedorganisasjon
Riksarkivet	Utlendingsdirektoratet (UDI)
Riksrevisjonen	VOX – vaksenopplæringsinstituttet
Rådet for psykisk helse	Voksenopplæringsforbundet (VOFO)
Samarbeidsforum for estetiske fag	Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)

Departementet har vore i kontakt med Sametinget. Det har ikke vore nødvendig med konsultasjon.

### 3 Forslag om å innføre krav om relevant kompetanse i undervisningsfag

#### 3.1 Bakgrunnen for forslaget

I St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* går det fram at den kompetansen lærarane har, er den enkeltfaktoren i skolen som er aller viktigast for læringa hos elevane. Ein lærar må ha god fagleg og didaktisk kompetanse. God fagbakgrunn er nødvendig for å kunne motivere og formidle kunnskap med tyngd, tryggleik og entusiasme. Ei undersøking frå 2006 viser at det i gjennomsnitt er om lag 40 prosent av lærarane i grunnskolen som ikkje har fagleg fordjuping i dei faga dei underviser i. Berre om lag ein femdel har fordjuping på minst 60 studiepoeng i undervisningsfaga sine.<sup>1</sup> Ein del eldre lærarar hadde utdanning som ikkje hadde vekttal/studiepoeng, noko som kan nysare biletet. Det er vidare store forskjellar mellom ulike fag og ulike trinn når det gjeld den faglege fordjupinga hos lærarane.

I opplæringslova med tilhørande forskrifter er det i dag fastsett kompetansekrav for *tilsetjing* i undervisningsstillingar i grunnskolen og i den vidaregåande skolen. Føresegne regulerer derfor berre indirekte kven som kan *undervise* på ulike nivå i ulike fag. Det er opp til skoleeigaren ved rektor å avgjere kven som kan gi forsvarleg undervisning i dei ulike faga når tilsetjing først har skjedd. For å sikre høgare fagleg kompetanse hos lærarane i prioriterte fag på ungdomstrinnet vart kompetansekrava i forskrifta til opplæringslova skjerpte i 2008. Endringa medførte m.a. at allmennlærarar som blir tilsette for undervisning i faga norsk, matematikk eller engelsk på ungdomstrinnet, no må ha minst 60 studiepoeng relevant utdanning i tilsetjingsfaget.

I St.meld. nr. 11 (2008–2009) *Læreren – rollen og utdanningen*, som Stortinget har sluttar seg til, er eit av dei sentrale forslaga å stille krav til nødvendig kompetanse for å kunne undervise i eit fag. Her er det m.a. vist til at solid fagleg kompetanse er nødvendig for å kunne differensiere opp-

læringa på ein god måte, og til den positive samanhengen mellom den faglege og didaktiske kompetansen hos læraren og læringsutbyttet hos elevane.

I St.meld. nr. 11 (2008–2009) vart det også foreslått ei ny lærarutdanning for grunnskolen. Eit ankepunkt mot den tidlegare allmennlærarutdanninga var at ho ikkje kunne gi kandidatane tilstrekkeleg fagleg og pedagogisk kompetanse for alle fag og trinn i grunnskolen. Som eit ledd i styrkinga av lærarkompetansen vart derfor den tidlegare allmennlærarutdanninga erstatta av to nye, differensierte grunnskolelærarutdanninger for høvesvis 1.–7. trinn og 5.–10. trinn frå hausten 2010. Dette vil gi lærarstudentane spesialisert kompetanse i å leie læringsprosessar tilpassa elevar på anten 1.–7. trinn eller 5.–10. trinn. Utdanningane vil også i større grad gi fagleg fordjuping. Departementet viser til ”forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanningene for 1.–7. trinn og 5.–10. trinn og forskrift om rammeplan for de samiske grunnskolelærerutdanningene for 1.–7. trinn og 5.–10. trinn” fastsett 1. mars 2010.

Dei nye grunnskolelærarutdanningane inneber at framtidige lærarar på ungdomstrinnet som hovudregel vil ha 60 studiepoeng i tre undervisningsfag. Grunnskolelærarutdanning for 1.–7. trinn skal normalt omfatte minst fire undervisningsfag, der eitt av faga skal vere på 60 studiepoeng, og dei andre faga må være på minst 30 studiepoeng. Norsk og matematikk er obligatoriske fag i utdanninga for 1.–7. trinn. I utdanninga for 5.–10. trinn er alle undervisningsfag valfrie. Det første ordinære kullet med lærarstudentar som blir uteksaminerte etter den nye ordninga, vil avslutte studiet våren 2014 og vere aktuelle for tilsetjing i skolen frå skoleåret 2014–2015.

Regjeringa er oppteken av å styrkje kompetansen hos lærarane. Målet er at lærarar skal ha relevant utdanning i alle fag dei underviser i. For å medverke til dette, vil departementet knyte kompetansekrav til det å undervise, ikkje berre til tilsetjing slik dagens reglar gjer. Departementet foreslo derfor i høringsnotatet å lovfeste eit krav

<sup>1</sup> Lagerstrøm, Bengt Oscar (2007): *Kompetanse i grunnskolen: Hovedresultater 2005/2006*. SSB Rapport 2007/21.

om relevant fagkompetanse for den som skal undervise. Det vart i hovudsak foreslått at dette skulle gjelde frå og med hausten 2014.

### 3.2 Gjeldande rett

Opplæringslova med tilhørende forskrift fastset kompetansekrav ved tilsetjing i undervisningsstilling. Gjeldande rett har ingen føresegner som direkte fastset krav om kompetanse for å undervise.

#### 3.2.1 Opplæringslova

Opplæringslova § 10–1 seier at det for tilsetjing i undervisningsstilling i grunnskolen og i den vidaregående skolen skal krevjast relevant fagleg og pedagogisk kompetanse. Departementet er gitt heimel til å fastsetje nærmare krav til utdanning og praksis i forskrift. Dette er gjort i forskrifter til opplæringslova kap. 14, sjå nedanfor. Kompetansekrava knyter seg til den stillinga søkeren skal tilsetjast i. Krava er ikkje til hinder for at innhaldet i stillinga seinare blir endra, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997–1998), merknad til § 10–1. Opplæringslova opnar i dag ikkje for at departementet kan fastsetje krav om at lærarane må ha kompetanse i dei faga dei underviser i. Det er opp til skoleeigaren ved rektor å avgjere kven som kan gi forsvarleg undervisning i dei ulike faga når tilsetjing først har skjedd.

Ettersom opplæringslova § 10–1 er avgrensa til undervisningsstillingar, gjeld ho ikkje for assistenter som hjelper undervisningspersonalet i undervisninga. Ho gjeld heller ikkje for personale som gir støtte til elevar utanom undervisninga. Kompetansekrava gjeld for tilsetjing i alle undervisningsstillingar i grunnskolen og i den vidaregående skolen, og vil derfor også omfatte spesialundervisning. Dersom ein klasse har elevar frå fleire årstrinn, skal kompetansekravet sjåast mot elevsamsetjinga i klassen, og dei som blir tilsette, må oppfylle kompetansekravet for minst eitt av dei årstrinna som er representerte.

Der det er fleire søkerar til ei stilling, skal det leggjast vekt på utdanning og praksis, kva slags undervisningsbehov tilsetjinga skal ta sikte på å dekkje, og kor kvalifisert søkeren elles er for stillinga, jf. § 10–5 i lova. Dersom det ikkje er søkerar som oppfyller kompetansekrava, kan andre tilsetjast mellombels. Slik tilsetjing skal vare til og med 31. juli, med mindre det er avtalt ein kortare tilsetningsperiode, jf. § 10–6. Dette kjem i tillegg til reglane i arbeidsmiljølova, som opnar for mellom-

bels tilsetjing i visse tilfelle, f.eks. ved arbeid i stanen for ein annan eller andre (vikariat).

Opplæringslova § 10–8 presiserer det generelle ansvaret skoleeigaren har for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skoleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skoleleiarar og personale med særøppgåver i skoleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet.

#### 3.2.2 Forskrift til opplæringslova

I forskrift til opplæringslova kap. 14. er det gitt nærmare krav om kva kompetanse som er nødvendig for å kunne bli tilsett i undervisningsstilling. Krava er minimumskrav. Det er opp til arbeidsgivaren å bestemme om det ved ei tilsetjing skal stillast krav som går utover krava i forskrifterna.

§ 14–1 første ledd seier at alle som skal tilsetjast i undervisningsstilling, "må ha pedagogisk bakgrunn i samsvar med krava i rammeplanane for lærarutdanningane med forskrifter", eller ha tilsvarande pedagogisk kompetanse. Det er skoleeigaren som må vurdere om ein søker har slik tilsvarande kompetanse. Kravet i § 14–1 gjeld for alle som skal tilsetjast i undervisningsstilling, uavhengig av årstrinn og skoleslag.

I forskrifterna er det vidare fastsett kva som er nødvendig utdanning og praksis for den som skal tilsetjast i undervisningsstilling på ulike årstrinn og i ulike skoleslag, jf. §§ 14–2 og 14–3, og for den som skal tilsetjast som morsmåslærar for elevar frå språklege minoritetar, jf. § 14–4.

Etter § 14–9 vil alle som har utdanning som lærar etter tidlegare reglar, eller som har fått dispensasjon frå tidlegare lærarutdanningskrav, framleis ha gyldig kompetanse for å bli tilsett i undervisningsstilling. Med "i undervisningsstilling" er her meint alle dei stillingane der dei tidlegare kunne bli tilsette for undervisning, sjølv om kompetansekrava seinare skulle ha endra seg.

#### 3.2.3 Kompetansekrav ved opplæring spesielt organisert for vaksne

Etter opplæringslova § 4A–5 første ledd gjeld § 10–1 med tilhørende forskrift tilsvarande for opplæring etter kapittel 4A *Opplæring spesielt organisert for vaksne*. Departementet kan gi forskrifter om at det likevel kan tilsetjast personell utan formell pedagogisk kompetanse. Dette er

gjort i forskrift til opplæringslova § 14–1 andre ledd. Føresetnaden er at den det gjeld, har vesentleg erfaring med opplæring for vaksne og er eigna til undervisning for vaksne.

Opplæringslova § 4A–5 andre ledd seier at § 10–1 med tilhørande forskrift ikkje gjeld opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik etter § 4A–2 andre ledd. Opplæringa skal likevel skje under fagleg og pedagogisk rettleiing og ansvar.

### **3.2.4 Kompetansekrav ved opplæring i private skolar**

Opplæringslova § 2–12 tredje ledd seier at §§ 10–1 *Kompetansekrav for undervisningspersonell* og 10–6 *Mellombels tilsetjing* også gjeld for private grunnskolar. Departementet kan likevel gjere unntak frå dette kravet for utanlandske og internasjonale grunnskolar i Noreg.

For private skolar med rett til statstilskot bestemmer privatskolelova § 4–2 første ledd at opplæringslova § 10–1 med tilhørande forskrifter gjeld tilsvارande. Dersom det ikkje er søkjurar som oppfyller kompetansekrava, kan andre tilsettast mellombels. Med mindre det er avtalt ein kortare tilsetjingsperiode, skal tilsetjinga vare til og med 31. juli. Etter § 4–2 tredje ledd kan departementet godkjenne alternative kompetansekrav ved tilsetjing av undervisningspersonale ved ein skole som er godkjend som anerkjend pedagogisk retning. Ved tilsetjing ved ein skole som er godkjend på religiøst grunnlag, kan departementet også godkjenne tilleggskompetansekrav.

## **3.3 Framand rett – Danmark og Sverige**

### **3.3.1 Danmark**

Lov om folkeskolen § 28 seier kven som kan undervise i dansk grunnskole. Vilkåret er at den det gjeld, har gjennomført utdanning for å bli lærar i folkeskolen, eventuelt annan type utdanning som er godkjend som likeverdig. Det er ikkje eit krav i lova at ein berre kan undervise i sitt linje-fag frå lærarutdanninga. Ein folkeskolelærar kan etter lova undervise i alle fag.

Etter § 28 andre ledd i lova kan det tilsettast personar med særlege kvalifikasjonar for å undervise i enkelte fag. Føresegna gir "kommunalbestyrelsen" høve til å tilsetje personar som ikkje er

lærarutdanna, men som har tileigna seg særlege kvalifikasjonar for å undervise i enkelte fag "innenfor folkeskolens fagrække". Ein slik faglærar må undervise i nettopp det eller dei fag som han/ho har særlege kvalifikasjonar for, og vil derfor ikkje kunne få generell undervisningskompetanse etter § 28 første ledd. Det er "kommunalbestyrelsen" som tek stilling til om kvalifikasjonane hos den det gjeld, er tilstrekkelege til å kunne ta hand om undervisninga i det enkelte faget.

### **3.3.2 Sverige**

I Sverige vart ny skolelov vedteken 22. juni 2010. Lova vart sett i kraft 1. august 2010, og ho gjeld for grunntdanninga frå 1. juli 2011 og for vaksenopplæring frå 1. juli 2012.

Den nye skolelova er ein del av ei omfattande reform av det svenske skolesystemet som også omfattar ein endra læreplan for førskolen, nye læreplanar for grunnskolen og vidaregåande skole, ny karakterskala og ny lærarutdanning. I hovudsak skal same reglar gjelde for frittståande og offentlege skolar. Reforma kjem som følgje av nasjonale og internasjonale undersøkingar som viser at kunnskapsresultata i svensk skole har gått ned dei siste åra, dessutan av auka skilnader i resultatet på både elev- og skolenivå.

Våren 2011 vedtok Riksdagen å innføre eit krav om sertifisering for lærarar og førskolelærarar. Endringa inneber at lærarar som blir utdanna frå og med 1. juli 2011, må vise seg eigna for yrket gjennom ein eittårig introduksjonsperiode. Ein mentor skal gi råd og støtte undervegs i introduksjonsåret. For tidlegare utdanna lærarar vil det ikkje gjelde noko krav om introduksjonsår, men i staden eit krav om tilstrekkeleg arbeidserfaring. Berre dei som har slik yrkesgodkjenning, vil bli fast tilsette i skolen, og berre den som i tillegg til slik yrkesgodkjenning blir rekna for å ha tilstrekkeleg kompetanse i eit fag, kan undervise i faget. Om skoleigaren ikkje har tilgjengelege lærarar som oppfyller krava, eller om det finst annan særskild grunn av omsyn til elevane, kan ein annan lærar gi undervisning på visse vilkår. Det er også vedteke enkelte mellombelse eller permanente særlege ordningar for ulike grupper lærarar, m.a. for lærarar i morsmål, yrkesfag og kommunal vaksenopplæring, og for lærarar i skolar med særskilde pedagogiske retningar (Skollagen 2010:800, kap. 2, §§ 13-24).

## 3.4 Høringa

### 3.4.1 Høringsforslaget

#### 3.4.1.1 Kompetansekrav for tilsetjing og undervisning

I høringsnotatet vart det foreslått å knyte kompetansekrav til det å undervise, i tillegg til dei eksisterande krava for tilsetjing. Dette er i samsvar med St.meld. nr. 11 (2008–2009) og prinsippa i dei nye grunnskolelærerutdanningane. Departementet skreiv m.a. dette i høringsnotatet:

"Konkrete kompetansekrav for å undervise skal sikre elevene en undervisning av høyere faglig og pedagogisk kvalitet enn tidligere. Å knytte kompetansekrav direkte til undervisningen vil bidra til at de som underviser i bestemte fag har en høyere formalkompetanse i fagene, i tillegg til å ha en spesialisert pedagogisk og fagdidaktisk kompetanse rettet mot de aktuelle årstrinn. Lærere utdannet gjennom grunnskolelærerutdanningene vil ha større grad av faglig fordypning enn det den tidligere allmennlærerutdanningen vanligvis ga. For at lærernes pedagogiske spesialisering og faglige fordypning skal komme elevene til gode, må kompetansekravene knyttes til det å undervise i fag. Det foreslås således en ny bestemmelse i opplæringslovens § 10-1 med krav om at den som skal undervise må ha relevant kompetanse i de fagene og for de årstrinn hun eller han skal undervise i. Det betyr at en lærer som skal undervise i for eksempel matematikk, må ha fagkompetanse i matematikk for de aktuelle årstrinn. For barnetrinnet (årstrinnene 1-7) vil imidlertid kravet om å ha fagkompetanse for å undervise i de enkelte fag, kun gjelde for fagene norsk/samisk og matematikk. Dette er grunnleggende fag for disse årstrinnene og er også obligatoriske fag i den nye grunnskolelærerutdanningen.

Det nærmere konkrete innhold i kravene til kompetanse for undervisning vil bli regulert i forskriftens kap. 14. Forslag til ny forskrift med konkrete kompetansekrav vil bli sendt på høring fra Utdanningsdirektoratet og endelig forskrift vil bli fastsatt av departementet. Dette vil gjelde endringer i kap. 14 i forskrift til opplæringsloven som dels skal være nye regler om kompetansekrav knyttet til undervisningen, og dels tilpasninger i dagens kompetansekrav for tilsetting i forhold til ny grunnskolelærerutdanning. For å gi et mer helhetlig bilde av regelendringene informeres her om at det i forskrif-

ten bl.a. vil bli foreslått å innføre krav om 30 relevante studiepoeng for å undervise i norsk/samisk og matematikk på barnetrinnet (1-7 årstrinn). For ungdomstrinnet (8-10 årstrinn) vil det bli foreslått krav om 60 relevante studiepoeng for å undervise i norsk/samisk, matematikk og engelsk og 30 relevante studiepoeng for å undervise i øvrige fag, og i videregående skole vil det bli foreslått krav om 60 relevante studiepoeng for å undervise i alle fag. For enkelte spesielle fag, som prosjekt til fordypning og utdanningsvalg, vil det imidlertid i forbindelse med forskriftsarbeidet måtte vurderes nærmere hva som skal regnes som relevant undervisningskompetanse. Tilsvarende må det i forhold til yrkesfag vurderes om det er behov for særskilte ordninger, særlig for den gruppen lærere som i dag kan tilsettes uten krav til studiepoeng.

Departementet ønsker at høringsinstansene særlig uttaler seg om hvorvidt de mener at nye kompetansekrav knyttet til undervisningen i de enkelte fag, bør innføres på alle trinn og i alle fag.

For at det ikke skal oppstå akutt lærermanget som en følge av endring i regelverket er det avgjørende at det gjennomføres overgangsregler. Det foreslås derfor at kompetansekravene for undervisning ikke skal gjelde for den som før ikrafttredelse av de nye reglene hadde tilstrekkelig kompetanse for tilsetting etter reglene som da gjaldt. I tillegg foreslås enkelte unntaksmuligheter der det er nødvendig."

I høringsnotatet vart det foreslått at der kompetansereglane stiller krav om relevant kompetanse for undervisning i faget norsk, skal det stillast tilsvarende krav for faget samisk. Departementet skreiv m.a. dette:

"Når det i bestemmelsene om krav til kompetanse i lov eller forskrift brukes betegnelsen norsk/samisk, vil dette for samisk gjelde samisk som førstespråk. Det vil således i forskriften bli foreslått at det kreves 30 studiepoeng for å undervise i samisk på barnetrinnet og 60 studiepoeng på ungdomstrinnet og i videregående skole.

Departementet er kjent med at det vil kunne være særlige utfordringer i forhold til å skaffe lærere med tilstrekkelig kompetanse i samisk. Departementet mener likevel at kravene til kompetanse bør være de samme. Dersom vilkårene er oppfylt, vil imidlertid kravene

kunne fravikes i de enkelte tilfelle etter de generelle bestemmelsene.”

### 3.4.1.2 *Undervisningspersonale med kompetanse frå før endringar i lov og forskrift*

Det følgjer av forskrifa til opplæringslova § 14-9 at alle som har utdanning etter tidlegare reglar, eller som har fått dispensasjon frå tidlegare lærarutdanningskrav, framleis vil ha gyldig kompetanse for å bli tilsette i undervisningsstilling. Endringar i *tilsetjingskrava* får dermed ikkje konsekvensar for allereie kvalifiserte lærarar etter dagens reglar.

I høringsnotatet meinte departementet at det bør gjelde ein tilsvarende regel ved innføring av krav om relevant fagkompetanse for den som skal undervise. Dersom dagens lærarar ikkje lenger skulle kunne undervise i dei faga dei fram til no har kunna undervise i, ville det vere både vanskeleg for skoleeigaren og urimeleg for den enkelte lærar. Departementet foreslo derfor at dette krevet ikkje skal gjelde dei lærarane som har nødvendig kompetanse for å bli tilsette i undervisningsstilling *før* dei nye reglane blir sette i kraft.

### 3.4.1.3 *Skolar med ungdomstrinn som har færre enn 60 elevar og færre enn 5 lærarårsverk*

På svært små ungdomsskolar, eller på kombinerte skolar der ungdomstrinnet er lite, kan det bli vanskeleg å få til ei samansetjing av lærarstabben som vil kunne oppfylle kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaga, og samtidig innebere tilstrekkeleg store stillingsstorleikar per lærar. I verste fall vil kravet derfor kunne medføre ei ytterlegare nedbygging av små gredeskolar i distrikta. I høringsnotatet la departementet til grunn at ein ungdomsskole vil trenge minst fem undervisningsårsverk for å kunne tilfredsstille dei nye krava. Det vart derfor foreslått at skolar med ungdomstrinn som har mindre enn 60<sup>2</sup> elevar og færre enn 5 lærarårsverk, kan fråvike kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaga dersom det er nødvendig. Skoleeigaren skal likevel leggje vinn på å oppfylle kompetansekrava i størst mogleg grad, og departementet understreka at det må vurderast om det er nødvendig å ta ei slik avgjerd om å fråvike reglane. Det gjekk vidare fram av høringsnotatet at kravet til kompetanse ved tilsetjing uansett skal gjelde som før ved desse skolane. Tal frå GSI 2009–10 viser at det er i over-

kant av 400 ordinære kommunale, interkommunale, fylkeskommunale, statlege og private skolar som oppgir å ha mellom to og 60 elevar på ungdomstrinnet.

For skolar med små barnetrinn meinte departementet at det ikkje vil vere nødvendig med ein tilsvarende regel. I den nye grunnskolelærarutdanninga for 1.–7. trinn blir det obligatorisk med 30 studiepoeng i norsk/samisk og matematikk. Alle lærarar som er utdanna i samsvar med dette, vil derfor oppfylle kompetansekravet for undervising på barnetrinnet.

### 3.4.1.4 *Unntak ved mangel på lærarar med undervisningskompetanse*

Også ved andre skolar vil det kunne oppstå tilfelle der skolen ikkje har, eller ikkje klarer å skaffe, lærarar med nødvendig fagkompetanse etter dei nye reglane. For å få gjennomført den opplæringa elevane har krav på, meinte departementet at det da må vere mogleg å fråvike kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget. Dersom skoleeigaren etter konkret vurdering finn at det er nødvendig, skal han kunne avgjere at ein lærar kan undervise i eit fag sjølv om han/ho ikkje oppfyller kompetansekrava. Departementet foreslo at skoleeigaren skal vere forplikta til å vurdere situasjonen på nytt minst ein gong i året.

Føresetnaden for ei slik avgjerd må vere at mangel på kvalifiserte lærarar i faget gjer det nødvendig. Skoleeigaren må prøve å oppfylle krava så langt det lèt seg gjere, f.eks. ved å omdisponere allereie tilsette lærarar i verksemda (kommunen/fylkeskommunen), eller ved å lyse ut ei stilling på nytt dersom ingen av søkjarane har den fagkompetansen skolen har behov for. Departementet presiserte at dette likevel ikkje vil innebere eit krav om å endre eller avslutte arbeidsforhold for å oppfylle krava best mogleg, og at skoleeigaren heller ikkje blir forplikta til å tilsetje fleire lærarar enn det eigentleg er behov for.

### 3.4.1.5 *Mellombels tilsetjing*

Dersom det ikkje er søkerarar som oppfyller kompetansekrava, kan andre tilsetjast mellombels, jf. opplæringslova § 10-6. Slik mellombels tilsetjing kan ikkje vare lenger enn ut det aktuelle skoleåret. Føresegnene i opplæringslova kjem i tillegg til føresegnene i arbeidsmiljølova om mellombels tilsetjing.

Dersom kravet til kompetanse for undervising skulle gjelde dei som er mellombels tilsette, ville høvet til å tilsetje mellombels ikkje vere til

<sup>2</sup> Basert på tal for skolestorleik og undervisningsårsverk i Grunnskolens informasjonssystem (GSI).

hjelp der det er mangel på kvalifiserte søkerar. Departementet foreslo derfor at den som er mellombels tilsett, ikkje skal vere omfatta av krava om kompetanse for undervisning. Det vart foreslått at dette gjeld både for dei som er tilsette mellombels etter opplæringslova § 10–6, og for dei som er tilsette melleombels etter arbeidsmiljølova, som f.eks. vikarar. Dagens lærardekning er ikkje slik at det er tilgang på utdanna lærarar til å dekkje alle vikariat som vil oppstå i løpet av eit normalt skoleår. Det ville derfor bli eit umogleg krav om krava for kompetanse for undervisning skulle gjelde alle vikarar. Skoleeigaren bør likevel jobbe for å oppfylle krava til kompetanse for undervisning så langt råd er. I høringsnotatet bad departementet særskilt om kva syn høringsinstansane hadde på om kompetansekraava for undervisning bør gjelde for mellombels tilsette.

#### 3.4.1.6 Private skolar

Private skolar godkjende etter privatskolelova må i dag halde seg til kompetansekraava i opplæringslova med forskrift (sjå 3.2.4). Departementet foreslo ingen endringar her. Det inneber at dei foreslår krava om kompetanse for undervisning, dessutan høvet til å fråvike krava dersom visse vilkår er oppfylte, også skal gjelde privatskolar. Tilsvارande gjeld dei foreslår føreseggnene om mellombels tilsette og tilsetjing på vilkår.

#### 3.4.1.7 Ikraftsetjing

I høringsnotatet foreslo departementet at det nye kravet om relevant kompetanse for å undervise skal setjast i kraft frå og med skoleåret 2014–2015. Dette heng saman med at første ordinære kull frå dei nye grunnskolelærarutdanningane vil avslutte studiet våren 2014. I St.meld. nr. 11 (2008–2009) er det gitt uttrykk for at kravet om relevant undervisningskompetanse kan innførast tidlegare i vidaregåande skole, sidan det her ikkje er foreslått endringar i utdanningane. I høringsnotatet tilrådde departementet at føreseggnene om kompetansekraav for undervisning i vidaregåande skole blir innførte med verknad frå 2012, og bad om høringsinstansane sitt syn på dette.

### 3.4.2 Høringsfråsegner

Departementet mottok 98 høringsfråsegner med merknader til forslaget om å innføre eit krav om relevant kompetanse i undervisningsfaget. Dei fleste av høringsinstansane støttar i hovudsak for-

slaget frå departementet om å innføre eit slikt krav.

I høringsperioden inviterte departementet enkelte høringsinstansar til eit felles møte for å diskutere endringsforsлага. M.a. deltok KS, privatskoleorganisasjonane, ein fylkeskommune og fire kommunar av ulik storleik. Formålet med møtet var å få betre belyst dei moglege praktiske konsekvensane forslaget kan få på skole-/kommunenivå.

Det kom inn mange merknader til forslaget frå departementet, og fleire ønskte ulike endringar til forslaget. Nedanfor vil departementet gi att nokre av høringsfråseggnene om dei ulike delane av forslaget.

#### 3.4.2.1 Innføring av eit krav om relevant undervisningskompetanse

Om lag ¾ av høringsinstansane har støtt forslaget frå departementet om å innføre eit krav om relevant kompetanse i undervisningsfaget. Alle fylkeskommunane og fleirtalet av kommunane som uttal seg, støttar forslaget.

*Oslo kommune* støttar forslaget, og meiner at forslaget til nærmare forskriftskrav bør utvidast slik at det blir stilt krav om 60 studiepoeng i norsk/samisk, matematikk, engelsk og naturfag allereie frå 1. årstrinn i grunnskolen. Oslo meiner det bør leggjast føringar for at personale med tidlegare utdanning som manglar fordjuping i norsk, matematikk, engelsk og naturfag bør oppgradere kompetansen gjennom etter- og vidareutdanning.

*Bergen kommune* støttar forslaget, og meiner at krava til både tilsetjing og undervisning på ungdomstrinnet må utvidast til å omfatte 60 studiepoeng i naturfag. På barnetrinnet bør kravet til undervisningskompetanse også omfatte engelsk.

*Utdanningsforbundet* støttar hovudretninga i forslaget om å innføre kompetansekraav for undervisning, og vil vurdere detaljane i forslaget nærmare i samband med at forskriftene blir sende på høring seinare. Det er ein føresetnad for Utdanningsforbundet at dette ikkje vil gjelde lærarar som allereie har kompetanse etter dagens reglar. På barnetrinnet meiner forbundet at nye krav ikkje må hindre at ein kontaktlærar får så mange timer i klassen at hovudansvaret for heilskapen i den faglege og sosiale utviklinga hos elevane blir teken vare på.

*Norsk Lektorlag* støttar forslaget og meiner krav til relevant undervisningskompetanse bør innførast i alle fag og på alle trinn. Lektorlaget åtvarar mot at enkelte fag blir stempla som B-fag ved at det ikkje blir stilt krav i desse faga, og mei-

ner kravet for ungdomstrinnet og vidaregåande bør vere knytt til studiepoeng i vitskapsfaget åleine, ikkje til ei blanding av dette og fagdidaktikk.

*Norsk skolelederforbund* støttar forslaget, og meiner det ikkje er formålstenleg å innføre krav i alle fag på alle trinn.

*Helse- og omsorgsdepartementet* støttar forslaget, men meiner det bør stillast krav i alle fag på alle trinn frå 5. trinn i grunnskolen. Helse- og omsorgsdepartementet påpeiker at faga kroppsøving og mat og helse er sentrale for å førebyggje sjukdom og å fremje helse, og at det derfor er særskilt viktig med kompetente lærarar i desse faga.

*Fellesrådet for kunstfagene i skolen (FKS)* støttar forslaget, men meiner alle fag må behandles likt. Det bør innførast krav i alle fag på alle trinn: 30 studiepoeng på barnetrinnet, 60 på ungdomsskolen og i vidaregående skole. FKS viser til forsking som har påvist positiv samanheng mellom deltaking i kunst- og kulturfag og utvikling i andre fag, og meiner at dei fleste kommunane har større lærarkompetanse i estetiske fag enn den dei brukar i grunnskolen, ettersom under 10 % av kulturskolelærarane har heil stilling. FKS meiner at krav til undervisningskompetanse i kunstfag vil sikre betre undervisning, gi betre tilgang på god fagkompetanse og gi arbeidstakarane større eller heil stilling.

*KS* støttar ikkje forslaget, er bekymra for at departementet ønskjer å ta frå rektorar og skoleeigarar eit viktig styringsmiddel for å kvalitetssikre opplæringa, og fryktar at tida blir brukt til å administrere formelle krav framfor å sikre god samla undervisningskompetanse på den enkelte skolen. KS meiner prinsipielt at dersom grunngivinga er å heve kvaliteten i undervisninga, må dette gjelde alle fag på alle trinn, ønskjer ei utgreiing om konsekvensar for yrkesfaga og meiner forslaget inneber særlege utfordringar for spesialundervisning, særskild språkopplæring og teiknspråkopplæring. KS meiner krav om undervisningskompetanse verken vil medføre fleire lærarar eller betre kvalifiserte lærarar og peiker på at det er mogleg at ein lærar som i ein tilsetningsprosess viser seg å oppfylle undervisningskrava, likevel kan bli rekna som ikkje personleg eigna for jobben. KS meiner vidare at Stortingets intensjon om å stille krav til fagkompetanse blir teken vare på gjennom dei nye lærarutdanningane, og at lovforslaget er unødvendig.

*Skolenes landsforbund* støttar ikkje forslaget og meiner forslaget vil medføre auka teoretisering og hindre yrkesretting av fellesfaga i vidaregåande opplæring. Vidare meiner forbundet at forslaget

vil heve talet på lærarar som blir sedde som formelt ufaglærte, og slik medføre meir negativ offentleg omtale av lærarar. Dette vil svekkje tilliten til norsk skole, og gjere det vanskeleg å rekruttere fleire til læraryrket.

*Kristne Friskolers Forbund (KFF)* støttar ikkje forslaget, men meiner tilsetjingar best blir gjorde ved ei heilsakpsvurdering og at det ikkje alltid er den formelle kompetansen i enkeltfag som bør vege tyngst. Forslaget vil kunne gjere det vanskeleg å finne kvalifiserte søkjarar. Slike problem vil slå enda sterkare ut ved privatskolar, der det som regel er tilleggskrav for å bli tilsett i undervisningsstilling. KFF meiner forslaget i ytterste konsekvens kan føre til skolenedleggingar.

*Norsk Montessoriforbund* støttar ikkje forslaget og meiner forslaget strir mot den profesjonaliseringa av rektorar og skoleeigarar som går føre seg i både offentlege og private skolar. Det kan gjerne formaliserast ei nødvendigheitsvurdering av formell kompetanse, men skolane må kunne vurdere heilsakpleg kven som er best kvalifisert. Montessoriskolane vil kunne hamne i ein situasjon der kravet om tilleggskompetanse i montessoripedagogikk må konkurrere med kravet om fagleg fordjuping.

*Steinerskoleforbundet* meiner det er ein veikskap ved forslaget at det ikkje blir drøft fleire tiltak for å styrke kvaliteten i skolen, f.eks. vidareutdanning, og viser m.a. til forsking som tilseier at ikkje berre skolefagleg og didaktisk kompetanse er nødvendig for å vere ein god lærar, men også kompetanse i klasseleiing og relasjonskompetanse. Steinerskoleforbundet meiner at det overordna ved ei kvalitetshaving av norsk skole må vere at skolane har stor fridom til å tilsetje den dei ser som best kvalifisert.

### 3.4.2.2 Omgrepet "relevant kompetanse"

Enkelte høringsinstansar har bedt departementet klargjere kva som ligg i omgrepene "relevant kompetanse". Somme peiker på fag i grunnopplæringa som er samansette av fleire fagdisiplinar (f.eks. naturfag og samfunnsfag), og meiner at lærarane da berre bør kunne undervise i det dei har kompetanse i, eventuelt at dei må ha nokon kompetanse i alle delane av faget. Andre (m.a. *Norsk Lektorlag* og *Akademikerne*) meiner det bør skiljast mellom studiepoeng i fag/fagområde og didaktikk. Enkelte høringsinstansar (m.a. *Norsk matematikkråd*) meiner at det også bør skiljast mellom ulike nivå i avgjorte studiepoeng, fordi f.eks. matematikken i lærarutdanninga og på universitetsnivå er svært ulik.

Somme høringsinstansar tek til orde for at relevant kompetanse ikkje bør vere avgrensa til formell kompetanse, men at undervisningspersonell også må kunne realkompetansevurderast. Det varierer om dei meiner dette bør knytast til pedagogisk kompetanse, fagkompetanse eller begge delar. Enkelte nemner dette særskilt for lærarar med tidlegare utdanning, slik at dei kan nytte si langvarige undervisningserfaring for å oppfylle dei nye krava til relevant undervisningskompetanse.

### 3.4.2.3 Kven kravet skal gjelde for

Etter forslaget skal kravet til relevant undervisningskompetanse ikkje gjelde dei som *for* dette kravet blir sett i kraft, har eller får kompetanse som tilfredsstiller dagens kompetansekrav. Dei fleste av høringsinstansane som har merknader til dette, støttar forslaget.

*Utdanningsforbundet* og *Unio* skriv at dei

"mener det er en forutsetning at en følger praksis fra tidligere endringer i kompetansekravene for tilsetting, ved at de nye lov- og forskriftskravene ikke gjøres gjeldende for lærere som har godkjent kompetanse etter tidligere regler."

*NHO* skriv at dei er

"opptatt av at de nye reglene skal være praktisk gjennomførbare. Det må påregnes noe overgangstid mellom gammelt og nytt regime. Dette mener NHO imidlertid er godt ivaretatt gjennom de mange unntaksbestemmelsene som departementet foreslår."

Enkelte høringsinstansar meiner det ikkje bør vere eit permanent unntak for lærarar med tidlegare utdanning, men at unntaket bør knytast til ein tidsfrist. Dette gjeld f.eks. *Norsk Lektorlag*, som skriv:

"Norsk Lektorlag mener at de overgangs- og unntaksordninger som departementet foreslår, svekker intensjonen om at lærere faktisk skal ha relevant utdanning i alle fag de underviser i. Norsk Lektorlag mener derfor at overgangsordningen bør knyttes til en gitt tidsfrist, for eksempel på fem år, slik at skoleiere i løpet av denne fristen må sørge for nødvendig kompetanseheving i eget personale."

Etter høringsforslaget skal kravet om relevant undervisningskompetanse ikkje gjelde mellombels tilsette, verken dei som er tilsette etter § 10–6 eller dei som er tilsette i vikariat. Eit fleirtal av dei høringsinstansane som har merknader til dette, støttar forslaget. *KS* meiner

"at kravet til kompetanse ikke skal gjelde for midlertidig ansatte. Dette gjelder både i de tilfeller skolen ikke har tilgang på kvalifiserte søker til faste stillinger og i vikarsituasjoner. Konsekvensen av et eventuelt kompetansekrav vil jo være at elevene ikke får undervisning."

Somme høringsinstansar meiner at krava om relevant kompetanse i undervisningsfaget også bør gjelde mellombels tilsette.

### 3.4.2.4 Høve til å fråvike kravet om relevant undervisningskompetanse

For at det skal vere mogleg å gjennomføre opplæringa også der det ikkje lèt seg gjere å finne ein lærar med rett fagkompetanse, foreslo departementet at det skal vere mogleg å fråvike kravet om relevant undervisningskompetanse dersom dette er nødvendig. Det vart foreslått ein eigen regel for skolar med små ungdomstrinn, for ikkje å gjere det samla regelverket for tidkrevjande for sektoren.

Dei fleste av dei høringsinstansane som har gitt særskilde kommentarar til dette, støttar i hovudsak forslaget frå departementet.

*KS* meiner at eventuelle kommuneplikter i forslaget må vere tydelege, og enkelte av dei kommunane som har uttalt seg, er opptekne av at det ikkje må bli tungvint å praktisere unntaksordningane. *Helse- og omsorgsdepartementet* meiner at skoleeigarane bør forpliktast til å vurdere situasjonen oftare enn éin gong i året. *Norsk Lektorlag* foreslår at skoleeigarane blir pålagde å informere innbyggjarane i kommunen om kompetansesituasjonen på dei ulike fag og trinn på skolane i kommunen.

*Landslaget for matematikk i skolen* støttar ein særleg regel for skolar med små ungdomstrinn, og meiner at det er heilt nødvendig for å unngå auka skolesentralisering. *Utdanningsforbundet* peiker på at dette kan føre til ei oppfatning om at små skolar ikkje er fullverdige, men at dei, etter ei samla vurdering, er komne til at det er fornuftig med ein eigen regel for skolar med små ungdomstrinn for å forenkle saksbehandlinga. Andre meiner departementet bør vurdere å heve grensa for små ungdomstrinn, slik at fleire skolar kan nytte

seg av dette, og *Kristne Friskolers Forbund* meiner det bør vere ei tilsvarende ordning for små vidaregåande skolar. *Utdanningsdirektoratet* stiller spørsmål ved om kombinerte skolar med små ungdomstrinn bør vere omfatta av regelen, ettersom desse skolane normalt vil ha større lærarressursar enn dei små ungdomsskolane.

#### 3.4.2.5 Andre merknader til forslaget

Fleire høringsinstansar, m.a. nokre av dei kommunane som har uttalt seg, meiner at innføring av krav til relevant undervisningskompetanse må følgjast av auka satsing på etter- og vidareutdanning. Enkelte av høringsinstansane meiner at forslaget heng saman med etter- og vidareutdanning på ein slik måte at forslaget vil måtte ha økonomiske konsekvensar. Dette gjeld m.a. *Utdanningsforbundet*, *Norsk Skolelederforbund* og *LO*. Somme høringsinstansar meiner forslaget vil kunne medføre auka lønnskostnader, ettersom lærarar med høgare kompetanse inneber auka kostnader, og sidan fleire lærarstudentar no tek masterutdanning.

Somme høringsinstansar fryktar at forslaget vil føre til auka bruk av deltidsstillingar. Dette gjeld m.a. *Utdanningsforbundet*, *LO*, *Skolenes landsforbund*, *Kristne Friskolers Forbund*, *Fylkesmannen i Østfold* og fleire kommunar.

Andre har peikt på at bruken av mellombels tilsetjing vil auke, dette gjeld m.a. *Norsk Montessoriforbund* og *Kristne Friskolers Forbund*. *Utdanningsforbundet* og *Unio* meiner at bruken av mellombels tilsetjing bør følgjast opp gjennom statlege tilsyn. *NHO* og *Fylkesmannen i Hedmark* ønskjer at departementet vurderer høvet til å regulere bruken av mellombels tilsetjing, ved å setje ei øvre grense for kor stor prosentdel av dei tilsette som desse kan utgjere, eller for talet på mellombelse tilsetjingar på rad per person.

Enkelte kommunar meiner at forslaget vil gi meir kompliserte tilsetjings- og planleggingsprosessar. Dei peiker på at tilsetjingsprosessane hos dei er delegerte til skolenivå, og at forslaget inneber at skoleeigaren må overta vurderinga av fagkompetanse. *KS* meiner at departementet undervurderer dei administrative konsekvensane, og uttaler:

"KS er opptatt av at skoler og kommuner/fylkeskommuner både bruker og skal bruke tid på at skolene får kvalifiserte lærere. KS er likevel bekymret for at det skal gå med mye unødig tid til å få formelle kabaler til å gå opp. KS støtter departementets vurdering i at de nye kra-

vene vil innebære mer kompliserte planleggings- og tilsettingsprosesser. Hvor stort dette merarbeidet blir, er det vanskelig å estimere. KS slutter seg derfor ikke til departementets vurdering av at de administrative kostnadene vil bli små. KS ser for seg at enkelte kommuner kan få store problemer med både sin samlede lærerkompetanse og kompetansen på den enkelte skole, og at det vil bli lagt ned mye arbeid både i å få tak i lærere med relevant kompetanse, få riktig kompetanse på hver enkelt skole og å vurdere bruk av unntaksstemmelser."

Somme høringsinstansar deler intensjonane i forslaget, men peiker på at det blir vanskeleg å gjennomføre i praksis. *Fylkesmannen i Hedmark*, *Fylkesmannen i Oppland* og *Nordland fylkeskommune* peiker på at det vil vere vanskeleg for mange av skolane i dei respektive fylka å etterleve dei nye krava. Andre peiker på at det i enkelte distrikt vil vere langt mellom skolane og lite aktuelt å dele lærarkrefter, og at det å måtte undervise på fleire skolar i seg sjølv er lite attraktivt for lærarar og derfor vil kunne medføre rekrutteringsproblem.

*Skolenes landsforbund*, *Kristne Friskolers Forbund* og *Landslaget for nærmiljøskolen* meiner forslaget kan føre til auka skolesentralisering.

## 3.5 Vurderingar og forslag frå departementet

Læraren er den påverknadskjelda som har mest å seie for skoleprestasjonane til elevane – bortsett frå elevane sjølve og heimane deira. Den betydning fagkompetansen hos lærarane har for læringa hos elevane er dokumentert i fleire studiar. Forskinsresultat er relativt eintydige når det gjeld kva kompetansar hos læraren som er viktige for læringa hos eleven. Både kunnskapoversikter og enkeltstudiar peiker på at solid fagkompetanse, kombinert med evne til å formidle faget, leie undervisningsarbeidet og inngå i ein god relasjon til elevane, fremjar læringa hos elevane. Ei stor amerikansk undersøking viser m.a. at ukvalifiserte og lærarar med manglande eller svak kompetanse var den mest negative faktoren for elevresultata.<sup>3</sup>

Den tidlegare allmennlærarutdanninga vart hausten 2010 erstatta med to nye grunnskolelær-

<sup>3</sup> Nærmore omtale av forskingsresultat er gitt i St.meld. nr. 11 (2008-2009) *Læreren – rollen og utdanningen* og St.meld. nr. 31 (2007-2008) *Kvalitet i skolen*.

arutdanningar som skal gi lærarstudentane eit styrkt pedagogisk og fagleg grunnlag. For at den pedagogiske spesialiseringa og faglege fordjupinga hos lærarane skal komme elevane til gode, bør kompetansekrava i skolen også knytast direkte til det å undervise. Dette vil medverke til at dei som underviser, har relevant fagkompetanse i tillegg til ein pedagogisk og fagdidaktisk kompetanse som er retta til dei aktuelle årstrinna. Departementet meiner derfor at opplæringslova bør endrast slik at kompetansekrava til lærarar kan knytast direkte til dei skolefaga dei underviser i, ikkje berre til det å bli tilsett som lærar. Dei fleste høringsinstansane har vore positive til ei slik endring. Mange høringsinstansar har hatt merknader til forslaget frå departementet. Nedanfor vil departementet sjå nærmare på nokre av høringsfråsegnene, og komme med nærmare vurderingar av dei ulike delane av lovendringsforslaget.

I det forslaget som vart sendt til høring, foreslo departementet å endre gjeldande § 10–1 slik at denne også skulle omfatte eit krav om relevant kompetanse i undervisningsfag. For å gjere kapittel 10 i lova meir oversiktleg, meiner departementet at ei betre plassering for kravet er § 10–2, som i dag ikkje er i bruk. Det er også gjort enkelte andre lovtekniske og språklege endringar i det forslaget som vart sendt til høring. Der dette også inneber ei endring av realiteten i forslaget, vil det bli nærmare kommentert.

### **3.5.1 Krav for tilsetjing og krav for undervisning**

Forslaget inneber at det framover vil gjelde to typar kompetansekrav i skolen: Kompetansekrav for å kunne bli *tilsett i undervisningsstilling*, og kompetansekrav for å kunne *undervise i ulike fag på ulike årstrinn*. Ein person som ønskjer å jobbe som lærar og undervise i for eksempel norsk og musikk på ungdomstrinnet, må derfor først oppfylle eitt av dei meir generelle krava til utdanning for å bli tilsett i undervisningsstilling på ungdomstrinnet, og i tillegg oppfylle kravet om relevant fagkompetanse i norsk og musikk for å kunne undervise i desse faga.

Det foreslårte kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget vil berre regulere forholdet etter at ein er tilsett. Dersom ein søker oppfyller *tilsetjingskrava*, men ikkje oppfyller det foreslårte kravet om relevant undervisningskompetanse i alle dei faga som vedkommande etter planen skal

undervise i, skal søkeren (som i dag) bli tilsett i vanleg, fast stilling som lærar fordi han oppfyller tilsetjingskrava. Eit nytt krav om relevant undervisningskompetanse vil ikkje vere til hinder for fast tilsetjing i slike situasjonar. Det vil likevel vere til hinder for at den som blir tilsett i fast stilling som lærar, kan undervise i dei faga han manglar tilstrekkeleg fagkompetanse i.

Sjølv om det er tilsetjingskrava i lov og forskrift som regulerer kven som kan tilsettast, meiner departementet at skoleeigaren ved utsyn og tilsetjing må vurdere kva for fag stillinga tek sikte på å dekkje, og ta omsyn til kva krav som er stilte for å kunne undervise i desse faga. Der det ikkje melder seg søkerar med rett fagkompetanse, bør ein vurdere om stillinga skal lysast ut på ny.

Der det er fleire søkerar som oppfyller tilsetjingskrava, skal det etter gjeldande rett m.a. leggjast vekt på det undervisningsbehovet stillinga skal dekkje, jf. opplæringslova § 10–5. Men skoleeigaren skal også vurdere kor kvalifiserte søkerane elles er for stillinga. Dette er ikkje foreslått endra.

Departementet har vurdert om eit nytt krav om relevant kompetanse i undervisningsfag kunne erstatte dei gjeldande tilsetjingskrava, for slik å forenkle regelverket om kompetanse. Det er likevel behov for at opplæringslova og den tilhørende forskriften må stille grunnleggjande tilsetjingskrav for alle undervisningsstillingar. Det er viktig å sørge for at lærarar har tilstrekkeleg pedagogisk kompetanse, og at dei har ei utdanning av eit slikt omfang som er ønskjeleg i norsk skole. Dette er noko meir enn det som vil bli foreslått som minstekrav for å kunne undervise i ulike fag. Vidare opnar dagens regelverk for at lærarar med ulik utdanningsbakgrunn kan bli tilsette i skolen, og dersom dei nye krava skulle vise til alle desse utdanningane på same måten som dagens tilsetjingsreglar gjer, ville krava bli svært omstendelege.

Forslaget frå departementet inneber dessutan at det ikkje alltid vil bli stilt eit krav om relevant undervisningskompetanse. Kravet vil ikkje nødvendigvis omfatte alle fag i skolen, og det vil heller ikkje omfatte alle tilsette. Dette blir nærmare forklart nedanfor. Det er derfor viktig å halde fast ved krava for å kunne bli tilsett i undervisningsstilling. Det å oppfylle desse krava vil framleis vere utgangspunktet for å kunne arbeide som lærar i grunnopplæringa.

### 3.5.2 Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag

Departementet foreslår å lovfeste eit krav om at den som skal undervise i eit fag, må ha relevant kompetanse i dette faget. Departementet meiner at eit slikt krav om relevant kompetanse i undervisningsfaget vil gi elevane undervisning av høgare fagleg og pedagogisk kvalitet enn tidlegare.

#### 3.5.2.1 Omgrepet "relevant kompetanse"

Ved innføring av eit krav om relevant kompetanse i undervisningsfag er det naturleg at omgrepet "relevant kompetanse" skal forståast på same måten som ved dagens krav for tilsetjing i undervisningsstilling. Fleire av dei gjeldande tilsetjingskrava i forskrifter til opplæringslova stiller krav om "relevant utdanning" i eit fag/fagområde. Dette inneber i dag at skoleeigaren sjølv må avgjere og ta ansvar for kva som skal sjåast som fagleg relevant. Departementet har tidlegare gjort greie for dette i m.a. rundskriv F-025-03. Dette er ikkje foreslått endra, og departementet meiner at praksis bør vere lik ved innføring av krav om relevant kompetanse i undervisningsfag. Dei nærmare reglane vil derfor innebere krav om eit visst tal studiepoeng som er relevante for undervisningsfaget. Etter departementet si vurdering er det ikkje ønskjeleg med ei meir detaljert statleg regulering av kva for utdanningar som skal kunne brukast i kva fag og på kva trinn. Dette gjer også krava i lov og forskrift meir fleksible, ettersom det ikkje vil vere nødvendig med regelverksendringar når det blir gjort mindre endringar i dei mange ulike utdanningane som kan gi undervisningskompetanse. Etter forslaget vil det derfor vere skoleeigaren sitt ansvar å vurdere kva studiepoeng som skal vere relevante for å undervise i det aktuelle faget på det aktuelle trinnet. Dette samsvarer med korleis relevansomgrepet er brukt i dagens reglar om tilsetjing, og inneber også at eit fag ikkje nødvendigvis må samsvare nøyaktig med eit undervisningsfag for å kunne bli vurdert som relevant. Feks. vil skoleeigaren kunne vurdere om ei ingeniørutdanning kan seiast å innehalde tilstrekkeleg mange studiepoeng som er relevante for å undervise i matematikk. Departementet meiner slike konkrete vurderingar framleis bør gjerast lokalt.

Somme høringsinstansar har teke til orde for at relevant kompetanse ikkje bør vere avgrensa til formell kompetanse, men at også undervisnings-erfaring, erfaring frå andre delar av yrkeslivet og/eller annan type praksis bør kunne bli vurdert.

Departementet vil peike på at bakgrunnen for forslaget er eit mål om å auke den delen av lærarane som har fagleg fordjuping i dei faga dei underviser i. Det vil ikkje bli vurdert andre typar kompetanse no. Lovheimelen er likevel ikkje avgrensa til å gjelde formell kompetanse, men opnar for at det seinare kan vurderast om også andre typar kompetanse kan takast inn som alternative krav til formalkompetanse i forskriftera.

#### 3.5.2.2 Det nærmare innhaldet i kravet for ulike fag på ulike årstrinn

Høringsforslaget gjekk ut på at det nærmare innhaldet i krava vil bli fastsett i forskrift. Ifølgje forslaget til lovtekst frå departementet skulle det likevel ikkje kunne fastsetjast slike krav i andre fag enn norsk/samisk og matematikk på årstrinn 1–7. For å gi eit heilskapleg bilet av regelendringsane vart det, som beskrive under 3.4.1, informert om kva forskriftskrav det seinare var planlagt å sende til høring.

Fleire høringsinstansar har ønskt at det skal stillast krav i fleire fag og/eller på fleire trinn enn det departementet har foreslått, eller dei har bedt departementet vurdere dette nærmare. Det varierer kva fag/trinn dei har ønskt at ei utviding bør omfatte. Fleire har også ønskt at kravet skal gjelde alle fag og alle trinn. Enkelte høringsinstansar støttar forslaget under den føresetnad at krava ikkje blir meir omfattande enn forslaget tilseier. Andre har uttalt at dei ikkje ønskjer ei utvikling mot eit faglærarsystem på kostnad av kontaktlæraren.

Ettersom dei nærmare krava skal fastsetjast i forskrift – og ei slik forskriftsendring føreset ei eiga høring – ser departementet det ikkje som formålstenleg å behandle dette inngåande her. Men høringsfråsegnene viste at det er ulike oppfatningar av kor omfattande dei foreslårte krava bør vere, både ut frå kva kompetanse som er vurdert nødvendig og ønskjeleg og ut frå kva som blir sett på som realistisk å kunne gjennomføre. Etter departementet si vurdering gir høringsfråsegnene samla sett ikkje grunn til å gjere større endringar i det forslaget til nærmare forskriftskrav som det vart informert om i høringsnotatet. Departementet meiner derfor at det bør sendast til høring eit forslag om forskriftsføresegner som i stor grad fell saman med det som gjekk fram der: 30 relevante studiepoeng for å undervise i norsk/samisk og matematikk på barnetrinnet (1.–7. årstrinn); 60 relevante studiepoeng for å undervise i norsk/samisk, matematikk og engelsk og 30 relevante studiepoeng i dei fleste faga elles på ungdomstrin-

net (8.–10. årstrinn); og 60 relevante studiepoeng for å undervise i dei fleste fag i vidaregåande skole. Ifølgje høringsnotatet skulle kompetansekrav i faget samisk berre gjelde samisk som førsespråk. For å sørge for likebehandling av norsk og samisk vil det bli foreslått at også samisk som andrespråk blir omfatta.

For enkelte spesielle fag, som prosjekt til fordjuping og utdanningsval, er det, som antyda i høringsnotatet, ikkje like naturleg å fastsetje kva som eventuelt skulle utgjere relevant undervisningskompetanse. Departementet meiner det er enkelte fag i grunnopplæringa der eit krav om relevant kompetanse i undervisningsfaget ikkje eignar seg like godt. Dette gjeld f.eks. fag som ikkje er tilbodne som fag ved lærarutdanningane eller på universitetet, og ein må ta høgd for at det framover kan vere ønskjeleg å endre fag- og timefordelinga for å inkludere fag som ikkje er mellom faga i skolen i dag. Departementet meiner derfor at lovendringsforslaget må opne for at det i forskrift kan fastsetjast at det ikkje skal stillast slike særlege kompetansekrav for å undervise i enkelte fag.

Ein slik heimel vil også gjere det mogleg å fastsetje i forskrift at kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget berre gjeld faga norsk/samisk og matematikk for årstrinna 1–7. Det er derfor ikkje nødvendig at dette går fram av lovforeseagna, og forslaget til lovtekst er justert i samsvar med dette. Dette medfører dessutan at der som det seinare skulle vere ønskjeleg å fastsetje krav også i dei andre faga på årstrinna 1–7, kan dette gjerast utan å leggje fram lovendringsforslag. Departementet understrekar at dei generelle krava for å kunne bli *tilsett* som lærar framleis vil gjelde, sjølv om det ikkje blir stilt krav om relevant fagkompetanse for å kunne undervise i eit fag.

I høringsnotatet skreiv departementet også at det må vurderast i forskriftsarbeidet om det er behov for særskilde ordningar for yrkesfag. Enkelte høringsinstansar har bedt om at det blir gjort nærmare greie for kva konsekvensar dei foreslår krava vil ha for yrkesfag, og for forholdet mellom innføring av nye kompetansekrav og behovet for at opplæringa blir yrkesretta. Forskrifta til opplæringslova § 14–3 b) set i dag krav til den som skal bli tilsett i undervisningsstilling i yrkesfag i vidaregåande skole. Ved innføring av eit slikt krav som lovforslaget omhandlar, vil det i tillegg bli innført krav om ein viss fagkompetanse for å kunne gi undervisning i eit fag. Dette vil også gjelde yrkesfaglege utdanningsprogram i vidaregåande skole, og etter departementet si vurdering står høg fagleg kompetanse hos lærarane sentralt

for å sikre at elevane får ei best mogleg yrkesretta opplæring. Etter forslaget frå departementet vil det vere høve til å gjere unntak for fag der slike krav ikkje er like godt eigna. Dette vil måtte vurderast nærmare i forskriftsarbeidet, også for fag som inngår i yrkesfaglege utdanningsprogram.

Kravet til relevant fagkompetanse knyter seg til faget det blir gitt undervisning i, ikkje til språket eller kommunikasjonsforma slik opplæring blir gitt ved hjelp av. Det er derfor ikkje naturleg i denne samanhengen å innføre særlege krav om kompetanse i teiknspråk, punktskrift eller alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) der opplæringa skjer ved hjelp av desse. Eit forslag om slike kompetansekrav har heller ikkje vore til høring. Annleis er det der opplæringa i språket/kommunikasjonsforma utgjer ein sentral del av sjølve skolefaget. Departementet vil derfor foresla krav om relevant kompetanse også i faget norsk teiknspråk når nye forskriftsføresegner blir sende til høring. Departementet understrekar at skoleeigaren i alle tilfelle har ansvar for å arbeide for best mogleg tilpassa opplæring og for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda.

### 3.5.2.3 Kven kravet skal gjelde

Departementet meiner at kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaga skal gjelde dei som blir ferdig utdanna som lærarar etter at den nye lovforeseagna bli sett i verk. Det betyr m.a. at det første ordinære kullet frå dei nye grunnskolelærarutdanningane blir omfatta av kravet. Kravet vil gjelde for alle som opparbeider seg tilstrekkeleg kompetanse for å bli tilsett i undervisningsstilling etter at kravet blir sett i kraft. Det inneber vidare at ingen av dei lærarane som jobbar i skolen i dag, må slutte å undervise i eit fag sjølv om dei skulle mangle formell kompetanse i dette faget. Departementet meiner motsett løysing ville vere urimeleg for den enkelte lærar, og gjere det svært vanskeleg for skoleeigaren. Den foreslalte løysinga er også i samsvar med dei reglane som gjeld for tilsetjing, jf. forskrifter til opplæringslova § 14–9. Føresetnaden for ikkje å bli omfatta av dei nye krava er at ein har oppnådd nødvendig kompetanse for å bli tilsett i undervisningsstilling før dei nye reglane blir sett i kraft. For å likestille alle med allmennlærarutdanning meiner departementet at også dei få allmennlærarane som blir utdanna etter ikraftsetjinga, ikkje skal vere omfatta av dei nye krava.

Konsekvensen av forslaget er at dei nye krava vil bli innførte over tid, etter kvart som nye lærarar blir utdanna og begynner å undervise i skolen.

Det kan hevdast at innføringa av eit krav om relevant kompetanse i undervisningsfag på denne måten skjer for langsamt. På den andre sida vil det gi både skoleeigarane og lærarane tid til å innrette seg etter dei nye krava. I mellomtida er det uansett viktig at skoleeigarane tek omsyn til den fagkompetansen alle lærarane har ved planlegginga av skoleåret, og rettar merksemda mot det det har å seie at ein har god fagkompetanse i all undervisning.

Departementet vil også minne om den omfattande satsinga på etter- og vidareutdanning som har skjedd sidan 2009 gjennom strategien *Kompetanse for kvalitet*. Det er brukt betydelege midlar frå nasjonale og lokale utdanningsstyremakter for å styrke den faglege kompetansen hos lærarane, og strategien er no underskriven av partane for ein ny periode fram til 2015. Vidareutdanninga skal medverke til å redusere den delen av lærarane som har låg formell fagleg fordjuping i dei faga dei underviser i. Strategien skal også ha lokal forankring og tek utgangspunkt i kartlagde behov for vidareutdanning. Lærarutdanningsinstitusjonane i kvar region skal samarbeide om utvikling av tilbod. Det er viktig at både skoleeigarar og lærarar sluttar opp om strategien, og at lærarar som allereie er i skolen, på den måten får styrkt sin kompetanse i undervisningsfaga. På sikt er det ønskjeleg at alle lærarar får den fagkompetansen som forskriftskrava tilseier i dei faga dei underviser i. Skoleeigar kan m.a. utnytte vidareutdanningsstrategien for å styrke kompetansen hos dei lærarane som ikkje er omfatta av krava, i ei slik retning.

Departementet meiner vidare at kravet skal gjelde dei som arbeider fast i skolen. Opplæringslova § 10–6 opnar for at ein ukvalifisert søker kan tilsetjast mellombels i undervisningsstilling, der som det ikkje finst søkerar som oppfyller tilsetjingskrava. Den mellombelse stillinga kan ikkje vere lenger enn til 31. juli. Ettersom den mellombelse tilsetjinga føreset at den det gjeld ikkje oppfyller kompetansekrava for å bli tilsett, meiner departementet at kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget ikkje bør gjelde denne gruppa. Det vil kunne vere mellombels tilsette som oppfyller kravet for å undervise i enkelte fag, sjølv om dei ikkje har ei utdanning av eit slikt omfang at dei kan tilsetjast fast som lærar. Det er likevel grunn til å tru at mellombels tilsette ikkje vil kunne oppfylle krava i svært mange tilfelle, og at skoleeigar derfor vil måtte vurdere om det er nødvendig å fråvike krava. (Sjå 3.5.5 om det høvet skoleeigar har til å gjere dette). For ikkje å gjere regelverket unødvendig komplisert og tid-

krevjande for skoleeigar, foreslår departementet derfor at mellombels tilsette ikkje skal vere omfatta av kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget. Av same årsak vil ikkje kravet gjelde dei som er tilsette på det vilkår at dei fullfører påbyrja utdanning. Også ved slike tilsetjingar er det ein føresetnad at det ikkje er kvalifiserte søkerar til den utlyste stillinga. På grunn av sjukdom, permisjon e.l. kan det i tillegg vere nødvendig å tilsetje vikarar etter arbeidsmiljølova § 14–9. Lærardekninga er i dag ikkje slik at det er tilgang på fullt utdanna lærarar til å dekkje alle vikariat som vil oppstå i løpet av eit normalt skoleår. Også her må ein rekne med at skoleeigar i stor grad må vurdere om det er nødvendig å fråvike kompetansekrava, og departementet foreslår derfor at vikarar ikkje skal vere omfatta av kravet.

### 3.5.2.4 Omfanget av mellombels tilsetjing og bruk av deltidstillingar i skoleverket

Departementet er samd med dei høringsinstansane som har påpeikt at det er uheldig med eit stort tal mellombels tilsette i skolen, og at det er viktig at skoleeigar arbeider for at alle elevar skal få opplæring av kvalifiserte lærarar. Å setje grenser for bruken av mellombels tilsetjing er likevel eit stort og samansett tema, og eit slikt forslag har ikkje vore til høring. Regelverket må i alle tilfelle ta omsyn til at det ikkje alltid er mogleg å få tak i kvalifiserte søkerar, og at dette er eit større problem i enkelte av kommunane i landet enn i andre. Departementet vil derfor ikkje no gå inn for at lova skal setje ei grense for kor mange mellombels tilsette ein skole kan ha, eller for kor mange år ein skole kan ha mellombels tilsette, slik enkelte høringsinstansar har teke til orde for. Det er likevel skoleeigar sitt ansvar å jobbe for å få søkerar med rett kompetanse, og å sørge for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda, jf. opplæringslova § 10–8.

Somme høringsinstansar er urolege for at eit krav om å ha relevant kompetanse i dei faga ein underviser i, vil medføre ein auke i talet på deltidstillingar og mellombelse tilsetjingar. Departementet kan ikkje sjå at lovendringa vil få slike følgjer. Vilkåra for å kunne tilsetje mellombels etter opplæringslova § 10–6 vil vere dei same som tidlegare. Dersom det er søkerar som oppfyller tilsetjingskrava (§ 10-1 og tilhøyrande forskriftsforskrifter), vil det ikkje vere høve til å tilsette nokon i mellombels stilling etter § 10-6. Departementet viser til det som står om forholdet mellom krav for tilsetjing og krav for undervisning i kapittel 3.5.1. Ordlyden i § 10–6 er foreslått endra for at det skal

gå klart fram at det berre er tilsetjingskrava som er avgjerande for om det er mogleg å tilsetje mellombels. Kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaga vil altså ikkje opne for utvida bruk av mellombelse tilsetjingar. Der det er mangel på lærarar som oppfyller dette kravet, må skoleeigaren i staden vurdere om det er nødvendig å fråvike kravet (sjå kapittel 3.5.5). Bruk av heiltids- eller deltidsstillingar i skolen er overlate til partane i arbeidslivet, og ikkje regulert i opplæringslova. Ettersom skoleeigaren har fått høve til å fråvike krava i tilfelle mangel på rett kompetanse, meiner departementet at lovendringa i seg sjølv ikkje gir grunn til å auke delen av deltidsstillingar i skolen.

### **3.5.3 Kompetansekraav ved spesialundervisning**

I høringsnotatet vart det ikkje foreslått noka særskild føresegn for spesialundervisning. Kravet til undervisningskompetanse skulle såleis gjelde for spesialundervisning på same måten som for anna undervisning. Dette vart ikkje nærmare problematisert i høringsnotatet.

KS har komme med eit høringsinnspel der forbundet seier at eit slikt krav om undervisningskompetanse i fag inneber særlege utfordringar når det gjeld spesialundervisning. Forbundet peiker på at dei behov elevane har, mengda og typen av spesialundervisning vil vere avgjerande for kva kompetanse som er relevant. KS meiner det er umogleg å regulere dette ved generelle lovføresegner. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag og UiO har lagt fram at det bør vurderast/krevjast både relevant fagkompetanse og spesialpedagogisk kompetanse for spesialundervisning. Problemstillingar rundt krav til undervisningskompetanse for spesialundervisning var dessutan tema på høringsmøtet i departementet.

Departementet meiner det er eit viktig utgangspunkt at dei ordinære krava om relevant kompetanse i undervisningsfaget også skal gjelde for spesialundervisning. I Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap* viser departementet til forsking som dokumenterer klar samanheng mellom den fagkompetansen ein set inn i spesialundervisninga og det læringsutbyttet elevane sit igjen med. Meldinga konkluderer med at fagkompetanse er ein viktig føresetnad for å redusere brukstida og forbetre resultata av spesialundervisninga. Kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget bør derfor gjelde som hovudregel, her som elles.

#### **3.5.3.1 Enkeltvedtak om spesialundervisning fra lærarar utan undervisningskompetanse i faget**

Sjølv om hovudregelen er at kravet til relevant kompetanse i undervisningsfaget også skal gjelde for spesialundervisning, meiner departementet at det er behov for å opne for at det etter konkret vurdering kan gjerast unntak frå kravet i enkeltvedtaket om spesialundervisning. Dette har samanheng med at spesialundervisning varierer i omfang og innhald.

Etter tal fra Grunnskolens informasjonssystem (GSI) har gjennomsnittleg 8,6 % av elevane i grunnskolen vedtak om spesialundervisning. Av desse har 6,5 % vedtak om spesialundervisning med undervisningspersonell i 1–2 t. i veka, 64,8 % vedtak om spesialundervisning i 3–7 t i veka, medan 22,0 % har 8 eller fleire timer i veka med spesialundervisning. Den resterande gruppa har vedtak om spesialundervisning utan at det inkluderer timer med undervisningspersonell. Spesialundervisning omfattar alle som har vedtak om at dei skal ha ei form for særskild tilrettelegging fordi dei ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. Dette kan variere frå særleg støtte i eitt eller fleire fag til trening i gjeremåla i daglelivet. Kva slags fagkompetanse ein lærar må ha for å kunne gi eleven godt læringsutbytte, vil derfor variere med dei faglege og personlege behova hos eleven knytte til dei måla som kjem til uttrykk i den individuelle opplæringsplanen. I dei fleste tilfella er god fagkompetanse like viktig her som elles. I andre tilfelle kan ein særskild spesialpedagogisk kompetanse vere vel så viktig. For somme elevar vil det ha mykje å seie å unngå hyppige lærarbytte.

Dei generelle reglane som her blir foreslått om krav til relevant kompetanse i undervisningsfaget, vil i forskrifta til opplæringslova bli knytte til årstrinn. Kva slags kompetanse ein lærar bør ha for spesialundervisning, treng likevel ikkje alltid å knyte seg til kva årstrinn eleven går på, men kan vere avhengig av innhaldet i den individuelle opplæringsplanen dersom det er gjort avvik frå kompetansemåla i dei alminnelege læreplanane. Enkelte av elevane kan dessutan ha særlege behov for tryggleik og stabilitet som gjer at dei så langt mogleg bør bli følgde tett av same lærar, sjølv om det skulle innebere at krava til undervisningskompetanse ikkje blir følgde fullt ut i alle dei aktuelle faga. Dei generelle høva for skoleeigaren til å fråvike krava der det er nødvendig på grunn av mangel på kompetanse, vil ikkje opne for å gjere unntak frå krava på bakgrunn av eleven sine

behov eller innhaldet i den individuelle opplæringsplanen.

For å kunne ta slike individuelle omsyn til behova hos elevane, og fordi spesialundervisninga har eit så varierande innhald, meiner departementet at det bør vere mogleg å fråvike hovudregelen om at lærarar skal ha relevant kompetanse i det faget dei underviser i. Departementet meiner at det ut frå ei konkret vurdering av eleven og den aktuelle spesialundervisninga bør kunne fastsetjast i vedtaket om spesialundervisning at kravet kan fråvikast og/eller kva slags kompetanse som trengst. Departementet meiner det er naturleg at dette inngår i den vurderinga som blir gjord av PP-tenesta i framkant av eit vedtak. Eit unntak skal ikkje ha økonomiske årsaker, men må grunngivast ut frå fagleg-pedagogiske årsaker, slik tilfellet er for avvik frå læreplanverket etter dagens reglar.

Også kompetansesituasjonen i skolen tilseier at det kan vere behov for å kunne fråvike kravet om undervisningskompetanse dersom innhaldet i den individuelle opplæringsplanen tilseier dette. Innspel på høringsmøtet tydde på at krav om undervisningskompetanse ved all spesialundervisning vart oppfatta som urealistiske. Dersom det ikkje hadde vore mogleg å vurdere dette i samanheng med enkeltvedtaket, var innspela at ein sannsynleg konsekvens er at kompetansekraava ville bli fråvikne i stor grad. Etter departementet si vurdering er dette uheldig. Fråvik etter dei generelle reglane skal vere unntaksføresegner vurderte på grunn av andre forhold enn dei konkrete vurderingane som ein spesialundervisningssituasjon tilseier.

Departementet foreslår såleis at det i kapittel 5 om spesialundervisning i opplæringslova blir teke inn ei føresegn i ny § 5–5 tredje ledd som opnar for at kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget kan fråvikast etter ei konkret vurdering av eleven og den aktuelle spesialundervisninga. Dette inneber altså at det i eit enkeltvedtak kan vedtakast at ein tilsett lærar ikkje treng oppfylle det ordinære kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget. Etter departementet si vurdering tilseier omsynet til rettstryggleiken for elevane at eventuelle unntak bør gjerast gjennom enkeltvedtak. Det skal uansett ligge føre eit enkeltvedtak om spesialundervisning etter dagens reglar, og det er naturleg at innhaldet i spesialundervisninga og kompetansebehovet blir vurdert og avgjort samla. Ettersom unntak etter § 5–5 tredje ledd må fastsetjast i enkeltvedtak, vil elevane eller deira føresette ha rett til å påklage avgjerdna. Det vil gi dei eit høve til å klage som dei

ikkje vil ha dersom skolen bruker det generelle tilgjengenget til å fråvike krava der dette er nødvendig.

### 3.5.3.2 Krav om spesialpedagogisk kompetanse

Enkelte høringsinstansar har uttalt at det bør vere eit krav om spesialpedagogisk kompetanse i tillegg til kravet om relevant fagkompetanse.

Ved innføringa av ny grunnskolelærarutdanning vart det utarbeidd eit nytt og utvida pedagogikkfag: Pedagogikk og elevkunnskap (PEL). I dette faget inngår tema som tradisjonelt har vore lagde til spesialpedagogikken, slik at dei nye grunnskolelærarane både skal kunne fange opp og følgje opp elevar med behov for særskild hjelp og støtte i opplæringa. Faget er det einaste obligatoriske faget i dei to nye grunnskolelærarutdanningane. I tillegg er det mogleg å velje faget spesialpedagogikk på 30 studiepoeng i det fjerde året i lærarutdanninga. Den nye grunnskolelærarutdanninga vil derfor gjere lærarane betre førebudde til å møte mangfaldet av elevar.

Etter departementet si vurdering bør det likevel ikkje no takast inn noko krav om spesialpedagogisk kompetanse. Det er ikkje nødvendigvis slik at det ved alle tilfelle av spesialundervisning er spesialpedagogisk kompetanse som er det viktigaste for eit godt opplæringstilbod for eleven. Ein annan ting er at et det er stort sannsyn for at eit slikt krav vil vere vanskeleg å oppfylle for skoleeigarne. Departementet reknar med at det i svært mange tilfelle derfor ville vere nødvendig å fråvike eit slikt krav. Eit forslag om dette vil dessutan innebere noko anna enn det forslaget som har vore til høring, ettersom forslaget gjekk ut på å sikre ein viss kompetanse i *undervisningsfaget*.

### 3.5.4 Kompetansekrav for vaksenopplæring

I høringsnotatet vart spørsmålet om kompetansekrav for undervisning i vaksenopplæring ikkje problematisert særskilt. Det har heller ikkje komme høringsfråsegner om dette.

Departementet meiner det ikkje er grunn til å innføre kompetansekrav for undervisning for vaksne no.

Eit eventuelt forslag om å innføre kompetansekrav for undervisning for vaksne bør sjåast i samanheng med kompetansekrava for tilsetjing og det særlege høvet til unntak som der ligg føre (sjå framstillinga av gjeldande rett). Bakgrunnen for unntaksheimelen var at mange av dei som underviste innanfor vaksenopplæring, mangla for-

mell kompetanse, og det var derfor ikkje ønskjeleg å stille strenge formalkrav til denne gruppa.

Spørsmålet om å innføre kompetansekrav for undervisning for vaksne er det elles naturleg å sjå i lys av ei meir heilskapleg vurdering av opplæringsa for vaksne etter opplæringslova, og ei innføring av slike krav bør da vurderast på bakgrunn av behovet i sektoren. Ei eventuell endring av kompetansekrava for vaksne bør under alle omstende vere gjenstand for ei særskild høring før innføringa.

Det er ikkje nødvendig med endringar i regelverket som følgje av at kompetansereglane for undervisning ikkje skal gjelde for vaksne. Føresegna om vaksenopplæring viser til tilsetjingsreglane i § 10–1. Krava til kompetanse for undervisning er her foreslått regulerte i § 10–2 og vil dermed ikkje gjelde for opplæring for vaksne etter opplæringslova kap 4A.

### **3.5.5 Høve til å fråvike kravet om relevant undervisningskompetanse**

Det er viktig at så mange elevar som mogleg får opplæring av lærarar som har relevant kompetanse i dei faga dei underviser i. Dersom det skal innførast krav om relevant undervisningskompetanse, meiner departementet likevel at det må vere mogleg å fråvike krava dersom det blir nødvendig. Også der ein manglar ein lærar med rett fagkompetanse, må regelverket opne for at skoleeigaren kan få gjennomført den opplæringsa elevane har rett og plikt til. Dei fleste av høringsinstansane som har gitt særskilde kommentarar til dette, støttar i hovudsak forslaget frå departementet.

For ikkje å skape eit tidkrevjande system med dispensasjonssøknader og saksbehandling hos ei vedtaksmyndighet, meiner departementet at denne vurderinga bør leggjast til skoleeigaren, som eventuelt kan delegera til rektor. Skoleeigaren skal kunne bestemme at lærarar kan undervise sjølv om dei ikkje oppfyller kravet til relevant kompetanse i undervisningsfaget. Føresetnaden er at verksemda ikkje har nok kvalifiserte lærarar i faget, og at faga er fordelt mellom lærarane slik at krava kan bli oppfylte i størst mogleg grad. Skoleeigaren må sjå på den samla fagkompetansen i verksemda og gjere ei konkret vurdering, ut frå lokale forhold, av om det kan vere eit aktuelt alternativ å omdisponere lærarane, slik at f.eks. ein lærar med fagkompetanse i matematikk kan undervise i matematikk ved to barneskolar i same kommune. Dette må likevel gjerast innanfor det

som er mogleg ut frå arbeidsavtalar og arbeidsrettslege forpliktingar elles.

Det er viktig at arbeidet med slike vurderingar og avgjelder ikkje blir unødvendig tungvint og tidkrevjande for skoleeigaren. Det er derfor lagt opp til at avgjerdene ikkje skal vere enkeltvedtak. Det betyr at reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova, m.a. om høvet til å klage, ikkje vil gjelde. Av same grunn meiner departementet at det må vere tilstrekkeleg at dette blir vurdert årleg.

Det er skoleeigaren sitt ansvar å vurdere om det kan setjast i verk tiltak som vil gjere det unødvendig å ta avgjerde om eit slikt unntak frå regelverket. Dette inneber ikkje eit krav om å avslutte eller endre arbeidsforhold, eller om å tilsetje fleire lærarar enn det verksemda treng. Dersom skoleeigaren tek avgjerd om å fråvike krava, må dette gjerast for kvar enkelt lærar i kvart enkelt fag det gjeld. Skoleeigaren vil vere forplikta til å vurdere om dette framleis er nødvendig minst éin gong i året.

Departementet har lagt til grunn at ein skole bør ha totalt minst 5 undervisningsårsverk for at samansetjinga av lærarstabben skal gjere det mogleg å overhalde dei nye krava. Tal for skolestorleik og undervisningsårsverk i Grunnskolens informasjonssystem (GSI) tilseier at dette er skolar med færre enn 60 elevar. For å unngå unødvendig tidsbruk og administrasjon for skoleeigaren meiner departementet derfor at det bør givast ein særleg regel for skolar med ungdomstrinn som har færre enn 60 elevar og færre enn 5 lærarårsverk. Også her er vilkåret at ei slik avgjerd er nødvendig, men det må ikkje gjerast for kvar enkelt lærar, og det er heller ikkje eit krav om å ta stilling til dette kvart skoleår. Departementet føreset likevel at skoleeigaren vurderer dette med jamne mellomrom.

I den nye grunnskolelærarutdanninga for 1.–7. trinn er det obligatorisk med 30 studiepoeng i norsk/samisk og matematikk. Alle dei lærarane som er utdanna etter dette, vil derfor oppfylle kompetansekravet for undervisning på barnetrinnet. I vidaregåande skole vil dei foreslalte krava i større grad avspegle det som allereie er praksis i sektoren. Departementet meiner derfor at det ikkje er behov for ein tilsvarande regel for små barneskolar eller små vidaregåande skolar. Ettersom det gjerne er ulike lærarar som underviser på barnetrinnet og ungdomstrinnet på kombinerte skolar, meiner departementet at også små ungdomstrinn på kombinerte skolar bør vere omfatta av særregelen.

Departementet foreslår ikkje eigne føresegner om kontroll av, og informasjon om, dei avgjerdene

som blir tekne av skoleeigaren. Det blir her vist til det generelle kravet om at skoleeigaren/styret ved privat skole skal ha eit forvarleg system for å vurdere om krava i lov og forskrift er oppfylte, jf. opplæringslova § 13–10 og privatskolelova § 5–2.

### 3.5.6 Private skolar

Bakgrunnen for forslaget om å krevje relevant undervisningskompetanse er samanhengen mellom lærarkompetansen og læringsutbyttet for elevere. Krav som blir innførte for å heve kvaliteten i grunnopplæringa, må etter departementet si vurdering også gjelde for den opplæringa som blir gitt i private skolar.

Skolar som er godkjende etter *privatskolelova* som godkjend pedagogisk retning med alternative kompetansekrav, må framover i tillegg til desse krava sørge for at lærarane har tilstrekkeleg fordjuping i dei faga dei skal undervise i. Men forslaget grip ikkje inn i deira pedagogiske profil. Skolar med krav om at læraren har tilleggskompetanse, vil få fleire krav å ta stilling til enn offentlege skolar. Desse skolane har også i dag fleire krav enn offentlege skolar; dette er ei direkte følgje av at dei har tilleggskrav knytte til deira pedagogiske eller religiøse profil. Departementet kan ikkje sjå at dette er grunn til å gjere unntak fra kravet om at lærarane må ha relevant kompetanse i undervisningsfaga.

For private grunnskolar godkjende etter *oppæringslova* seier § 2–12 tredje ledd at skolane er omfatta av §§ 10–1 (dagens kompetansekrav for tilsettjing) og 10–6 (mellombels tilsettjing). I høringsnotatet frå departementet var kravet om relevant undervisningskompetanse foreslått teke inn i § 10–1. Ettersom det no blir lagt fram forslag om å regulere dette i ei eiga føresegns § 10–2, må § 2–12 endrast slik at det også blir vist til denne føresegna.

På same måten som ved tilsettjingskrava vil det vere mogleg for departementet å gjere unntak fra krava for dei utanlandske og internasjonale grunnskolane. For andre private grunnskolar vil det ikkje vere mogleg å gjere eit slikt unntak.

Dei private skolane vil få same høve som offentlege skolar til å fråvike krava dersom det er nødvendig. Dette inkluderer regelen for skolar med små ungdomstrinn. Høvet til å gjere unntak fra krava i enkeltvedtak om spesialundervisning vil gjelde tilsvarande der eleven går på ein privat

skole med rett til statstilskot. (Andre private grunnskolar er ikkje omfatta av reglane om spesi-alundervisning, jf. opplæringslova § 2–12).

### 3.5.7 Forslag frå departementet

På bakgrunn av dette foreslår departementet i opplæringslova § 10–2 å lovfeste eit krav om at den som skal undervise i eit fag, må ha relevant kompetanse i dette faget. Det nærmare innhaldet i kravet vil bli fastsett i forskrift. Forslaget inneber at det framover vil gjelde to typar kompetansekrav i skolen: Kompetansekrav for å kunne bli *tilsett i undervisningsstilling* (§ 10–1), og kompetansekrav for å kunne *undervise i ulike fag på ulike årstrinn* (§ 10–2).

Kravet om relevant kompetanse i undervisningsfag vil, etter § 10–2 tredje ledd, gjelde dei som blir ferdig utdanna som lærarar etter at den nye lovføresegna bli sett i verk. Det vil altså ikkje gjelde dei som har oppnådd nødvendig kompetanse for å bli tilsett i undervisningsstilling før dei nye reglane blir sette i kraft.

Mellombels tilsette og dei som er tilsette på det vilkår at dei fullfører påbyrja utdanning, vil, etter § 10–2 tredje ledd, ikkje vere omfatta av kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget.

Der det blir fatta enkeltvedtak om spesialundervisning, foreslår departementet at det kan vedtakast at ein tilsett lærar ikkje treng oppfylle kravet om relevant kompetanse i undervisningsfag dersom ei konkret vurdering av eleven og den aktuelle spesialundervisninga tilseier det. Dette vil etter forslaget bli regulert i opplæringslova § 5–5 tredje ledd.

Det er nødvendig at skoleeigaren kan gjenomføre den opplæringa elevane har rett og plikt til også der ein ikkje har ein lærar med rett fagkompetanse. Departementet foreslår derfor at det må vere mogleg å fråvike krava dersom det blir nødvendig. For å unngå unødvendig tidsbruk og administrasjon for skoleeigaren foreslår departementet også ein særleg regel for skolar med ungdomstrinn som har færre enn 60 elevar og færre enn 5 lærarårsværk. Desse unntaka vil fremgå av § 10–2 fjerde og femte ledd.

Departementet foreslår at endringane skal gjelde tilsvarande for skoler som er godkjent etter privatskolelova. Endringane vil fremgå av privatskolelova § 4–2 som vil vise til føresegna i opplæringslova.

## 4 Forslag om å lovfeste høve til å tilsetje på vilkår

### 4.1 Bakgrunnen for forslaget

Forskrift til opplæringslova § 14–5 opnar for at ein søker i visse tilfelle kan tilsetjast på vilkår om at utdanning blir fullførd. Departementet er kjent med at det også elles i grunnopplæringa enkelte stader har utvikla seg ein tilsvarende praksis. Tilsetjing skjer da sjølv om søkerane manglar ein del av utdanninga på tilsetjingstidspunktet, fordi det er vanskeleg å fylle stillingane med fullt kvalifiserte søkerar.

### 4.2 Gjeldande rett

Opplæringslova har i dag inga generell føresegnsom opnar for å tilsetje på vilkår. Forskrift til opplæringslova har likevel ei særføresegnsom dette i § 14–5, som seier at dersom det ikkje er søkerar som fyller kompetansekrava, kan ein søker som berre fyller dei faglege krava, tilsetjast som lærar i yrkesfag eller morsmål på det vilkår at utdanninga blir fullførd. Arbeidsgivar og arbeidstakar skal avtale lengda på slik tilsetjing på vilkår, og dei må da ta omsyn til omfanget av stillinga, lengda på utdanninga og kor tilgjengeleg utdanningstilbodet er.

### 4.3 Hørингa

#### 4.3.1 Høringsforslaget

Departementet foreslo at det også ved tilsetjing i andre undervisningsstillingar enn stillingar i yrkesfag eller morsmål skal kunne tilsetjast søkerar på vilkår om at utdanninga blir fullførd. Departementet meinte det kan vere behov for ein slik utveg der det er vanskeleg å fylle stillingane med fullt kvalifiserte søkerar. Dette skal gjelde uansett kva kompetanse søkeren manglar: fagkompetanse, pedagogisk kompetanse eller andre typar utdanning det er stilt krav om for å kunne bli tilsett i undervisningsstilling.

I høringsnotatet foreslo departementet at ei slik føresegnsom tilsetjing på vilkår bør vere ein del av

opplæringslova, og at denne nye lovføresegna vil erstatte § 14–5 i forskrift til opplæringslova.

Det vart foreslått at slik tilsetjing berre skal være mogleg dersom det ikkje er søkerar som fyller kompetansekrava. Arbeidsgivar og arbeidstakar skal avtale lengda på tilsetjinga ut frå kor mykje tid som er nødvendig for å få fullført den påbyrja utdanninga. Departementet foreslo vidare at for den som er tilsett på vilkår, skal kravet om kompetanse for undervisning ikkje gjelde. Skoleeigaren bør likevel sørge for at den som er tilsett på vilkår, så langt mogleg underviser i det den det gjeld har kompetanse i, eller er i ferd med å opparbeide seg kompetanse i.

#### 4.3.2 Høringsfråsegner

Dei fleste av høringsinstansane som har uttalt seg om dette, støttar forslaget frå departementet.

*Skolenes landsforbund* skriv dette i si høringsfråsegn:

"Skolenes landsforbund ser på vilkårstilsetting som et svært egnet middel for skolene til å skaffe seg tiltrengt lærerkompetanse. En allmenngjøring av denne ordningen vil være et positivt, fornuftig og kompetansefremmende tiltak vi gir varm støtte til."

I ei felles høringsfråsegn fra *komunane i Nord-Gudbrandsdal (Dovre, Lesja, Lom, Sel, Skjåk og Vågå)* blir det sagt at tilsetjing på vilkår vil kunne vere til hjelp for å rekruttere lærarar til små skolar.

*Buskerud fylkeskommune* støttar forslaget, men føreset

"at den som er tilsatt på vilkår, sies opp på ordinær måte under henvisning til denne paragrafen".

*Foreldreutvalet for grunnopplæringa* meiner at tilsetjing på vilkår bør gjelde i maksimum tre år, og skriv:

"På den måten hindrer en spekulasjoner i å utvide denne tilsettingen. I dag er det ingen

problemer å fullføre en utdanning, uansett hvor en er i verden."

*Utdanningsdirektoratet* påpeiker at det ikkje er sett noka nedre grense for kva ein kan sjå som "påbegynt" utdanning. Direktoratet meiner at dette bør presiserast nærmare og skriv at det f.eks. kan stila last krav om at et visst antall studiepoeng er oppnådd.

*Utdanningsforbundet* og *Unio* støttar ikkje forslaget, men skriv:

"For å skaffe nødvendig lærerdekning er det riktig å videreføre muligheten til å tilsette lærere med fagutdanning, men med manglende pedagogisk og yrkestoretisk utdanning i yrkesfaglige utdanningsprogram, samt morsmålslærere uten pedagogisk utdanning, på vilkår om fullført utdanning. [Utdanningsforbundet/Unio] meiner det er uehldig at forskriftsstridig praksis enkelte stader skal føre til utvidelse av muligheten til å tilsette på vilkår. Vi kan ikke se behovet for å utvide denne ordningen til også å omfatte studieforberedende utdanningsprogram, og går imot forslaget til ny lovparagraf om tilsetting på vilkår."

#### 4.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår ein ny § 10–6a i opplæringslova som vil opne for å tilsetje på vilkår om at påbyrja utdanning blir fullførd. Dette kan berre gjerast dersom det ikkje er sokjarar som fyller alle kompetansekrav for tilsetjing. Forslaget er ei utviding av § 14–5 i forskrift til opplæringslova, og vil erstatte denne.

Departementet er kjent med at det enkelte stader har utvikla seg ein praksis med tilsetjing på vilkår, og da også i andre tilfelle enn det som er regulert i § 14–5 i forskrifta. Departementet meiner at det kan vere behov for ei slik føresegna også i andre delar av grunnopplæringa. Føresetnaden for slik tilsetjing må i alle tilfelle vere at det ikkje er sokjarar som oppfyller tilsetjingskrava.

For å kunne bli tilsett på vilkår må sokjaren alt være i gang med relevant utdanning. Departementet ser ikkje nokon grunn til å setje ei nedre grense for kva som kan vurderast som påbegynt utdanning. Det må vere skoleeigaren sitt ansvar å sørge for at slik tilsetjing berre skjer der sokjaren faktisk er i gang med ei utdanning som, når fullførd, vil kunne oppfylle kravet til å kunne bli tilsett i undervisningsstilling.

Arbeidsgivar og arbeidstakar skal avtale lengda på tilsetjinga. Det går fram av lovteksten at dei da må ta omsyn til omfangen av stillinga, lengda på utdanninga og kor tilgjengeleg utdanningstilboden er. Departementet meiner derfor at forslaget inneholder ei tilstrekkeleg avgrensing av kor lenge ei slik tilsetjing kan vare, og ønskjer ikkje å foreslå ei grense for maksimal lengd.

Ei tilsetjing på vilkår skal avsluttast ved utløpet av det avtalte tidsrommet. Dersom vilkåra i mellomtida er oppfylte, vil arbeidsforholdet gå over til fast tilsetjing. Dersom vilkåra ikkje er oppfylte, vil arbeidsforholdet i utgangspunktet ta slutt ved utløpet av det avtalte tidsrommet. Av omsyn til arbeidstakaren meiner departementet at reglane i arbeidsmiljølova om avslutting av mellombels tilsetjing bør gjelde så langt dei høver. Det inneber at ein arbeidstakar som har vore tilsett i meir enn eitt år, har krav på skriftleg varsel om tidspunktet for fråtreding seinast ein månad før fråtredingstidspunktet, jf. arbeidsmiljølova § 14–9 fjerde ledd. Ettersom det er viktig at tilsetjingsreglane er så klare som mogleg, meiner departementet at dette også bør gå fram av lovføresegna om tilsetjing på vilkår. Forslaget som vart sendt til høring er derfor justert i samsvar med dette, ved at ei tilvising til arbeidsmiljølova er teken inn i departementet sitt forslag til ny lovføresegna.

Femte ledd andre punktum i arbeidsmiljølova § 14–9 seier at arbeidstakar som har vore samanhengande mellombels tilsett i meir enn fire år etter første ledd bokstav a og b, skal reknast som fast tilsett, slik at reglane om oppseiing av arbeidsforhold vil gjelde. Etter ordlyden og forarbeida, Ot.prp. nr. 54 (2008–2009), gjeld denne føresegna berre for mellombels tilsetjing etter arbeidsmiljølova § 14–9 første ledd bokstav a og b. Ho vil derfor ikkje gjelde ved tilsetjing på vilkår etter opplæringslova § 10–6a.

Departementet meiner at dei nye krava om relevant kompetanse i undervisningsfaget ikkje skal gjelde dei som er tilsette på vilkår. Dette heng saman med at dei i utgangspunktet fyller eit behov der skoleeigaren ikkje får tak i nødvendig kompetanse. Departementet viser til omtalen under kapittel 3.5.2 i proposisjonen.

Ny føresegnd om tilsetjing på vilkår i opplæringslova § 10–6a skal gjelde tilsvarande for private grunnskolar og private skolar med rett til statsstilskot. Departementet foreslår derfor at opplæringslova § 2–12 og privatskolelova § 4–2 andre ledd blir endra slik at det her også blir vist til opplæringslova § 10–6a.

## 5 Forslag om å lovfeste høve til å organisere innføringstilbod til nykomne minoritetsspråklege elevar

### 5.1 Bakgrunnen for forslaget

24. oktober 2008 vart det sett ned eit utval som skulle gå gjennom opplæringstilbodet til minoritetsspråklege barn, unge og vaksne. Utvalet leverte si utgreiing 1. juni 2010, NOU 2010:7 *Mangfold og mestring* (Østberg-utvalet). Eitt tema av mange er innføringstilbod til nykomne elevar. Østberg-utvalet meiner det er nødvendig med tydelegare retningslinjer for korleis opplæringa for nykomne minoritetsspråklege barn, unge og vaksne bør organiserast. Utvalet anbefaler at det blir gitt føringar gjennom regelverket. NOU-en har vore til offentleg høring. Høringssvara viser at det er brei støtte til forslag frå utvalet om særskilde innføringstilbod til nykomne minoritetsspråklege elevar.

Kunnskapsdepartementet la fram Meld. St. 22 (2010-2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter, Ungdomstrinnet* våren 2011. Meldinga vart behandla i Stortinget 9. januar 2012, og Stortinget har slutta seg til forslaga. Departementet omtalte innføringstilbod til nykomne elevar i meldinga. Det blir vist til at elevar som kjem til Noreg undervegs i skoleløpet, i grunnskolen eller i vidaregåande opplæring, gjerne har ekstra utfordringar ved at dei både skal lære eit nytt språk og følgje opplæringa på sitt alderstrinn. Det er ofte forventa at nykomne elevar kan følgje ordinær opplæring etter relativt kort tid. Dei elevane som kjem seint i skoleløpet, kan stå framfor ekstra store utfordringar. Elevane vil ha ein varierande grad av skolebakgrunn. Somme har lang skolegang bak seg, medan andre har svært liten skolegang frå før. Det er derfor spesielt viktig for nykomne elevar at opplæringa blir tilpassa til bakgrunnen og kompetansen hos den enkelte. Departementet peiker i meldinga på dei utfordringane elevane har, og dei tilsvarande utfordringane for kommunane med å organisere slike tilbod. Det blir også vist til at ulike former for tilbod blir praktiserte i dag, men at det rettslege når det gjeld organiseringa av slike tilbod er usikkert. Departementet seier i meldinga at regelverket ikkje bør vere til hinder

for å organisere eigne innføringsklassar og innføringsskolar dersom skoleeigaren og elevar/foreldre meiner det er den beste løysinga. Eit av tiltaka er derfor å sende på høring lovforslag som klargjer at skoleeigarar kan tilby særskilde innføringstilbod til nykomne minoritetsspråklege elevar i grunnskole og i vidaregåande opplæring.

Denne lovpropisjonen følger opp tiltaket med ei lovendring som klargjer at skoleeigaren kan tilby særskilt organisert innføringstilbod for denne elevgruppa. Dei andre tiltaka i meldinga vil bli vurderte og følgde opp i ein eigen prosess.

### 5.2 Gjeldande rett

Opplæringslova og privatskolelova har ikkje eigne føresegner som legg klare og eintydige føringar for korleis ulike innføringstilbod kan organiserast. Det er likevel fleire føresegner som har betydning for nykomne elevar og for organiseringa av opplæringa for desse elevane.

#### 5.2.1 Rett og plikt til opplæring

Alle barn som er busette i Noreg, har rett og plikt til grunnskoleopplæring i samsvar med opplæringslova § 2-1. *Retten* til grunnskoleopplæring gjeld når det er sannsynleg at barnet skal vere i Noreg i meir enn tre månader. *Plikta* til grunnskoleopplæring trer inn når opphaldet har vart i tre månader. Retten og plikta startar til vanleg det kalenderåret barnet fyller 6 år, og varer til eleven har fullført det tiande skoleåret. Dette betyr at barn som er nykomne i Noreg, og som truleg vil bli i Noreg i meir enn tre månader, har rett til å begynne på skole så snart dei kjem til landet. Plikta til å begynne på skole trer ikkje inn før dei faktisk har vore i Noreg i tre månader.

Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 3-1. Ungdom som er nykomne til landet, kan ha rett til vidaregåande opplæring, der-

som dei har lovleg opphold i landet og har gjennomgått allmenn grunnopplæring i utlandet i minst ni år, eller har kunnskapar og dugleikar på nivå med fullført norsk grunnskole, jf. forskrifter til opplæringslova §§ 6-9 og 6-10. Etter opplæringslova § 4A-1 har dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskoleopplæring, rett til det med mindre dei har rett til vidaregåande opplæring. Ifølgje førearbeida (Ot.prp. nr. 44 (1999-2000)) er føresetnaden at dei har lovleg opphold i landet.

Elevar som etter reglane i opplæringslova kapittel 5 har rett til spesialundervisning, og elevar som har rett til særskild språkopplæring etter § 3-12, kan ha rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra.

Det er kommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til offentleg grunnskoleopplæring for alle barn som er busette i kommunen, jf. opplæringslova § 13-1. For vidaregåande opplæring er det fylkeskommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til dette, jf. lova § 13-3.

### **5.2.2 Rett til særskild språkopplæring**

Elevar i grunnskolen og i vidaregående skole med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild språkopplæring i faget norsk inntil eleven har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følge den vanlege opplæringa i skolen, jf. opplæringslova §§ 2-8 og 3-12. Kommunen/fylkeskommunen skal, etter ei kartlegging av eleven sin dugleik i norsk, eventuelt gjere eit enkeltvedtak om særskild språkopplæring. Elevane skal også kartleggjast undervegs i opplæringa, for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å kunne følge den vanlege opplæringa i skolen. I enkeltvedtaket skal det gå fram kva for særskild tilrettelegging eleven skal ha. Det vil vere mogleg for skolen å fastsetje i enkeltvedtak at eleven skal følge opplæringa i norsk i ei anna gruppe enn klassen/basisgruppa, eller at eleven skal ha eineundervisning. Elevane kan også ha rett til morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. Kommunane kan legge morsmålsopplæringa til ein annan skole enn den eleven til vanleg går ved. Dette har samanheng med at morsmålsopplæring kjem i tillegg til den vanlege opplæringstida og blir gitt innanfor ei lokalt fastsett timeramme.

Elevar i private skolar har etter privatskolelova § 3-5 dei same rettane til særskild språkopplæring. Det er heimkommunen eller heimfylket som har ansvaret for å kartleggje norskkunnskapane til eleven og å gjere vedtak om særskild språkopplæring. Stortinget vedtok i 2011 at også elevar i pri-

vate skolar skal kunne ha rett til to år ekstra vidaregående opplæring på same vilkår som etter opplæringslova, jf. Prop. 96 L (2010-2011) *om endringar i opplæringslova og privatskolelova (politiattest m.m.).*

### **5.2.3 Nærskole og organisering**

Elevar i grunnskolen har etter opplæringslova § 8-1 første ledd rett til å gå på nærskolen. Med nærskolen er meint den skolen som ligg næraast eller den skolen i nærmiljøet som eleven soknar til. Retten til å få opplæring i nærskolen gjeld for alle elevar, også elevar som har rett til særskild språkopplæring. Det skal gjerast eit enkeltvedtak om skoleplasseringa av eleven. Foreldre/føresette kan søkje om at eleven blir plassert på ein annan skole enn nærskolen, jf. opplæringslova § 8-1 andre ledd. Skoleeigaren skal da gjere eit enkeltvedtak der det blir teke stilling til søknaden.

Dette inneber at nykomne elevar skal takast inn på den skolen dei soknar til, dersom det er plass ved skolen. Enkeltvedtak som skoleplassering kan klagast på til fylkesmannen av eleven/føresette, jf. opplæringslova § 15-2 første ledd.

Opplæringslova § 8-2 og privatskolelova § 3-4 regulerer organiseringa av elevar i klassar og basisgrupper. Føresegna omfattar både grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring. I første ledd står hovudføresegna om organisering først. Der er det fastslått at elevane skal delast i klassar eller basisgrupper som skal ta vare på det sosiale tilhøret. Vidare i første ledd blir dette sagt om høvet til å dele i grupper: "For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør". Føresegna er såleis klar på at hovudregelen er at organisatorisk differensiering ikkje skal gjerast, men at dette kan gjennomførast for delar av undervisninga så sant dette ikkje skjer "til vanleg". I kor stor grad det er høve til dette vil byggje på ei konkret og skjønnmessig vurdering. Verken lova eller førearbeida til lova gir klare retningslinjer for utøvinga av dette skjønnet. Førearbeid både frå den gongen føresegna vart innført og når ho ved seinare høve er blitt halden fast ved (Innst. O. nr. 95 (1996-97) og Ot.prp. nr. 46 (1997-98)) presiserer likevel den betydning klassen/gruppa har som samlande eining og møteplass på tvers av sosiale, økonometiske, evnemessige forhold og kjønn. Prinsippet om fellesskolen blir understreka. I juridisk litteratur er denne grunngivinga presisert, og det blir vidare sagt at «inndeling etter faglig nivå må for-

beholdes særskilte og begrensede deler av undervisningen, og begrunnes i særskilte forhold».⁴ Føresegna er elles ikkje meint å setje grenser for å bruke alternative organiseringssformer så langt det er nødvendig for å sørge for å oppfylle andre føresegner i opplæringslova og forskriftene til lova, f.eks. opplæringslova §§ 2-8 og 3-12 og privatskolelova § 3-5 om særskild språkopplæring for språklege minoritetar. Føresegna, forsking og erfaringar rundt den, er elles behandla nærmare i Meld. St. 22 (2010-2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter, Ungdomstrinnet*.

## 5.2.4 Nordisk rett

### 5.2.4.1 Svensk rett

Opplæring av nykomne elevar er også svært aktuelt i Sverige. Regjeringa skreiv i budsjettproposisjonen for 2012 (Prop. 2011/12:1, Utg. omr. 16, s. 49): "Regeringen anser att det finns behov av förändring av introduktionen av nyanlända elever i den svenska skolan. Regeringen avser att tillsätta en utredning under 2012 som bl.a. behandlar utbildningen för nyanlända elever." Utgreiinga er ikkje starta enno.

I Sverige finst det ingen nasjonal regulering av innføringstilbod (på svensk er det kalla förberedelseklasser). Derimot tilbyr mange kommunar slike "förberedelseklasser", men det er uklart om lova tillåt dette. Lova er ikkje tilpassa for nykomne elevar, som er bakgrunnen for den nemnde utgreiinga. Skolverket publiserte i 2008 allmänna råd for opplæring av nykomne elevar. Slike allmänna råd er ei tolking av lova, men ikkje direkte bindande.

Statens skolinspektion gjorde i 2009 ei granskning av opplæringa av nykomne elevar i grunnskolen, og fann da at kvaliteten i opplæringa i innføringstilboda var låg. Elevane fekk ofte ikkje den opplæringa dei hadde rett til, og vart ofte for lenge i slike innføringstilbod.

For vidaregående opplæring er det sidan hausten 2011 blitt tilbode introduksjonsprogram for elevar som ikkje har kompetanse til å begynne på eit utdanningsprogram. Eitt slikt program er språkintroduksjon. Formålet med det er å gi nykomne minoritetsspråklege ungdommar opplæring med hovudvekt på svensk. Dette gjer det mogleg for elevane å starte i vidaregående opplæring. Dette er regulert i 17 kap. i Skollagen (2010:800). Opplæringa skal vere på heiltid og inneheld opplæring i grunnskolen sine emne i svensk eller svensk som andrespråk. Elles skal opplæringa innehalde

dei faga eleven treng for vidare utdanning. Opplæringa inneheld grunnskolefag som eleven ikkje har godkjent vitnemål i og fag frå vidaregåande opplæring.

### 5.2.4.2 Danmark

Nykomne elevar får ulike typar tilbod, avhengig av alderen i Danmark.

#### Folkeskolen (offentleg grunnskole)

Kommunane er forplikta til å tilby ein nykommen utanlandsk mindreårig i skolealderen basisundervisning i dansk som andrespråk i folkeskolen. Reglane går fram av bekendtgørelse nr. 31 av 20. januar 2006 om folkeskolens undervisning i dansk som andetsprog. Undervisninga kan givast i mottaksklassar, i særskilde tilbod eller som eineundervisning, jf. bekendtgørelsens § 4. Ministeriet har gitt ut ei rettleiing om undervisninga av tospråklege elevar i folkeskolen, der reglane blir utdjupa.

For barn som først kjem til Danmark etter at dei har fylt 14 år, kan kommunane tilby undervisning i ein utvida mottaksklasse. På åttande til tiande klassetrinn kan det dermed oppretta særskilde klassar for denne elevgruppa. Undervisninga blir lagd til rette etter dei særskilde føresetnadene og behova hos elevane, jf. bekendtgørelsen § 5.

#### Elevar som har gjennomført folkeskolen eller tilsvarande

Etter at elevane har avslutta folkeskolen, har dei høve til å begynne i ungdomsskolen (dersom dei ikkje har fylt 18 år), etter reglane i bekendtgørelse nr. 997 av 8. oktober 2004 av lov om ungdomsskoler. Ungdomsskoletilbodet skal m.a. omfatte særskilt tilrettelagd undervisning i dansk språk og danske samfunnsforhold, jf. § 3 i bekendtgørelse om ungdomsskolens virksomhet. Ungdomsskoletilbodet er ope for unge mellom 14 og 18 år. Kommunen kan bestemme at unge under 14 år og unge over 18 år kan starte i ungdomsskolen, jf. § 2 i lov om ungdomsskoler. Departementet har gitt ut ei rettleiing om undervisning av seintkomne unge i ungdomsskolen.

#### Unge over 18 år

For unge på 18 år eller eldre finst det tilbod om undervisning i dansk som andrespråk for vaksne, som har til formål å gi deltakarane den nødven-

<sup>4</sup> Helgeland 2006 s. 243

dige danskepråklege kompetansen for å gjennomføre ei ungdomsutdanning eller ei vidaregåande utdanning.

### 5.2.5 Innføringstilbod i Noreg i dag

NOU 2010:7 *Mangfold og mestring*, kapittel 10, beskriv ulike måtar å organisere opplæringstilboden til nykomne minoritetsspråklege elevar på:

"Generelt kan modellene deles inn på følgende måter:

- Nyankomne elever gis opplæringstilbud i ordinære klasser ved sine respektive nærskoler.
- Nyankomne elever gis opplæringstilbud i særskilte innføringsklasser ved nærskolen sin.
- Nyankomne elever gis opplæringstilbud i innføringsklasse(r) hvor en utvalgt skole har ansvaret for visse klassetrinn. Innenfor en kommune vil eksempelvis en skole ha ansvaret for 1.-7. trinn og en skole ha ansvaret for 8.-10. trinn.
- Nyankomne elever gis opplæringstilbud i innføringsklasser ved en egen innføringsskole.

I dag praktiserer mange skoleiere inkludering av nyankomne elever i ordinær klasse fra ankomst, og gir et tilbud om særskilt språkopplæring til alle elever med behov for det. Dette synes å være vanlig i mange små kommuner, blant annet som følge av spredt bosetting av minoritetsspråklige familier (Danbolt m. fl. 2010). Særskilt norskopplæring foregår ved at elevene blir tatt ut av klassen i norskimene eller at de får tilpasninger i klasserommet. Tospråklig fagopplæring og/eller morsmålsopplæring kommer i tillegg til norskundervisningen de stedene det blir gitt. Utvalget har også registrert at elever blir satt inn i ordinære klasser uten å få tilfredsstillende tilbud om særskilt språkopplæring og uten å kunne nyttegjøre seg undervisningen i ulike fag. Elevene blir dermed satt i en svært vanskelig situasjon."

### 5.2.6 Klageinstans på vedtak

Klageinstansen for vedtak om særskilt språkopplæring er ulik for elevar i grunnskolen og elevar i vidaregåande opplæring. Departementet (delegeret til fylkesmannen) er klageinstans for vedtak om særskilt språkopplæring i grunnskolen, jf. § 15-2 første ledd, men det er fylkeskommunen som

er klageinstans for vedtak om særskilt språkopplæring for elevar i vidaregåande opplæring. Det er likevel klagerett til departementet (delegeret til fylkesmannen) på enkeltvedtak om opplæring i inntil to år ekstra etter § 3-1 femte ledd, som denne gruppa elevar kan ha rett til.

Det følgjer av privatskolelova § 3-5 første ledd at departementet er klageinstans for vedtak om særskilt språkopplæring for elevar i private skolar.

## 5.3 Høringa

### 5.3.1 Høringsforslaget frå departementet

Departementet foreslo at nykomne minoritetspråklege elevar i grunnskolen og i vidaregåande skole skal kunne organisera i særskilde innføringstilbod, der formålet er å lære eleven tilstrekkeleg norsk til å kunne få utbytte av ordinær opplæring. Det vart foreslått at elevar berre skal få slikt tilbod dersom dette er til beste for eleven, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Vidare foreslo departementet at slike innføringstilbod kan vare i inntil eitt år, men at dei i særskilde tilfelle kan vare i inntil halvtanna år. Forslaget går vidare ut på at det kan gjerast avvik frå læreplanverket når dette er nødvendig for å ta vare på dei behov eleven har, under dette fag- og timefordelinga og kompetansemål. For å sikre elevane/dei føresette valfridom, vart det foreslått at eit slikt vedtak krev samtykke frå elev/føresette. Det er kommunen som skal gjere vedtak om særskilt språkopplæring for elevar i grunnskolen, jf. § 2-8 fjerde ledd, og fylkeskommunen skal gjere tilsvarende vedtak for elevar i vidaregåande opplæring, jf. § 3-12 fjerde ledd. Tilsvarande gjeld for elevar i private skolar, jf. privatskolelova § 3-5. Departementet foreslo at rammene for organiseringa av opplæringa for denne gruppa elevar i innføringstilbod blir knytt til enkeltvedtaket om særskilt språkopplæring. Private skolar som ønskjer å tilby elevane innføringstilbod, må sørge for at kommunen/fylkeskommunen har den informasjon som er nødvendig for at kommunen/fylkeskommunen skal kunne gjere vedtak om at den private skolen kan gi slikt opplæringstilbod.

Det må understrekast at alle føresegnene elles i opplæringslova vil gjelde for innføringsklassar og innføringsskolar, som f.eks. krav til lærarkompetanse, rektor, skolemiljø, skyss m.m.

Opplæringslova § 15-2 andre ledd vart foreslått endra slik at vedtak om særskilt språkopplæring etter § 3-12 kan klagast til departementet (delegeret til fylkesmannen). Nedanfor under punkt 6.4

følgjer ei nærmare utgreiing om dei ulike elementa i lovforslaget og for vurderingar og forslag frå departementet etter høringa.

### **5.3.2 Synspunkt frå høringsinstansane**

84 høringsinstansar har uttalt seg om dette forslaget. 17 støttar ikkje forslaget og 61 støttar det, men 34 av dei siste har innvendingar mot enkelte element i forslaget. Dei elementa instansane særleg har vore opptekne av, er tidsavgrensinga for kor lenge ein elev kan få eit innføringstilbod, og at elevar i vidaregåande opplæring som får eit innføringstilbod, bruker av retten til vidaregåande opplæring.

KS seier i si fråsegn:

"Lovforslaget om nytt ledd i opplæringsloven §§ 2-8 og 3-12 synes å forutsette at opplæringsloven § 8-2 ikke gir rom for innføringstilbod. KS er uenig i dette. § 8-2 handler om hvordan undervisningen "til vanlig" ikke kan organiseres. KS mener at bestemmelsen må forstås slik at innføringstilbod ikke faller inn under "til vanlig". Det er et tidsavgrenset tilbod for en avgrenset gruppe elever.

KS mener videre at gjeldende bestemmelser om språklig tilrettelagt opplæring (opplæringsloven § 2-8/§ 3-12) allerede gir de nødvendige føringer for organiseringen av undervisningen av elever med annet morsmål enn norsk og samisk. Bestemmelsene gir føringer for både særskilt norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråklig fagopplæring og omfatter også nyankomne elever. Sammen med prinsippet om tilpasset og likeverdig opplæring, forskriftsfestiging av læreplanene og bestemmelsene om organiseringen av undervisningen i opplæringsloven kap. 8, gir dette kommunene og fylkeskommunene det nødvendige handlingsrommet for å ivareta nyankomne elever.

KS støtter derfor ikke forslaget om ny bestemmelse i opplæringsloven §§ 2-8 og 3-12 og privatskoleloven § 15-2.

KS støtter ikke forslaget om å endre opplæringsloven § 15-2 slik at klageinstans på vedtak om særskilt språkopplæring i vidaregående opplæring (§ 3-12), flyttes fra fylkeskommunen til departementet."

*Øvre Eiker kommune* har ei anna oppfatning enn KS, og uttaler:

"Øvre Eiker kommune er enig med dept. i at det råder usikkerhet rundt det rettslige vedr. muligheten til å organisere opplæring av minoritetsspråklige elever i egne grupper. Det er derfor behov for en klargjøring av regelverket på dette punktet."

*LO* er oppteken av at elevane må få eit tilbod av god kvalitet, og uttaler:

"LO støtter departementets forslag, men vil understreke viktigheten av et kvalitetsmessig tilbud slik at utbyttet av opplæringen raskt gir gode resultater. Eleven må komme over i ordinær skole og videreutvikle sine språkferdigigheter gjennom å bygge nye sosiale relasjoner i fellesskolen.

LO støtter også frivillighet og krav om samtykke. Tilbuddet bør gis i nærmiljøet til elevene så langt som mulig."

*Gjøvik kommune* støttar forslaget, men meiner tidsfristen bør utvidast til inntil to år. Kommunen uttaler:

"Gjøvik kommune er enig i departementets forslag om at det bør være en grense for hvor lenge eleven kan være i innføringsklasse eller innføringsskole. Vi støtter at hovedregelen er inntil ett år. Vi har imidlertid erfaring for at enkelte elever som må alfabetiseres og kommer sent i grunnskoleløpet, trenger lengre tid. Vi mener departementets forslag om unntaksvis forlengelse inntil halvannet år er for lite for disse elevene. Vi foreslår at det åpnes for inntil to år."

*Hedmark fylkeskommune* meiner departementet bør utsetje dette lovforslaget, og seier:

"Hedmark fylkeskommune velger å komme med kommentarer til denne delen av høringen, men ønsker fortrinnsvis at dette punktet utsettes. Dette fordi vi mener at høringen er for snever. Østberg-utvalget konkluderte med at det er nødvendig med tydeligere retningslinjer for hvordan opplæringen for nyankomne minoritetsspråklige barn, unge og voksne organiseres. Høringen gir uttrykk for at det er behov for ytterligere nasjonale føringer når det gjelder innhold og organisering av særskilte innføringstilbod. Dette er noe vi støtter, men mener at slike føringer må komme sammen med de forslag til lovendringer som foreligger her."

Hedmark fylkeskommune ber derfor om at forslaget utsettes."

Fylkeskommunane er generelt kritiske til at oppfølginga av Østberg-utvalet ikkje blir gjord samla, men dei har også komme med innspel til det konkrete forslaget. *Østfold fylkeskommune* er kritisk til at elevar i vidaregåande opplæring bruker av retten når dei får eit innføringstilbod, og uttaler:

"Østbergutvalget viser til forskning som dokumenterer at det å lære seg et andrespråk så godt at det fungerer som fullverdig opplærings-språk, tar fra 5-7 år. Østbergutvalgets forslag om "år 0" og to år på VG1 imøtekommmer denne grunnleggende kjensgjerningen på en bedre måte enn departementets forslag. Det gis mer tid, og det legges føringer for at retten til videregående opplæring inntil to år ekstra tas ut i forkant av opplæringsløpet i stedet for i etterkant, slik det er vanlig for elever med behov for spesialundervisning. Det er viktig at særskilt språkopplæring blir gitt så tidlig i utdanningsløpet som mulig."

*Oppland fylkeskommune* uttaler om høvet til å ta Vg1 over to år:

"Oppland fylkeskommune har de senere år ikke hatt tilbod om innføringsklasser i vidaregående opplæring grunnet store geografiske avstander og et elevgrunnlag som ikke er tilstrekkelig for å kunne starte innføringsklasser. Oppland fylkeskommune kan vise til gode erfaringer med tilrettelegging ut fra individuelle behov, blant annet ved bruk av to år på Vg1. Fylkeskommunen har gode erfaringer med å organisere Vg1 over 2 år ved å vektlegge grunnleggende norsk og samfunnsfag, samt delta i de øvrige timene med sine klasser i programfagene, det første året. Det andre året av Vg1 deltar elevene ordinært. Oppland fylkeskommune ser behovet for å vurdere også andre mulige organisatoriske tilbod som er tilpasset elever i vidaregående opplæring."

*Kristne Friskolers Forbund* har uttalt seg om innføringstilbod ved private skolar og seier:

"Det ligger en utfordring i at enkeltvedtak om slik opplæring, inkl. omfang og organisering, skal fattes av kommunen/fylkeskommunen. KFF støtter notatets understrekning av at det må være god kontakt mellom privatskolen og kommunen, og at skolen må bistå kommunen

med nødvendig informasjon for å gjøre et vedtak som blir riktig i forhold til det tilbud skolen vil gi."

## 5.4 Vurderingar og forslag frå departementet

### 5.4.1 Innleiing

I Noreg har fellesskolen lange tradisjonar. Likeverd, inkludering og tilpassa opplæring er viktige prinsipp i den norske fellesskolen. Den inkluderande skolen er basert på eit menneskesyn som viser grunnleggjande respekt for menneskerettane og menneskeleg likeverd. Dette verdigrunnlaget har sterkt oppslutning i samfunnet og er nedfelt i formålsparagrafen for både barnehage og skole.

Likeverd i skolen føreset at ingen elevar skal diskvalifiserast frå fellesskapet på grunn av kjønn, føresetnader og bakgrunn. Inkludering i skolen handlar om at alle ikkje berre skal få vere ein del av fellesskapet, men også ha høve til å lære og å utvikle seg i fellesskapet. Det krev at skolen i sitt innhald og si organisering aktivt tek omsyn til evnene og føresetnadene hos elevane. Inkluderings- og likeverdsprinsippa går tydeleg fram av m.a. opplæringslova §§ 1-1, 8-1 og 8-2.

Tilpassa opplæring er viktig for at den enkelte elev skal ha utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 1-3. Fordi skolen først og fremst er ein fellesskapsarena, kan ikkje tilpassa opplæring bli forstått som rein individualisering av opplæringa. Det handlar om å skape god balanse mellom individ- og fellesskapsorientering. Tilpassa opplæring skal skje innanfor ramma av den ordinære opplæringa og er ikkje eit rettsleg grunnlag for å gi enkeltelevar eineundervisning.

Når opplæringsstilbodet til eleven skal fastsettast, må likeverdsprinsippet, prinsippet om inkludering og tilpassa opplæring trekkjast inn i vurderinga.

Nykomne elevar frå språklege minoritetar kan etter departementet si vurdering ha behov for eit innføringstilbod, jf. Meld. St. 22 (2010-2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter, Ungdomstrinnet*. Dette kan i utgangspunktet avvike frå dei prinsippa fellesskolen byggjer på, men kan likevel vere nødvendig fordi ein minimumskompetanse i norsk språk er nødvendig for både å kunne ha utbytte av ordinær opplæring og å ta del i skolemiljøet. Forsking peiker på at ein periode med eit separat tilbod kan gi betre grunnlag for inkludering på lengre sikt enn å begynne rett i ordinær klasse, sidan elevane da får betre norskprestasjо-

nar og fagleikar før dei går inn i ordinær klasse.<sup>5</sup> Formålet med eit slikt innføringstilbod er å lære elevane norsk så raskt som mogleg for at dei skal kunne få utbytte av ordinær opplæring.

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag meiner det er behov for å presisere omgrepene "nyankomne" som vart brukt i forslaget. Departementet reknar med at det ikkje er problematisk å vurdere om elevar er nykomne når dei kjem til Noreg i opplæringspliktig alder og begynner på skolen. Det kan likevel oppstå spørsmål om eleven kan reknast som nykommen dersom han eller ho har budd i Noreg ei stund før opplæringspliktig alder. Tilsvarande spørsmål kan oppstå ved starten i vidaregåande opplæring dersom eleven kom til Norge sein i grunnskoleløpet. Departementet meiner "nykomne" ikkje bør tidfestast konkret, men peiker på at omgrepene "nykomne" i seg sjølv inneber ei viss avgrensing i tid. Men kommunane/fylkeskommunane bør sjølv vurdere om eleven har så kort butid i Noreg at han eller ho vil kunne ha behov for eit innføringstilbod. Kommunen/fylkeskommunen må vidare vurdere om eit innføringstilbod blir rekna for å vere til beste for eleven. I denne vurderinga vil integreringsomsynet vere eit moment som vil vege tungt dersom eleven har budd i Noreg ei tid allereie.

Departementet meiner at regelverket ikkje skal vere til hinder for innføringstilbod som både skoleeigaren og eleven/dei føresette ønskjer og meiner er til beste for eleven. Det blir derfor her foreslått endringar for å regulere og klargjere regelverket for denne typen tilbod.

#### 5.4.2 Organisering

Departementet meiner at regelverket ikkje bør vere til hinder for organisering i innføringsklassar eller på innføringsskole, dersom skoleeigaren og eleven/dei føresette meiner det er den beste løysinga for eleven. Enkelte høringsinstansar meiner det bør bli innført plikt for skoleeigaren til å opprette innføringstilbod. Det blir grunngitt med at dette vil sikre likeverdig opplæring. Departementet har vurdert om det bør innførast plikt for skoleeigaren til å tilby opplæring organisert på denne måten, slik at eleven får rett til innføringstilbod. Argument som kan tale for ei slik rettsfesting er å sikre lik form for tilbod uavhengig av kvar elevane bur. På den andre sida er det store variasjonar i kommunestorleikar, og spesielt små kommunar kan få problem med å oppfylle eit slikt krav. Departementet viser også til at enkelte kommunar

ikkje har behov for slike innføringstilbod, og at andre kommunar ikkje har eit tilstrekkeleg tal nykomne minoritetsspråklege elevar til å få organisert tilboden i eigne grupper. Departementet meiner på bakgrunn av dette at det ikkje skal innførast ei plikt for skoleeigaren, men at regelverket skal opne for denne typen innføringstilbod som skoleeigaren sjølv kan vurdere om skal setjast i gang. Det blir dermed heller ikkje foreslått nokon rett til å få eit innføringstilbod.

Departementet foreslo at kommunen og fylkeskommunen må fastsetje i vedtaket om særskild språkopplæring, jf. §§ 2-8 og 3-12, korleis den særskilde språkopplæringa skal organiserast. Dette var det brei støtte til i höringa. Det blir foreslått at det i eit slikt vedtak må takast stilling til om heile eller delar av opplæringa skal givast i annan klasse eller skole enn den eleven til vanleg skal/skulle ha gått i. Departementet viser til omtalen under gjeldande rett om at elevar i grunnskolen har rett til å gå på nærskolen. Vidare blir det foreslått at eit innføringstilbod til ein elev berre skal givast der dette ut frå ei heilskapsvurdering er rekna for å vere til beste for eleven. Det følgjer av Barnekonvensjonen artikkel 3 at ved alle handlinningar som gjeld barn, skal barnets beste vere eit grunnleggjande omsyn. Det må gå fram av vedtaket at det er vurdert at eit innføringstilbod er til beste for eleven. Det er kommunen som skal gjere vedtak om særskild språkopplæring for elevar i grunnskolen, jf. § 2-8 fjerde ledd, og fylkeskommunen skal gjere tilsvarande vedtak for elevar i vidaregåande opplæring, jf. § 3-12 fjerde ledd. Departementet meiner at rammene for organisering av opplæringa for denne gruppa elevar i innføringstilbod bør knytast til enkeltvedtaket om særskild språkopplæring.

Østberg-utvalet har vurdert ulike modellar for innføringstilbod, og har sett på både innføringsklassar og innføringsskolar. Østberg-utvalet peiker på at innføringsskolar kan vere viktige knutepunkt for verdfull kompetanse for minoritetsspråklege, og at skolane samtidig kan bli opplevde som reine mottaksskolar der elevane kan føle seg isolerte. Nykomne minoritetsspråklege elevar bør så raskt som mogleg delta i vanleg skole. Departementet ser at det både er fordelar og ulemper med slike innføringsskolar. Eit fåtal av høringsinstansane meiner tilboden primært bør bli gitt på nærskolen. Departementet har forståing for eit slikt syn, men meiner det bør vere opp til kommunen og fylkeskommunen å vurdere om det skal opprettast innføringstilbod i klassar eller på eigne skolar. Det blir derfor lagt til rette for høve til å

<sup>5</sup> Hauge 2008, Danbolt mfl. 2010

etablere både innføringsklassar og -skolar i dette lovforslaget.

Enkelte høringsinstansar meiner at elevane ikkje bør kunne takke nei til eit innføringstilbod dersom skoleeigaren meiner det er til beste for eleven. Departementet meiner likevel at eleven ikkje bør ha plikt til å nytte eit innføringstilbod. Fleirtalet av dei høringsinstansane som har uttalt seg om dette, støttar departementet sitt syn. Eleven må etter departementet sitt syn kunne velje å gå i ordinær klasse/basisgruppe sjølv om skoleeigaren tilbyr innføringstilbod. Departementet meiner dette er avgjerande i diskusjonen om retten til slike innføringstilbod. Dersom eleven takkar nei til eit innføringstilbod, skal grunnskole-elevar få særskild språkopplæring på nærskolen, og elevar i vidaregåande opplæring på den skulen der dei er tekne inn. Eleven kan derimot ikkje krevje å få morsmålsopplæring ved nærskolen/den skolen eleven til vanleg går i, sidan dette kan leggjast til ein annan skole, jf. §§ 2-8 andre ledd og 3-12 andre ledd. For å sikre elevane høve til val føreslo departementet at det skal krevjast samtykke frå elev/føresette om at heile eller delar av opplæringa kan skje i annan klasse/anna basisgruppe eller skole enn den eleven til vanleg skal gå i.

#### 5.4.3 Tidsavgrensing

Høringsinstansane er delte i synet på om det bør setjast ei tidsavgrensing i lova eller ikkje. Somme høringsinstansar meiner også at eitt år, og inntil eitt og eit halvt år når det ligg føre særskilde grunnar, er for kort tid. Andre instansar meiner tida i innføringstilbod bør avhenge av norskkompetansen til eleven.

Departementet meiner at eit innføringstilbod berre skal vere eit overgangstilbod der målsetjinga er å lære eleven norsk så raskt som mogleg. Østberg-utvalet meiner at eit innføringstilbod bør vare i eitt år. Departementet føreslo i høringsbrevet at grensa som hovudregel skal vere inntil eitt år, men meinte at det kan vere behov for nokon fleksibilitet. Departementet føreslo at innføringstilboden kan vare inntil halvtanna år når det ligg føre særskilde grunnar. Særleg elevar som har behov for alfabetisering vil kanskje kunne ha behov for meir enn eitt år i innføringstilbod. Vidare kan elevar som kjem til Noreg seint i vårsemesteret, også ha behov for å gå i innføringstilbod heile det etterfølgjande skoleåret. Behovet vil sannsynlegvis også vere ulikt, alt etter elevens alder og tidlegare skolegang.

Etter høringa har departementet vurdert om tidsfristen bør utvidast, eller om det ikkje skal setjast ein tidsfrist i lova, men derimot setjast som vilkår at elevane skal overførast til ordinær klasse når norskkompetansen er på eit visst nivå. Departementet meiner at det bør setjast ei klar tidsgrense for kor lenge ein elev kan vere i innføringsklasse, eventuelt på ein innføringsskole. Av omsyn til integrering er det viktig å få denne elevgruppa så raskt som mogleg inn i ordinær skole og i ordinær klasse etter eit særskilt tilrettelagt tilbod. Lovforslaget opnar for avvik frå det ordinære løpet i betydeleg grad, det gjeld både organiseringa, kompetansemåla og timefordelinga. Slike avvik frå det ordinære bør tidsavgrensast sidan det ikkje vil liggje føre sakkunnig vurdering før vedtak om avvik blir gjort for denne elevgruppa.

Enkelte høringsinstansar har kommentert at det er noko uklart kva som ligg i *særskilde grunnar*. Departementet gav nokre eksempel i høringsbrevet. Departementet meinte det kunne omfatte elevar som har behov for alfabetisering, som kjem seint i skoleåret eller som kjem til Noreg seint i skoleløpet. I lys av høringa ser departementet at det kan bli vanskeleg å vurdere kva for elevar som har særskilde grunnar. Kommunen og fylkeskommunen skal alltid vurdere kva for opplæringstilbod som skal givast, ut frå kva ein reknar med vere til beste for eleven. Kva for andre grunnar for slik organisering enn ei vurdering ut frå kva som vil vere til beste for barnet, kan det bli vanskeleg å stille opp.

Departementet er, som høringsinstansane, oppteke av at føresegna ikkje skal bli for rigid med omsyn til tidsfristen, og viser til at enkelte elevar vil kunne ha betre utbytte av å gå i innføringstilbod lenger enn eitt år. På bakgrunn av kartlegginga av norskkunnskapane hos eleven er det skolen som nærmast kan vurdere kva som er formålstenleg organisering av heile eller delar av opplæringa for den enkelte eleven.

Etter ei vurdering av omsynet til fleksibilitet og omsynet til integrering av elevane har departementet komme til at ein elev bør kunne gå i innføringstilbod i inntil to år. Departementet held fast ved vilkåret om at det berre skal organiserast eit slikt tilbod dersom det blir sett som det beste for eleven. I vurderinga av kva som blir rekna for å vere til beste for eleven må omsynet til integrering inngå. Departementet meiner at det skal meir til for at ein yngre elev skal gå lenge i innføringstilbod enn for ein eldre elev med liten skolebakgrunn. Den yngre eleven vil sannsynlegvis raskeare kunne tilegne seg språket og kompetansemåla på sitt alderstrinn enn dei eldre elevane.

Sjølv om departementet foreslår ei grense på to år, er det viktig at ein elev ikkje går i eit innføringstilbod lenger enn det er behov for. Departementet er samd med Østberg-utvalet i at eit slikt tilbod som hovudregel bør givast i eitt år. I det forslaget som var til høring, er det sagt at det må komme fram av vedtaket kor lenge eleven kan gå i innføringstilbod, og at dette som hovudregel skal avgrensast til maksimalt eitt år. Sidan departementet no foreslår ei grense på to år, og at det ikkje blir stilt krav om *særskilde grunnar* for tilbod ut over eitt år, blir det foreslått at vedtaket om slik organisering berre kan gjerast for eitt år om gongen. Departementet meiner at kommunen/fylkeskommunen må gjere ei ny vurdering av kva som er til beste for eleven etter eitt år i innføringstilbod. Av omsyn til integrering av elevane bør skolen vurdere om eleven kan få eit godt og tilpassa opplæringstilbod i ordinær klasse med eventuelle vedtak etter §§ 2-8, 3-12 og kapittel 5. Det blir presisert at eleven/dei føresette må samtykkje før nyt vedtak blir gjort.

Når grunnskoleeleven har gjennomført innføringstilboden, skal han/ho overførast til klassen/basisgruppa i nærskolen, jf. opplæringslova § 8-1 første ledd. Departementet vil i denne samanhengen presisere at elevane, etter innføringstilboden, framleis kan ha rett til særskild språkopplæring etter § 2-8. Dette gjeld også morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Den særskilde språkopplæringa skal etter innføringstilboden givast innanfor rammene av gjeldande første til fjerde ledd. Det vil seie at elevane ikkje kan organiserast i grupper baserte på språklege dugleikar ut over det som går fram av opplæringslova § 8-2 i andre fag enn norsk. Elevane kan også ha rett til spesialundervisning etter kapittel 5 i lova. Ei eventuell tilrettelegging i andre fag enn norsk må vurderast ut frå det behov for spesialundervisning eleven måtte ha etter opplæringslova § 5-1. Departementet minner også om at opplæringa skal tilpassast til evnene og føresetnadene til elevane, jf. opplæringslova § 1-3. Skolane vil med dette, etter departementet si vurdering, ha tilstrekkelege høve til å tilpasse opplæringa til elevar som ikkje har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å kunne følgje den vanlege opplæringa og/eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplærings-tilboden etter tida i innføringstilbod.

#### 5.4.4 Vidaregåande opplæring

Særleg fylkeskommunane har teke opp ulike problemstillingar knytte til innføringstilbod til elevar i vidaregåande opplæring. Dette gjeld m.a. bruk av

retten til vidaregående opplæring etter lova § 3-1. Mange meiner at eit slikt innføringstilbod burde reknast som eit år null. Enkelte fylkeskommunar tek til orde for at denne elevgruppa burde få høve til å ta Vg1 over to år, at eit slikt innføringstilbod ikkje blir knytt til eit utdanningsprogram i tilbodsstrukturen, og vidare at innføringstilbod burde vere søkbare. Fylkeskommunane tek også opp spørsmålet om elevane burde få utvida rett til grunnskoleopplæring, og om det burde stillast krav om norskdugleik for inntak til vidaregåande opplæring.

Fylkeskommunane reiser mange relevante problemstillingar i høringsfråsegnene. Departementet har i dette forslaget berre teke sikte på å gjere det klart i regelverket at skoleeigaren kan tilby innføringstilbod til eleven. Departementet arbeider med den vidare oppfølginga av tiltaka i NOU 2010:7 *Mangfold og mestring*, og vil komme tilbake til dette.

Fleirtalet av fylkeskommunane er kritiske til at elevar som får innføringstilbod, må bruke av retten til vidaregåande opplæring. Østberg-utvalet meiner også at innføringstilboden ikkje skal bruke av retten, men vere rekna som eit "år 0".

Departementet meiner at så lenge eleven har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 i lova, og takkar ja til eit frivillig innføringstilbod i regi av den vidaregåande opplæringa, må eleven bruke av retten til vidaregåande opplæring. Departementet meiner at det er viktig at denne elevgruppa kan få eit innføringstilbod i regi av vidaregåande opplæring. På denne måten blir elevane sikra eit opplæringstilbod i samsvar med opplæringslova, og beheld sine rettar til m.a. spesialundervisning og skyss. Departementet held fast ved det opphavlege forslaget om at tida i innføringstilbod blir rekna som ein del av retten til vidaregåande opplæring. Departementet meiner at det er viktig at nykomne minoritetsspråklege elevar blir tekne inn til vidaregåande opplæring som andre elevar, og at det innanfor rammene blir gitt tilpassa opplæring.

Departementet vil minne om at elevar som har rett til vidaregåande opplæring og som er tekne inn etter § 3-1 i lova, har rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. For elevar som har rett til særskild språkopplæring etter § 3-12, og som har behov for utvida tid, er det høve til to år ekstra. Om ein elev har behov for utvida tid må vurderast konkret og etter sakkunnig vurdering. Departementet legg til grunn at elevar som har gått i innføringstilbod, vil kunne ha behov for utvida opplæringstid i vidaregåande opplæring. Dei elevane som har eit slikt behov, vil kunne

bruke fem år på å fullføre opplæringa. Bakgrunnen for innføring av utvida tid er at denne elevgruppa treng lengre tid enn tre år. Da retten til utvida tid for elevar som har rett til særskild språkopplæring vart presisert, uttalte departementet i Ot.prp. nr. 55 (2008-2009):

"Målet er at så mange elevar som mogleg gjennomfører vidaregåande opplæring på normert tid. Samstundes viser røysne at enkelte minoritetsspråklege elevar ikkje vil klare å gjennomføre vidaregåande opplæring innanfor same tidsrom som elevar med anten norsk som morsmål, eller som har fått norsk gjennom heile skoleløpet. Departementet meiner det er viktig at særleg minoritetsspråklege elevar som kjem til Noreg seint i skoleløpet, får ekstra tid til å gjennomføre vidaregåande opplæring når elevane treng det, sett i høve til opplæringsmåla. Ein del elevar som følger læreplanen for grunnleggjande norsk for språklege minorittar, vil ikkje oppnå så god norskdugleik at dei kan få opplæring etter ordinær læreplan for norsk i løpet av vanleg tid i vidaregåande opplæring etter § 3-1 første ledd. Desse vil kunne ha behov for meir tid til vidaregåande opplæring."

Det er likevel mogleg for fylkeskommunane å tilby nykomne minoritetsspråklege elevar eit år null utanfor tilbodssstrukturen. Dersom fylkeskommunen vel å tilby eit slikt opplæringstilbod, bør det komme tydeleg fram i informasjonen til dei aktuelle elevane og deira føresette at dette ikkje er ein del av vidaregåande opplæring, og kva konsekvensar det har for den enkelte.

Fleirtalet av fylkeskommunane meiner det bør leggjast til rette for at elevane i innføringstilbod skal kunne ta Vg1 over to år. Departementet vil i den samanheng gjere merksam på at elevar i vidaregåande opplæring, som nemnt framanfor, kan ha rett til inntil to år ekstra opplæring, dvs. inntil fem år totalt. Lova er ikkje til hinder for at det blir gjort enkeltvedtak om utvida tid tidleg i opplæringsløpet, f.eks. mot slutten av Vg1. Dersom elevane får ein del av den utvida tida tidleg i opplæringsløpet, kan også det medverke til tryggleik. Elevane får da ei tidleg stadfesting om at dei har lengre tid enn tre år til å fullføre vidaregåande opplæring. Det er da viktig å vere klar over at slik utvida tid ikkje kan innvilgast utan sakkyndig vurdering, jf. § 3-1 femte ledd i lova. Vidare må vilkåra om at eleven har rett til spesialundervisning etter kapittel 5, rett til opplæring i og på teiknspråk etter § 3-9, rett til opplæring i punktskrift etter § 3-10 eller rett til særskild

språkopplæring etter § 3-12 vere oppfylte. I tillegg må den sakkunnige vurderinga konkludere med at eleven vil ha utbytte av å få utvida tid.

Ein del høringsinstansar meiner det vil bli svært krevjande for nykomne minoritetsspråklege elevar å følgje opplæringa på Vg2 dersom innføringstilboden blir rekna som Vg1. Elevane vil da sannsynlegvis ha gått på Vg1 med ulik grad av avvik frå læreplanverket. Departementet er samd med høringsinstansane i det, og viser til at det vil vere meir i samsvar med tanken om tidleg innsats å gi elevane høve til å ta Vg1 over to år, i staden for å måtte vente til eit fjerde år. Departementet foreslår også at tidsavgrensinga for innføringstilbod blir sett til to år, jf. punkt 6.4.3. Eit høve til å ta Vg1 over to år vil harmonere med denne toårsgrensa.

Fylkeskommunane meiner også at elevane skal kunne søkje seg inn på innføringstilbod i staden for at innføringstilboden blir knytt til det programområdet eleven søker seg inn på. Dette er eit spørsmål som departementet vil vurdere nærmare i det vidare arbeidet med forslaga frå Østberg-utvalet.

Når elevane i vidaregåande opplæring har gjennomført innføringstilboden, skal dei begynne på ordinært vidaregåande løp i dei skolane dei er tekne inn i. Dette vil gjelde alle elevar i vidaregåande opplæring, uavhengig av lengda på innføringstilboden. Dersom innføringstilboden blir avslutta midt i eit skoleår, skal eleven halde fram i det ordinære løpet det er gjort avvik frå i enkeltvedtaket. Departementet understrekar at mange av elevane framleis kan ha behov for og rett til særskild språkopplæring etter § 3-12. Dette gjeld også morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Den særskilde språkopplæringa skal etter innføringstilboden givast innanfor rammene av gjeldande første til fjerde ledd. Det vil seie at elevane ikkje kan organiserast i grupper baserte på språklege dugleikar ut over det som går fram av opplæringslova § 8-2 i andre fag enn norsk. Ei eventuell tilrettelegging i andre fag må vurderast ut frå behov som eleven har for spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1.

#### **5.4.5 Unntak frå læreplanverket**

Nykomne minoritetsspråklege elevar kan for ein periode ha behov for at det blir gjort avvik frå læreplanverket, under dette fag- og timefordelinga. Problemstillinga er påpeikt av Østberg-utvalet.

Målsetjinga med innføringstilbod er at elevane skal lære norsk slik at dei kan delta i ordinær opplæring. Det kan dermed vere aktuelt å satse sær-

leg på norsk i ein innføringsfase. Østberg-utvalet peiker på at det i tillegg til opplæring i norsk, bør givast opplæring i dei aktuelle faga som dei andre elevane får på same alderstrinn. Utvalet peiker også på at jo seinare i skoleløpet eleven kjem til Noreg, desto viktigare vil det vere at eleven får opplæring i grunnleggjande dugleikar i dei sentrale faga etter gjeldande læreplanverk. Departementet vil komme tilbake til det nærmare innhaldet i innføringsstilboda i samsvar med det som er varsla i Meld. St. 22 (2010-2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter, Ungdomstrinnet*, der det blir sagt at departementet vil "vurdere om det er behov for ytterligere nasjonale føringer når det gjelder innhold og organisering av tilbudet". Departementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å utvikle ein rettleiar om innføringsstilbod til nykomne minoritetsspråklege elevar med omsyn til både organisering og innhald.

I dette lovforslaget legg departementet til rette for at det kan vere mogleg å gjere avvik frå læreplanverket for desse elevane, i vedtaket som er knytt til særskild språkopplæring. Det blir foreslått at det kan gjerast avvik frå fag- og timefordelinga og kompetansemåla i læreplanen. Det er berre i den perioden da eleven går i innføringsstilbod det kan gjerast avvik frå læreplanverket på bakgrunn av §§ 2-8 nytt femte ledd og 3-12 nytt femte ledd. Departementet meiner det ikkje er nødvendig å gjere vedtak om spesialundervisning med føregåande sakkunnig vurdering. Det blir lagt til grunn at kommunen/fylkeskommunen må gjere nødvendige vurderingar i framkant av vedtaket om særskild språkopplæring, jf. saksbehandlingsreglane i forvaltningslova om utgreiings- og grunngivingsplikt. Elevane skal kartleggjast undervegs i opplæringa, og det er denne kartlegginga som ligg til grunn for kva slags språkopplæring eleven har behov for, og kva for avvik frå læreplanverket som er nødvendige for å vareta eleven sitt behov.

Organiseringa av opplæringa (om eleven skal få opplæring i ei gruppe utanfor klassen eller eineundervisning) og om det skal gjerast avvik frå læreplanverket, må gå fram av vedtaket om særskild språkopplæring. Avvik frå fag- og timefordelinga skal berre gjerast i dei tilfella da dette er nødvendig for å vareta behova til eleven. Dette inneber at det må vurderast konkret for kvar enkelt elev om og i kva omfang det skal gjerast unntak frå fag- og timefordelinga i læreplanverket. Opplæringa må tilpassast til eleven sine føresetnader, og eleven må sikrast forsvarleg utbytte av opplæringa. Elevane i grunnskolen vil sannsynlegvis ha svært ulike opplæringsbehov, avhengig av

den opplæringa dei har fått i heimlandet og kva for språklege utfordringar dei har.

Oslo kommune meiner det ikkje bør vere krav til det same totale timetalet, men at elevane skal ha gjennomsnittleg årstimal. Kommunen har erfaringar med at aldersblanda grupper er ein føresetnad for å få ein storleik på gruppene som er pedagogisk og sosialt forsvarleg. Elevane kjem frå ulike utdanningssystem og har ulik utdanningsbakgrunn, og det er derfor ingen lineær samanheng mellom alder og opplæringsbehov. Oslo kommune meiner derfor at det er nødvendig å kunne berekne eit gjennomsnittleg årstimal for elevar i innføringsstilbod. Departementet er ikkje samd i dette og meiner at elevane skal ha det same totale timetalet som andre elevar. Forslaget går ut på at eit innføringsstilbod for den enkelte eleven skal ta utgangspunkt i læreplanverket for det enkelte årstrinnet eller det programområdet eleven går på. I forslaget er det krav om at kvar enkelt elev skal ha eit individuelt vedtak der det er vurdert kva for avvik som er nødvendige for den enkelte. Formålet med innføringsstilbod er at eleven skal lære norsk, men departementet meiner at det også må vurderast om eleven kan ta imot opplæring etter læreplanen i eitt eller fleire fag, og/eller om eleven kan få opplæring i ordinær klasse i somme fag. Det kan sikkert vere formålstenleg for kommunen/fylkeskommunen å organisere elevane i aldersblanda grupper og på tvers av programområde. Men departementet vil presisere at opplæringa må tilpassast til dei føresetnade eleven har, og at eleven må sikrast forsvarleg utbytte av opplæringa. Elevane vil sannsynlegvis ha svært ulike opplæringsbehov, avhengig av den opplæringa dei har fått i heimlandet og dei språklege utfordringane dei har. Det følgjer av forslaget at kommunen/fylkeskommunen berre kan gjere avvik frå læreplanverket i den utstrekning det er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Kommunen/fylkeskommunen kan ikkje med heimel i dette lovforslaget organisere eit opplæringsstilbod som er likt for alle elevane. Departementet held fast ved forslaget om at elevane skal ha det same totale timetalet som dei skulle hatt etter læreplanverket.

Når ein elev blir overført til ordinær opplæring, må eventuelle avvik frå læreplanverket heimlast i vedtak etter kapittel 5 i lova.

For elevar i vidaregående opplæring er det fag- og timefordelinga på det programområdet eleven er teken inn på, det kan gjerast eventuelle avvik frå. Departementet meiner at nykomne elevar i vidaregående opplæring må sikrast opplæring etter sine evner og føresetnader. I vedtaket om

særskild språkopplæring bør det komme tydeleg fram at det er vurdert om eleven kan følgje nokon av faga på Vg1. Østberg-utvalet peikte på at ei løsing med fellesfag i innføringsklassen (norsk, engelsk, matematikk, naturfag, samfunnsfag, geografi og kroppsøving) og deltaking i praktisk orienterte fag saman med den ordinære klassen, vil kunne vere eigna.

Departementet ser at det også kan vere behov for unntak frå krava om vurdering. Det kan vere vanskeleg å gi ein elev vurdering i form av ein karakter i ein nybegynnarfase pga. svake norsk-dugleikar. Vidare kan eleven for ein periode ha fått unntak frå fag, slik at det ikkje er grunnlag for vurdering. Det er likevel viktig at lærarane sørger for at elevane forstår kva dei skal lære, og kva som er forventa av dei, at dei får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten av arbeidet eller prestasjonen deira, og at dei får råd om korleis dei kan forbetra seg. I forskrifta til opplæringslova § 3-21 står: *Minoritetsspråklege elevar i grunnskolen som begynner opplæringa i Noreg siste halvdel av eit opplæringsår, er fritekne frå vurdering med karakterar i fag dette opplæringsåret, dersom foreldra ber om dette. Dette gjeld både halvårsvurdering med karakter og standpunktvrurdering.* Dette gjeld for minoritetsspråklege elevar i grunnskolen, men omfattar ikkje elevar i vidaregåande opplæring. Til samanlikning blir det vist til at elevar i vidaregåande opplæring med individuell opplæringsplan ikkje kan få fritak frå vurdering med karakter. Departementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å greie ut og foreslå forskriftsendringar knytte til fritak for vurdering med karakter for minoritetsspråklege elevar i innføringstilbod. Dette forslaget er sendt på høring februar 2012.

#### 5.4.6 Klageinstans

Klageinstansen for enkeltvedtak om særskild språkopplæring er ulik for elevar i grunnskolen og for elevar i vidaregåande opplæring. Departementet er klageinstans for alle enkeltvedtak i grunnskolen, jf. § 15-2 første ledd. Enkeltvedtak i den vidaregåande opplæringa skal som hovudregel klagast til fylkeskommunen. Somme vedtak, som f.eks. enkeltvedtak om spesialundervisning i den vidaregåande opplæringa, skal klagast til departementet. Bakgrunnen for dette er at vedtak om spesialundervisning gjeld ressursar til utsette grupper, og at det derfor vart sett som nødvendig med statleg overprøving etter klage.

Østberg-utvalet foreslo at opplæringslova § 15-2 andre ledd blir endra slik at departementet også skal vere klageinstans for vedtak etter § 3-12 for

vidaregåande opplæring. Departementet støttar utvalet i denne vurderinga. Det er berre eit fåtal av høringsinstansane som har uttalt seg om dette særskilt. Fleirtalet støttar at klagekompetansen blir lagd til departementet. Da retten til særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring vart tydeleggjord i § 3-12, vart ikkje klageordninga omtalt, jf. Ot.prp. nr. 40 (2007-2008). Elevar i vidaregåande opplæring kunne ha rett til særskild språkopplæring før lovendringa, men da etter § 5-1 om spesialundervisning. For vedtak om spesialundervisning var det departementet som var klageinstans. Departementet legg til grunn at det ikkje var tilskita at klageinstansen skulle endrast. Departementet (delegert til fylkesmannen) er også klageinstans for enkeltvedtak m.a. om opplæring i inntil to år ekstra etter § 3-1 femte ledd, som denne gruppa elevar kan ha rett til. Det vil vere naturleg at same instans behandlar klage på vedtak om særskild språkopplæring og vedtak om utvida opplæringstid. Vedtak om særskild språkopplæring gjeld på lik linje med vedtak om spesialundervisning for ressursar til utsette grupper. Det blir presisert at også organiseringa og eventuelle avvik frå læreplanverket kan klagast på. Departementet foreslår derfor at departementet også skal vere klageinstans for vedtak etter § 3-12 for vidaregåande opplæring.

#### 5.4.7 Private skolar

Departementet sende eit forslag om at også private skolar godkjende etter privatskolelova eller etter opplæringslova § 2-12 skulle kunne leggje til rette for innføringstilbod for eventuelle nykomne minoritetsspråklege elevar ved skolen. Det er berre eit fåtal av høringsinstansane som har uttalt seg om innføringstilbod ved private skolar. Dei som har uttalt seg, støttar forslaget, men med nokre endringsforslag.

For private grunnskolar godkjende etter opplæringslova § 2-12 er det ikkje aktuelt å leggje til rette for innføringstilbod, da § 2-8 om særskild språkopplæring ikkje gjeld for desse skolane, jf. § 2-12 tredje ledd.

Private skolar kan godkjennast etter privatskolelova § 2-1 dersom dei skal drivast på eitt av seks nærmare oppgitte grunnlag. Eigne innføringsskolar er ikkje eitt av desse grunnlag. Kristne Fri-skolers Forbund (KFF) meiner det bør leggjast til rette for at dei private skolane skal kunne drive innføringstilbod som "annen virksomhet" etter privatskolelova § 2-2 første ledd. Dette kan etter KFF vere aktuelt der ein kommune har ein privatskole med mange aktuelle elevar og/eller god

kompetanse på dette området, slik at det er mest naturleg at alle dei aktuelle elevane i kommunen får opplæringa ved privatskolen, ikkje ved ein communal skole. Departementet foreslo ikkje å opne for eigne privatåtte innføringsskolar for nykomne elevar. Privatskolelova sitt formål er først og fremst å leggje til rette for at foreldre skal ha høve til å velje private skolar for barna sine på bakgrunn av overtydingane sine. Drift av eventuelle eigne innføringsskolar bør vere eit offentleg ansvar. Tilsvarande vurdering må etter departementet sitt syn vere gjeldande for anna verksemد.

Departementet meiner at det i utgangspunktet er positivt med mest mogleg parallelle reglar og handlefridommar for offentlege og private skolar. Det har ikkje komme fram innvendingar mot forslaget, og departementet held derfor oppe forslag også for private skolar etter privatskolelova.

Departementet peikte i høringsforslaget på enkelte særskilde problemstillingar og utfordringer ved å opne for innføringstilbod i private skolar. Dette knyter seg særleg til kven som gjer vedtak og med kva for innhald. Det er heimkommunen/heimfylket til eleven som skal kartleggje norskkunnskapane til eleven, gjere vedtak om særskild språkopplæring og dekkje utgiftene til slik opplæring. I forslaget om innføringstilbod etter opplæringslova skal kommunen/fylkeskommunen i tillegg gjere vedtak om organisering av tilboden og eventuelle avvik frå læreplanverket, under dette fag- og timefordelinga.

Eit kommunalt/fylkeskommunalt vedtak om språkopplæring i offentleg skole vil etter forslaget såleis både kunne omfatte rett til særskild språkopplæring og vedtak om organisering av elevar i eigne klassar/grupper, og avvik frå læreplanverket. Den siste delen av vedtaket, om innføringstilbod, pålegg ikkje skoleeigaren ei plikt. På same måten som det er opp til den enkelte kommunen/fylkeskommunen å organisere slike særskilde opplæringstilbod for nykomne minoritetsspråklege elevar, meiner departementet at det også bør vere opp til den enkelte private skolen om skolen vil organisere eit særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper eller klassar.

Organisering i eiga gruppe/eigen klasse skal etter forslaget berre gjerast der dette er rekna for å vere til beste for eleven. Det er kommunen/fylkeskommunen som kartlegg norskkunnskapane til eleven, men departementet antek at det er skolen som best kjenner dei lokale forholda og kva som vil vere det beste opplæringstilboden på den enkelte skolen og for den enkelte eleven. Ein privat skole som ønskjer å tilby ein elev eit særskilt opplæringstilbod, må hjelpe kommunen/fylkes-

kommunen med nødvendig informasjon om eleven og det tilbodet skolen vil gi. Kommunen/fylkeskommunen skal kartleggje norskkunnskapane og vil ha informasjon om dette. Den private skolen må sørge for at kommunen/fylkeskommunen har informasjon om korleis tilboden skal organiserast, gi ei vurdering av kvifor dette er rekna for å vere til beste for eleven og ei vurdering av kor lenge eit særskilt tilbod bør givast. Vidare må den private skolen sørge for å gi kommunen/fylkeskommunen ei vurdering av kva for avvik frå læreplanverket som er nødvendige for å vareta behova til eleven. Kor stort behov kommunen/fylkeskommunen har for informasjon frå den private skolen vil kunne variere. Det er viktig med god dialog og samarbeid mellom kommunen/fylkeskommunen og den private skolen for å vurdere kva som vil vere det beste opplæringstilboden for den enkelte eleven. Dette peiker også KFF på i hørингssvaret. Det er viktig at kommunen/fylkeskommunen har den informasjonen som er nødvendig for å opplyse saka så godt som mogleg før det blir gjort vedtak om særskilt opplæringstilbod etter forslaget til nye føresegner. For at ein privat skole skal kunne gi eit opplæringstilbod i samsvar med vedtaket må det komme fram av sjølv vedtaket at den private skolen kan gi eit særskilt opplæringstilbod. Eleven/dei føresette må også her samtykkje til eit særskilt vedtak. Departementet meiner det vil vere praktisk at skolen innhentar samtykke i samband med å gi kommunen/fylkeskommunen den nødvendige informasjonen for å få saka godt opplyst. Dersom eleven/dei føresette ikkje samtykkjer, vil det ikkje være behov for at kommunen/fylkeskommunen skal gjere eit særskilt vedtak.

Departementet foreslår at kommunen/fylkeskommunen må omtale organiseringa av opplæringstilboden i den private skolen i vedtaket som skissert ovanfor.

Dersom eleven/dei føresette ikkje ønskjer eit særskilt opplæringstilbod, må skolen leggje til rette for særskild språkopplæring innanfor rammene av ordinær opplæring, i samsvar med vedtaket i kommunen/fylkeskommunen etter § 3-5 første ledd. Departementet viser til at elevar i private skolar kan ha rett til særskild språkopplæring. I tillegg kan elevane ha rett til spesialundervisning etter opplæringslova kapittel 5. Dette sikrar tilrettelegging for elevar i dei private skolane som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilboden. Det gjeld både dei som ikkje samtykkjer til innføringstilbod og dei som går i private skolar som ikkje tilbyr innføringstilbod.

M.a. KFF har teke opp spørsmål om tilskott for elevar i private skolar som går i innføringstilbod. Dersom ein elev får innføringstilbod i den private skolen, er han rekna som elev der, og tilskott blir utløyst etter reglane i økonomiforskrifta til privatskolelova (for 2006-12-19 nr. 1503). Dersom ein elev går i innføringstilbod i ein kommunal/fylkeskommunal skole, vil det ikkje bli utløyst tilskott til den private skolen, sidan grunnlaget for å rekne ut statstilskott er talet på heilårselevar som faktisk har følgt opplæringa, jf. økonomiforskrifta § 13.

Oslo kommune meiner at private skolar bør søkje staten om godkjenning for å kunne organisere innføringstilbod, slik praksis er når det gjeld andre opplæringstilbod i private skolar. Oslo kommune meiner også at staten bør dekkje kostnadene for desse tilboda og dessutan føre tilsyn, og at same instans bør godkjenne, finansiere og føre tilsyn med innføringstilbod i private skolar. Alternativt må kommunen få kompensasjon for meirutgiftene. Departementet viser til gjeldande privatskolelov § 3-5 første ledd, som seier at "Elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk, har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg duguileik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen". Det er ikkje foreslått innført nokre nye rettar for elevane, men det blir opna for at den særskilde språkopplæringa for nykomne minoritetsspråklege elevar kan organisera i eigne klassar eller grupper. Det er ikkje gitt pålegg om å tilby denne typen organisering, verken for dei private skolane eller kommunen/fylkeskommunen. Departementet vil peike på at den private skolen og kommunen/fylkeskommunen her må samarbeide om vurderinga av kva som vil vere det beste opplæringstilbodet for den enkelte eleven. Departementet kan ikkje sjå at det er behov for at private skolar skal måtte søkje staten om dette. Ei slik organisering skal knytast til vedtaket om særskild språkopplæring etter privatskolelova § 3-5. Det er kommunen/fylkeskommunen som er nærmast til å vurdere slike enkeltsaker. Tilsvarande reglar gjeld for vedtak om spesialundervisning i private skolar, jf. privatskolelova § 3-6.

Når det gjeld finansieringa av innføringstilbod i private skolar, viser departementet til at det etter privatskolelova § 3-5 er "heimkommunen eller heimfylket til eleven som gjer vedtak og dekkjer utgiftene til slik opplæring". Det er ikkje foreslått endringar knytte til finansieringa av særskild språkopplæring. Det vil vere opp til kommunen og fylkeskommunen å vurdere omfanget av utgiftene i samband med eit vedtak om innføringstilbod.

#### **5.4.8 Forslag frå departementet**

Departementet foreslår at nykomne minoritetsspråklege elevar i grunnskolen og i vidaregående skole skal kunne organisera i særskilde innføringstilbod. Elevar skal berre få innføringstilbod dersom dette er til beste for eleven, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Departementet foreslår vidare at slike innføringstilbod kan være i inntil to år, men at vedtak om organisering av innføringstilbod berre kan gjerast for eitt år om gongen. Forslaget går også ut på at det kan gjerast avvik fra læreplanverket når dette er nødvendig for å vareta eleven sine behov, under dette fag- og timefordeling og kompetansemål. For å sikre elevane/dei føresette valfridom er det foreslått at eit slikt vedtak krev samtykke frå elev/føresette. Departementet foreslår at rammene for organiseringa av opplæringa for denne gruppa elevar i innføringstilbod blir knytte til enkeltvedtaket om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova §§ 2-8 og 3-12. Departementet foreslår også at private skolar skal kunne gi innføringstilbod. Det blir i privatskolelova § 3-5 foreslått at kommunen/fylkeskommunen skal gjere vedtak om slik organisering, og at den private skolen kan gi slikt opplæringstilbod. Dei private skolane som ønskjer å gi elevane innføringstilbod, må sørge for at kommunen/fylkeskommunen har den informasjon som er nødvendig for å kunne gjere slikt vedtak.

Opplæringslova § 15-2 andre ledd vert foreslått endra slik at vedtak om særskild språkopplæring etter § 3-12 kan klagast til departementet (delegerert til fylkesmannen).

## **6 Forslag om ei eiga føresegns om opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)**

### **6.1 Bakgrunnen for forslaget**

I Meld. St. 18 (2010-2011) *Læring og fellesskap*, som er ei oppfølging av NOU 2009:18 *Rett til læring*, står det at departementet vil innføre ei eiga føresegns i opplæringslova om opplæring av elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). Nemninga ASK omfattar ulike måtar å kommunisere på og blir nytta av menneske som heilt eller delvis manglar tale og som derfor har behov for andre uttrykksformer.

I stortingsmeldinga *Læring og fellesskap* heiter det:

"For å tydeliggjøre dagens rettigheter i lovverket for elever med behov for ASK, foreslår departementet at det innføres en egen bestemmelse i opplæringsloven der det fastslås at opplæringen av elever med kommunikasjonsvanskår skal legge til rette for opplæring i de kommunikasjonsformer og med de kommunikasjonsmidler som er tilpasset den enkelte. Det skal ikke innføres nye rettigheter, men presiseres at elever som har rett til spesialundervisning, har rett til nødvendig innlæring av alternativ og supplerende kommunikasjon."

Spørsmål om rettar for elevar med behov for ASK har tidlegare vore behandla i Stortinget i samband med behandlinga av St.meld. nr. 23 (2007-2008) *Språk bygger broer*. I Innst. S. nr. 10 (2008-2009) fremja fleirtalet i Kyrkle-, utdannings- og forskingskomiteen dette forslaget:

"Stortinget ber Regjeringen komme tilbake med forslag til tiltak slik at elever som trenger utvikling i talespråk, tegnspråk, alternativ kommunikasjon, supplerende kommunikasjon, eller en kombinasjon av disse, får innfridd sine rettigheter etter lovverket."

Spørsmål om opplæringstilbodet for elevar med kommunikasjonsvanskår har også vore behandla i Stortinget gjennom representantforslag Dokument

nr. 8:72 (2008-2009) og Innst. S. nr. 239 (2008-2009).

### **6.2 Gjeldande rett**

#### *Opplæringslova*

Opplæringslova har ikkje føresegner som særskilt regulerer opplæringa for elevar som har behov for alternative og supplerande kommunikasjonsformer. Men opplæringslova inneholder generelle føresegner om opplæringa som gjeld alle elevar, inkludert elevar med behov for ASK. Det følgjer av § 1-3 første ledd at opplæringa skal tilpassast til evnene og føresetnadene hos den enkelte. Vidare gir § 5-1 elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, individuell rett til spesialundervisning. Elevar som får spesialundervisning, har rett til det same totale timetalet som andre elevar, jf. § 5-1 andre ledd tredje setning.

Retten til spesialundervisning etter § 5-1 må sjåast i samanheng med føresegna om tilpassa opplæring i § 1-3. Føresegna om spesialundervisning kjem til bruk når det er behov for ei meir omfattande tilpassing av undervisninga enn den som kan givast innanfor ordinær opplæring. Retten til spesialundervisning er først og fremst knytt til særskilde opplæringsbehov.

Retten til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1 omfattar også utstyr som er nødvendig for å gjennomføre spesialundervisninga. Dette gjeld særskilt tilpassa lærermiddel, som f.eks. forskjellige typar programvare. I tillegg gir § 9a-2 tredje ledd første setning alle elevar rett til ein arbeidsplass som er tilpassa til behova deira. Føresegna inneber at eleven m.a. kan ha rett til særskilt utforma undervisningsrom og inventar og til særskilt tilpassa datautstyr. Vidare følgjer det av opplæringslova § 9-3 at skolane skal ha tilgang til nødvendig utstyr, inventar og lærermiddel. Etter opplæringslova § 2-15 skal kommunen bere utgiftene til det undervisningsmateriellet som den enkelte eleven treng for å delta i opplæringa.

Etter opplæringslova § 5-5 skal elevar som får spesialundervisning ha ein individuell opplæringsplan. Planen skal innehalde dei mål opplæringa har, og kva slags opplæring som er nødvendig for å nå desse måla.

Opplæringslova skil ikkje mellom ulike former for spesialundervisning, og spesialundervisning kan bestå av ei rekkje tiltak. Kva for tilbod om spesialundervisning som skal givast, skal avgjerast etter individuell vurdering og på bakgrunn av sak-kunnig vurdering frå pedagogisk-psykologisk teneste etter reglane i opplæringslova § 5-3. Avgjerd om spesialundervisning skal takast av kommunen eller fylkeskommunen. Mynde til å avgjere spørsmål om spesialundervisning kan delegerast internt i kommunen eller fylkeskommunen, f.eks. til rektor ved den enkelte skolen. Avgjerala er eit enkeltvedtak som kan klagast etter reglane i forvaltningslova. Fylkesmannen er klageinstans.

Opplæring spesielt organisert for vaksne er regulert i opplæringslova kapittel 4A. Opplæringa skal vere tilpassa til den vaksne sine behov, jf. opplæringslova § 4A-1 siste punktum. Det følgjer av opplæringslova § 4A-2 første ledd at vaksne som ikkje får tilfredsstillande utbytte av ordinær grunnskoleopplæring spesielt organisert for vaksne, har rett til spesialundervising. Etter andre ledd i føresegna har vaksne som har særleg behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleikar, f.eks. grunnleggjande kommunikasjonsdugleikar, rett til slik opplæring. Opplæringslova gir ikkje rett til spesialundervisning for personar som får vidaregåande opplæring spesielt tilrettelagd for vaksne.

Barn under opplæringspliktig alder som har særlege behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp etter opplæringslova § 5-7. Spesialpedagogisk hjelp kan m.a. omfatte innlæring av alternativ og supplerande kommunikasjon. Spesialpedagogisk hjelp kan omfatte eit vidt spekter av hjelptiltak, og hovudformålet med hjelpa er å medverke til at barnet blir betre rusta til å begynne i grunnskolen. Hjelpa skal vere tilgjengeleg uavhengig av om barnet går i barnehage eller ikkje, og kan organiserast som eige tiltak eller knytast til ein barnehage, skole eller sosiale og medisinske institusjonar. Det avgjerande er kva for behov det enkelte barnet har, og det er inga nedre aldersgrense for å setje inn tiltak.

### *Privatskolelova*

Privatskolelova § 3-4a første ledd inneheld ei føresegns om tilpassa opplæring som tilsvrar opplæ-

ringslova § 1-3 første ledd. Vidare følgjer det av § 3-6 første ledd at retten til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1 også gjeld for elevar i private skolar.

### *Internasjonale forpliktingar*

I FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne, art. 24 nr. 3 bokstav a), heiter det at konvensjonspartane skal «*legge til rette for innlæring av punktskrift, alternativ skrift, alternative og supplerende kommunikasjonsformer, -midler og formater, [...]*». Noreg har underteknna, men enno ikkje ratifisert konvensjonen. Rettane i artikkel 24 er likevel allereie gjennomførte i norsk rett gjennom ulike rettar i opplæringslova. Retten til grunnskole- og vidaregående opplæring er lovfesta i opplæringslova § 2-1 og § 3-1. Føresegne gir alle, inkludert menneske med nedsett funksjonsevne, lik rett til gratis offentleg grunnopplæring. Det følgjer vidare av opplæringslova § 1-3 at opplæringa skal tilpassast til evnene og føresetnaden hos den enkelte. Elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av den ordinære tilpassa opplæringa, har rett til spesialundervising. Tilpassa opplæring og spesialundervising, saman med rettane til punktskrift- og teiknspråkopplæring (opplæringslova §§ 2-6, 2-14, 3-9, 3-10), gir elevane rettar som omfattar og til dels går utover dei rettane som er gitt i artikkel 24 i konvensjonen.

## **6.3 Høringa**

### **6.3.1 Høringsforslaget frå departementet**

I høringa foreslo departementet å innføre ei eiga lovforesegn om opplæring av elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon.

I høringsbrevet skrev departementet m.a.:

"Elever som har behov for ASK er sikret rett til innlæring og bruk av ASK gjennom bestemmelsene om tilpasset opplæring og spesialundervisning. For å bidra til å sikre at elever som trenger ASK får oppfylt sine rettigheter etter opplæringsloven foreslår departementet at det sies eksplisitt i loven at elever som har behov for ASK har rett til å bruke egnede kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonshjelpe-midler i opplæringen og at disse elevene også har rett til nødvendig opplæring i å bruke ASK. En slik bestemmelse skal ikke innebære nye rettigheter men er ment å synliggjøre det som allerede følger av dagens regel-

verk. Dette innebærer at skolen skal sørge for en best mulig tilpasning av opplæringen til den enkelte elevs evner og forutsetninger, jf. opplæringsloven § 1-3. Når eleven ikke får eller kan få tilfredsstillende utbytte av det ordinære opplæringstilboret vil eleven ha rett til spesialundervisning, jf. opplæringsloven § 5-1. Brukere av ASK har behov for kommunikasjonsformer og kommunikasjonsmidler tilpasset den enkelte, og det er vesentlig at opplæringstilboret avgjøres etter en individuell vurdering etter bestemmelserne om spesialundervisning når eleven har behov for en mer omfattende tilpasning enn den som kan gis innenfor den ordinære opplæringen. Departementet foreslår at det innføres tilsvarende bestemmelser for voksne som får opplæring spesielt organisert for voksne etter lovens kapittel 4A og for elever i private skoler godkjent etter privatskoleloven.”

Innføring av ei eiga lovforesegn som gjeld barn i førskolealder som har behov for ASK, vil bli vurdert i samband med flytting av retten til spesialpedagogisk hjelp for førskolebarn frå opplæringslova § 5-7 til barnehagelova, sjå Meld. St. 18 (2010-2011) *Læring og fellesskap* avsnitt 4.2.2.

### 6.3.2 Synspunkt frå høringsinstansane

Eit klart fleirtal av dei 192 høringsinstansane som har gitt høringsfråsegn, støttar eller har ingen kommentarar til forslaget. 61 av høringsinstansane har uttalt seg konkret om forslaget. 43 av dei er positive til forslaget, medan 18 er negative. Dei andre høringsinstansane har ingen merknader eller gir ikkje fråsegn om dette forslaget.

Dei av høringsinstansane som støttar forslaget, gir uttrykk for at det er ønskeleg å tydeleggjere dagens rettar i lovverket. *Norsk Forbund for Utviklingshemmede* er mellom dei som er positive til forslaget. Forbundet uttaler at sjølv om forslaget berre inneber ei stadfesting av gjeldande rett, er dette likevel ei presisering som etter deira vurdering vil betre høvet for den enkelte eleven til å få opplæring i ASK. Enkelte av høringsinstansane, mellom dei *Barneombudet* og *Torshov kompetansesenter*, understrekar at det er viktig at også barn i førskolealder med behov for alternativ og supplrande kommunikasjon blir sikra retten til opplæring i dette, og at det blir teke inn ei eiga lovforesegn i barnehagelova.

*Cerebral Parese-foreningen*, som også støttar forslaget, meiner at paragrafen utgjer ei nødvendig og viktig presisering, sjølv om retten allereie er på plass i lovverket, fordi rettar som i praksis

ikkje blir innfridd er verdlause for dei personane rettane omfattar. *ISAAC Norge (International Society for Augmentative and Alternative Communication)*, som er svært fornøgd med forslaget om at det blir innført eigne føresegner for menneske som treng ASK, foreslår at lovpresiseringa også må omfatte bruk av nødvendige lærermiddel. Også *Statped Vest* meiner at lova bør nemne lærermiddel. Elles uttaler både ISAAC Norge og Statped Vest at det bør utarbeidast ein rettleiar for opplæring av elevar med behov for ASK.

ISAAC Norge nemner vidare at lovendringa ikkje berre bør gjelde dei som heilt eller delvis manglar funksjonell tale, men også elevar som har nedsett eller manglande forståing av tale. Også *Trondheim kommune*, som primært ikkje støttar forslaget, har den merknad at kommunen sekundært meiner at forslaget bør endrast til å gjelde elevar som har kommunikasjonsvanskar, og uttaler at:

”Det er flere årsaker til kommunikasjonsvanskar enn mangel av funksjonell tale. Med forslaget utelukker man blant annet elever som har vansker med språkforståelse.”

Fleire av høringsinstansane, mellom dei ISAAC Norge, peiker på behovet for kompetanse om ASK. Både *Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO)*, *Utdanningsforbundet* og *Hovedorganisasjonen for universitets- og høyskoleutdannede (Unio)*, som alle støttar forslaget, er mellom dei som har merknader om at det er eit stort behov for grunnleggjande kompetanse om ASK i pedagogisk-psykologisk teneste og blant undervisningspersonalet. *Horten kommune* meiner at opplæringslova med forskrifter må innehalde eit tydeleg krav om kompetanse for det undervisningspersonalet som skal gjennomføre ASK.

*Troms fylkeskommune*, som verken støttar eller avviser forslaget, stiller spørsmål om korleis opplæring i og bruk av ASK er tenkt gjennomført i bedrift for lærekandidatar.

Enkelte av høringsinstansane uttaler seg også om økonomiske konsekvensar av forslaget. *Autismeforeningen* skriv at det er deira erfaring at ingen presiseringar sikrar ytingar dersom det ikkje også finst konkrete, nærmast øyremerkte, økonomiske ordningar for dette.

Dei av høringsinstansane som ikkje støttar forslaget, mellom dei *KS, Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon*, ønskjer ikkje ytterlegare detaljregulering av allereie gjeldande rett. *Fylkesmannen i Sør-Trøndelag* uttaler at opp-

læringslova vil kunne bli ytterlegare komplisert dersom det skal utarbeidast lovforesegner for dei elevane som allereie er omfatta av reglane om spesialundervisning.

## 6.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til at fleirtalet av dei høringsinstansane som har uttalt seg, støttar eller ikkje har kommentarar til forslaget. Somme høringsinstansar har merknader til forslaget, og nedanfor vil departementet sjå nærmare på enkelte av dei.

Til merknaden frå ISAAC Norge og Statped Vest om at lovpresiseringa også bør omfatte bruk av nødvendige lærermiddel vil departementet framheve at det følgjer av opplæringslova § 9-3 at skolane skal ha tilgang til nødvendig utstyr, inventar og lærermiddel, og at kommunen skal bere utgiftene til det undervisningsmateriellet som den enkelte eleven treng for å delta i opplæringa. Vidare omfattar retten til spesialundervisning utstyr som er nødvendig for å gjennomføre spesialundervisninga. Dette gjeld særskilt tilpassa lærermiddel, som f.eks. forskjellige typar programvare. Departementet meiner at det på denne bakgrunn ikkje er nødvendig med ytterlegare detaljregulering.

ISAAC Norge uttaler at lovteksten bør endrast slik at elevar som har nedsett eller manglende forståing av tale også blir nemnde eksplisitt i paragrafen. Departementet vil understreke at det ikkje er meininga at elevar som har vanskar med språkforståing, skal vere utestengde frå dei som kan ha rett til ASK. Hovudpoenget med forslaget frå departementet er å synleggjere behovet for ASK som kommunikasjonsmåte både innanfor tilpassa opplæring og spesialundervisning. ASK kan, ifølgje Statped, seiast å vere alt som hjelper ein person til å kommunisere effektivt når talespråket ikkje strekk til. Elevar med behov for ASK er følgjeleg først og fremst kjenneteikna ved at dei heilt eller delvis manglar talespråk. Personar som har behov for ASK er som oftast svært ulike, og det kan derfor vere samansette årsaker til behovet for ASK. Barn, unge og vaksne som har nedsett eller manglende forståing av tale og som har behov for ASK, vil i alle tilfelle vere omfatta av reglane om tilpassa opplæring og spesialundervisning i opplæringslova. Departementet er oppteke av ikkje å detaljregulere årsaker til behov for ASK, og foreslår derfor å behalde ordlyden slik denne er foreslått i høringa.

Departementet er samd med m.a. Utdanningsforbundet i at det er eit stort behov for grunnleggjande kompetanse om ASK i pedagogisk-psykologisk teneste og blant undervisningspersonalet. Departementet vil framheve at behovet for kompetanse er omtalt i høringa. Der står det at

"For å øke kunnskapen om ASK omtaler departementet i Meld. St. 18 (2010-2011) *Læring og fellesskap* hvordan Statped skal styrke og videreutvikle egen kompetanse på dette fagområdet og kompetansen i kommunene og fylkeskommunene der det er behov. I tillegg skal Statped samordne og videreutvikle opplæringsprogram for foreldre til barn med behov for ASK".

Når det gjeld merknaden frå Horten kommune om at opplæringslova med forskrifter må innehalde tydelege krav til kompetanse for det undervisningspersonalet som skal gjennomføre ASK, legg departementet ikkje opp til at det no skal fastsetjast nokon slike krav. Departementet viser elles til forslaget om innføring av nye krav om kompetanse for å undervise i dei enkelte fag og omtalen av ASK under pkt. 3.5.2.2 i denne proposisjonen.

Til spørsmålet frå Troms fylkeskommune om korleis opplæring i og bruk av ASK er tenkt gjennomført i bedrift for lærekandidatar, vil departementet vise til at det er fylkeskommunen som skal oppfylle retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova, jf. opplæringslova § 13-3. Normalordninga for lærekandidatar er ein redusert læreplan med berre eit utval av måla i den ordinære læreplanen. Progresjonen i opplæringa skal tilpassast til føresetnadene hos lærekandidaten, og det skal arbeidast mot det høgaste sluttlevnålet lærekandidaten kan meistre. På dette grunnlaget må fylkeskommunen fastsetje ein plan for opplæringa for kvar enkelt. Når lærekandidaten ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringstilbodet etter den reduserte læreplanen, har han/ho rett til spesialundervisning. Det er fylkeskommunen sitt ansvar, på bakgrunn av sakkunnig vurdering frå pedagogisk-psykologisk teneste, å ta stilling til om lærekandidaten har rett til spesialundervisning, og kva denne retten skal gå ut på. M.a. kan lærekandidaten ha rett til ekstra ressursar i form av ekstra personale eller ekstra utstyr. Fylkeskommunen må dekkje utgiftene til slike ekstra ressurser. Dette følgjer allereie av føresegnehene om spesialundervisning i opplæringslova § 5-1. Ingen har rett til å få læretid i bedrift, og det er opp til den enkelte lærebodrifta å ta avgjerd om å ta imot dei lærekandidatane som blir tilbodne frå fylkeskom-

munen. Ei lærebedrift som har teke imot ein lærekandidat, må medverke til at rettane for kandidaten etter opplæringslova blir oppfylte. Dette er også understreka i Ot.prp. nr. 44 (1999-2000) i avsnitt 3.5 *Rett til å teikne opplæringskontrakt i fag som har læretid i bedrift, med sikte mot kompetanse på lågare nivå.*

Til merknadene om at forslaget bør følgjast opp med statlege midlar vil departementet vise til at forslaget er ei presisering av gjeldande rett, og at det derfor ikkje vil medføre økonomiske eller administrative konsekvensar.

Departementet har merkt seg at ISAAC Norge og Statped Vest meiner at det bør utarbeidast ein rettleiar for opplæring av elevar med behov for ASK. Departementet vil vurdere dette nærmare.

Når det gjeld kommentaren frå m.a. Barneombodet om at det bør takast inn ei eiga lovforesegn i barnehagelova om alternativ og supplerande kommunikasjon, viser departementet til at innføring av ei eiga lovforesegn som gjeld barn i førskolealder som har behov for ASK, vil bli vurdert i samband med flytting av retten til spesialpedagogisk hjelp for førskolebarn frå opplæringslova § 5-7 til barnehagelova.

I samsvar med høringsutkastet legg departementet etter dette fram forslag om at det blir innført eigne lovforesegner om opplæring av elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, og at dette blir lovfesta i ny § 2-16, ny § 3-13, ny § 4A-13 i opplæringslova og i ny § 3-14 i privatskolelova.

## 7 Forslag om å innføre høve til godkjenning av private skolar som tilbyr opplæring i små og verneverdige handverksfag

### 7.1 Bakgrunnen for forslaget

Gamle handverksdugleikar er ein del av vår immaterielle kulturarv. I 2006 ratifiserte Stortinget UNESCOs konvensjon 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven. Konvensjonen understrekar at det ikkje berre er funksjonen av produkta som har verdi, men sjølv handverksteknikken, og at det er knytt ein tradisjon til denne. Ratifiseringa av UNESCO-konvensjonen viser eit ønske om å ta vare på gamle og tradisjonelle handverk.

Enkelte private skolar gir opplæring i små og verneverdige handverksfag. Privatskolelova opnar likevel ikkje for godkjenning av nye, reine handverksskolar som skal gi opplæring i små og verneverdige handverksfag, eller for at slike skolar kan utvide verksemda si ved å starte nye tilbod eller utvide elevtalet i allereie eksisterande tilbod. Departementet meiner det er viktig at opplæringsstilboden i små og verneverdige fag til kvar tid speglar behovet for nye utøvarar i faget. Fleire aktuelle saker viser at det er behov for at departementet får høve til å godkjenne private opplæringstilbod i tradisjonelle handverksfag, slik at behovet for nye utøvarar i faget kan møtast og fagtradisjonar haldast oppe.

### 7.2 Gjeldande rett

Privatskolelova § 2-1 første og andre ledd lyder i dag slik:

#### § 2-1. Godkjenning av skolar

Departementet kan godkjenne private skolar og driftsendringar ved godkjende private skolar. Departementet kan godkjenne at ein grunnskole flytter verksemda si til ein annan kommune, eller at ein vidaregåande skole flytter verksemda si til ein annan fylkeskommune. Vertskommunen eller vertsfylket skal gi fråsregn før departementet gjer vedtak i saka, og

kan klage på departementet sitt vedtak. Godkjende skolar har rett til statstilskott etter § 6-1 og til å drive verksemd etter lova.

Skolane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag:

- a) religiøst
- b) anerkjend pedagogisk retning
- c) internasjonalt
- d) særskilt tilrettelagt vidaregående opplæring i kombinasjon med toppidrett
- e) norsk grunnskoleopplæring i utlandet
- f) særskilt tilrettelagt opplæring for funksjonshemma.

Det er såleis berre skolar som oppfyller krava til grunnlag i bokstav a-f som kan godkjennast etter privatskolelova.

Av § 2-1 femte ledd følgjer det at departementet, ved skolar som ikkje oppfyller krava til grunnlag, berre kan godkjenne *nødvendige driftsendringar*. Kva som er nødvendige driftsendringar, er presisert slik i Ot.prp. nr. 37 (2006-2007) om ny privatskolelov:

"Med nødvendige driftsendringar er meint endringar i læreplanen som følge av endringar i den offentlege læreplanen eller i strukturen for den offentlege 13-årige grunnopplæringa. Dette inneber at lova ikkje opnar for godkjenning av driftsendringar i form av auka elevtal, nye trinn og nye utdanningsprogram for dei aktuelle skolane."

Privatskolelova er såleis til hinder for oppretting av nye private tilbod innanfor små og verneverdige handverksfag.

Privatskolelova § 2-2 tredje ledd fastset ei minimumsgrense for elevtal. Føresegna i tredje ledd lyder slik:

Dersom ein skole har færre enn 15 elevar tre skoleår i samanheng, fell godkjenninga bort. For norske skolar i utlandet gjeld ei tilsvarende minimumsgrense på 10 elevar. Departementet

kan i særskilde tilfelle gjere unntak frå minimumskrava til elevtal.

Om høva til unntak for skolar som tilbyr små og verneverdige fag vart dette uttalt i Ot.prp. nr. 37 (2006-2007) om ny privatskolelov:

"Departementet ser at det for tilbydarar av små tradisjonelle handverksfag og andre små fag kan verke urimeleg å krevje eit minimumstal på 15 elevar (...) Det kan derfor vere aktuelt med eit permanent unntak frå regelen for skolar som berre tilbyr små og verneverdige handverksfag og andre små fag, der minimumskravet til elevtal vil medføre at slike fag ikkje lenger blir tilbodne i Noreg."

## 7.3 Hørингa

### 7.3.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsforslaget foreslo departementet at privatskolelova § 2-1 blir endra slik at departementet kan godkjenne nye skolar, og driftsendringar ved eksisterande skolar, som gir opplæring i små og verneverdige handverksfag. Departementet foreslo vidare at privatskolelova § 2-2 blir endra slik at det kjem eksplisitt fram at skolar som gir opplæring i små og verneverdige handverksfag, er unntakne frå kravet til minimum elevtal.

Om omgrepene "små og verneverdige handverksfag" uttalte departementet dette i høringsforslaget:

"Sekretariatet for små og verneverdige fag (SSV) og Utdanningsdirektoratet har en definisjon av begrepet "små og verneverdige fag" som er knyttet til følgende kriterier:

- Faget skal være en del av tilbudsstrukturen for videregående opplæring eller være godkjent som et forsøk.
- Faget er truet og fagkunnskaper står i fare for å dø ut på grunn av mangel på nyrekryttering.
- Faget skal ivareta tradisjonelle handverksfaglige teknikker, materialer og metoder.
- Faget har kulturell verdi som det av samfunnsmessige årsaker er viktig å videreføre.
- Faget har under 15 nye lærekontrakter i løpet av en tre års periode.

Etter departementets vurdering vil disse fem kriteriene også være sentrale momenter ved

vurderingen av om det dreier seg om "små og verneverdige håndverksfag" etter den foreslatte bestemmelsen i privatskoleloven. Kriteriene er ikke å forstå verken som absolutte vilkår eller nødvendigvis kumulative vilkår. Det vil altså ikke være slik at det kun er opplæring i fag som er å finne på SSVs fagliste som skal kunne godkjennes. Andre fag kan også, etter en helhetsvurdering, falle inn under bestemmelsen.

For å ivareta skolenes behov for forutsigbarhet i driftsenhet foreslår departementet videre at en privatskole ikke vil miste godkjenningen til å gi opplæring i et håndverksfag, kun fordi faget ev. faller ut av SSVs liste."

Om godkjenningsvurderinga uttalte departementet i høringsforslaget:

"I vurderingen av hvorvidt en søknad om godkjennning av ny privatskole, eller endring i driftsenheten ved eksisterende skole skal godkjennes, vil behovet for nye utøvere i faget veie tungt. Det samme vil muligheten for lærepllass etter endt opplæring i skole. Hvorvidt faget tilbys i den offentlige skolen eller ikke vil også være en del av denne vurderingen. Er det fra før et etablert tilbud i den offentlige skolen, eller i våre naboland, som dekker behovet for nye utøvere i faget, vil dette kunne tale imot en godkjennning. Er det et udekket behov for nye utøvere, vil dette tale for. Ettersom forholdet til hva som tilbys av fylkeskommunen er relevant, vil vertsfylkets uttalelse til de ulike søknadene ha betydelig vekt. Godkjenningsvurderingen for denne type opplæringstilbud vil således skille seg noe fra den vurdering som gjøres for skoler som søker om å drive på grunnlag av et av grunnlagene i privatskoleloven § 2-1 a-f, der det i tråd med behandlingen av Ot.prp. nr. 37(2006-2007) ligger en formodning om godkjennning dersom skolene oppfyller lovens minstekrav.

Departementet vil bemerke at det kun er opplæringstiden i skole som etter dette forslaget kan godkjennes, jf. den til enhver tid gjeldende tilbudsstruktur i videregående opplæring. Etter endt opplæringstid i privatskolen vil den videre opplæringen, på samme måte som i dag, reguleres av opplæringsloven med forskrifter. Det betyr for eksempel at ved etterfølgende opplæring i bedrift må lærekontrakten/opplæringskontrakten godkjennes av fylkeskommunen for å bli gyldig, jf. opplæringsloven § 4-5 annet ledd."

Om unntaket frå minimumskrav til elevtall uttalte departementet i høringsforslaget:

"Ettersom opplæring i små og verneverdige håndverksfag er og skal være et tilbud for få elever, i fag som trenger få utøvere, er et krav om mange elever ved skolene lite hensiktsmessig. Unntak i hvert enkelt tilfelle vil avhjelpe dette, men etter departementets vurdering vil et allmenngjeldende unntak i loven være mer hensiktsmessig og gi søker bedre forutsigbarhet. Departementet vil derfor foreslå at det presiseres i privatskoleloven at alle skoler som gir opplæring i små og verneverdige håndverksfag er unntatt fra kravet til minimumselevtall. Unntaket vil imidlertid utelukkende gjelde for skoler som kun tilbyr opplæring i små og verneverdige håndverksfag. Skoler som i tillegg tilbyr andre opplæringstilbud enn opplæring i små og verneverdige håndverksfag, vil ikke være omfattet av unntaket."

### 7.3.2 Synspunkt frå høringsinstansane

Kunnskapsdepartementet har fått 52 høringsfråsegner. 30 høringsinstansar støttar forslaget og framhevar at forslaget vil vere positivt for å ta vare på og vidareføre tradisjonelle handverksfag. Berre 4 høringsinstansar er negative til forslaget.

*Porsgrunn kommune, Fredrikstad kommune, Rogaland fylkeskommune, Kunsthøgskolen i Oslo, Norsk Handverksutvikling, Faglig råd for restaurant- og matfag, Høgskolen i Oslo og Akershus, Felles forbundet, Norsk Lektorlag og Fylkesmannen i Oppland* støttar forslaget.

*Porsgrunn kommune* uttaler:

"Porsgrunn kommune er enig i viktigheten av å ta vare på kunnskapene i små og verneverdige håndverksfag. Vi er også enige i at det er nødvendig, og positivt at private skoler, basert på fagmiljøer, bidrar til å opprettholde tilbuddet i noen av disse fagene. Vi støttar derfor en endring i privatskoleloven slik departementet foreslår(..)"

*Fylkesmannen i Oppland* uttaler:

"Fylkesmannen i Oppland støttar forslaget om å endre lov 2. juli 2003 nr. 84 om private skoler med rett til statstilskot (privatskolelova), slik at den åpner for å godkjenne skoler som tilbyr opplæring i små og verneverdige håndverksfag."

Med de forutsetninger som ligger i betegnelsen av fagene for at de skal anses som "små og verneverdige", er unntaket frå minimumsgrensen for elevtall nødvendig for at bestemelsen skal ha betydning i praksis.

Oppland fylke har per i dag en privat skole som tilbyr opplæring i disse fagene, og vi anser derfor endringa i privatskoleloven som viktig for å ivareta denne skolen."

*Norsk Handverksutvikling* uttaler:

"Det er positivt at det tas initiativ for å få til flere skoletilbud innen håndverksfag. Det er bra at det åpnes for at private skoler kan gi utdanningstilbud i håndverksfag som ikke tilbys i offentlig videregående skole."

*Miljøverndepartementet* støttar forslaget og uttaler:

"Endringen av bestemmelsene i loven åpner for å godkjenne skoler som tilbyr små og verneverdige håndverksfag. Miljøverndepartementet oppfatter dette som svært positivt. Vi støttar derfor forslaget."

*LO* og *NHO* støttar også forslaget. *NHO* støttar forslaget, men meiner at forslaget til endring av regelen om eit minimumstal elevar bør justerast.

*NHO* uttaler:

"Det er positivt at Kunnskapsdepartementet åpner for endring av privatskoleloven slik at hindre for etablering av nye private tilbod innen små og verneverdige håndverksfag tas bort."

Vi støttar forslaget om endring av lovtekst i privatskoleloven § 2-1 og 2-2, angående godkjenning av nye skoler, opning for driftsendringer på eksisterende skoler og bortfall av kravet til et minimum antall elever.

Til § 2-2, tredje ledd er det imidlertid viktig å presisere at minimumskravet skal bortfalle for skoler som i tillegg til de små og verneverdige fag, har større fag i sin tilbudsportefølje."

*LO* støttar forslaget og uttaler:

"LO ønsker ikke private skoler med mindre det er helt spesielle og særskilte årsaker til at tilbuden ikke kan opprettes innen rammen av den offentlige fellesskolen i Norge."

LO er kjent med at fylkekommunene ser liten mulighet for å opprettholde en så bred til-

budsstruktur at de verneverdige fagene i praksis oppleves som tilgjengelige på linje med andre og større fag. Det er ofte voksne som søker seg til denne typen fagtilbud, og mange har benyttet seg av opplæringsretten tidligere. Opplæringen for denne faggruppen har vært til vurdering i både nasjonale og nordiske miljøer over lang tid uten at en har lykkes med å fremme konkrete løsninger. Det er viktig at fylkeskommunenes uttalelse til søknadene blir vektlagt, og at det tegnes ordinære lærekontrakter. Myndighetene må stille kvalitetskrav til utdanningene, slik at man ivaretar helheten i opplæringen for elevene og lærlingene.

Med de spesielle forholdene som her ligger til grunn, vil LO kunne støtte en endring i privatskoleloven og de tilhørende endringer som departementet foreslår om å vurdere forskriften for inntak av voksne og unntak fra minimumsgrense for elevtall. LO legger til grunn en restriktiv praksis for godkjenning.

LO forutsetter at deltagelse i denne typen opplæring skal være gratis på linje med annen videregående opplæring for de med opplæringsrett, og at fylkeskommunen ikke skal miste ressurser til øvrig offentlig videregående fag- og yrkesopplæring som følge av at private tilbud opprettes."

*Oslo kommune* har ingen andre merknader til forslaget enn desse kommentarane:

"Oslo kommune slutter seg ikke til at finansiering av tilbudene legges inn i den etablerte trekk- og korreksjonsordningen for elever i private skoler i inntektssystemet. Erfaringsmessig er de fleste kandidater i små og verneverdige fag i Oslo voksne søker uten opplæringsrett, som allerede har fullført videregående opplæring. En slik automatisk trekkordning vil således i realiteten medføre et direkte ramme-kutt for Oslo kommune, tilsvarende trekksatsen i ordninga multiplisert med antall oslo-elever.

Oslo kommune har erfaring med at det er vanskelig å skaffe læreplasser innenfor små og verneverdige fag. Søkere som ikke får lærekontrakt vil ha rett til opplæring i skole, noe som blir svært kostbare tilbud. Oslo kommune mener derfor at det må forutsettes at den private skolen som er tilbyder av faget, og som kjenner fagmiljøet best og som selv foretar inntaket, må være organisatorisk og økonomisk ansvarlig for å gi elevene alternativt "Vg3 i skole". Oslo mener videre at den statlige finan-

sieringsordningen må utvides med en komponent som fanger opp finansieringen av elever som må fullføre opplæringen i skole fordi de ikke får læreplass. Denne komponenten må også holdes utenfor trekk- og korreksjonsordningen."

*Steinerskoleforbundet* og *Norsk Handverksutvikling* peiker i sine høringsfråsegner på at den statlige finansieringa av dei private handverkstilboda bør styrkjast. Steinerskoleforbundet foreslår at statstilskottet skal setjast til 100 % av tilskottsgrunnlaget, slik at foreldrebetalinga blir avgrensa.

*Utdanningsdirektoratet* støttar forslaget, men peiker på enkelte presiseringar:

"Utdanningsdirektoratet vil presisere at skolene som blir godkjent etter ny § 2-1 andre ledd bokstav g, må tilby alle fagene som følger etter læreplanen, og ikke bare programfagene som er tilknyttet programområdet de blir godkjent for.

Departementet skriver i andre avsnitt i punkt 3.3 at "det kun er opplæringstiden i skole som etter dette forslaget kan godkjennes, jf. den til enhver tid gjeldende tilbudsstruktur i videregående opplæring".

Utdanningsdirektoratet vil her presisere at denne lovendringen ikke vil åpne for at skoler godkjent etter § 2-1, andre ledd, bokstav g, kan få godkjent Vg3 i skole der elevene ikke får lærekontrakt etter endt Vg2."

*Utdanningsforbundet, Faglig Råd for Naturbruk, Nord-Trøndelag Fylkeskommune* og *Skolenes Landsforbund* støttar ikkje forslaget og peiker på at opplæring i små og verneverdige handverksfag er ei offentleg oppgåve.

*Utdanningsforbundet* uttaler m.a.:

"Utdanningsforbundet mener at opplæring også i små og verneverdige håndverksfag er en offentlig oppgåve. Statstilskuddet som utløses ved at private aktører overtar dette ansvaret bør overføres til de aktuelle fylkeskommunene som tar ansvaret for denne opplæringen.

I og med at det er et viktig nasjonalt anliggende (jf. Stortingets ratifisering av UNESCOs konvensjon av 2003 om vern av den immaterielle kulturarven) bør også staten ta det ansvaret det medfører. Det vil si å sørge for at de offentlige skolene har mulighet til, i større grad enn i dag, å ta ansvaret også for denne delen av yrkesopplæringen."

## 7.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet meiner at det er viktig at opplæringstilboden i små og verneverdige fag til kvar tid speglar behovet for nye utøvarar i faget. Fleire aktuelle saker viser at det er behov for at departementet får høve til å godkjenne private opplæringstilbod i tradisjonelle handverksfag, slik at behovet for nye utøvarar i faget kan møtast og fagtradisjonar haldast oppe. Departementet vil understreke at opplæring i desse faga er, og skal halde fram med å vere, eit ansvar for den offentlege skolen, men som eit avgrensa supplement spelar dei private tilboda ei viktig rolle.

Departementet viser til at fleirtalet av dei høringsinstansane som uttaler seg om forslaget, støttar det, og foreslår såleis her lovendringar i samsvar med høringsforslaget.

Høringsinstansane har ingen særlege merknader til departementet sin omtale av omgrepene "små og verneverdige handverksfag" eller omtalen av godkjenningsvurderinga. For desse delane av forslaget viser departementet til høringsnotatet.

*Utdanningsforbundet, Faglig Råd for Naturbruk og Skolenes Landsforbund* støttar ikkje forslaget, og peiker på at opplæring i små og verneverdige handverksfag er ei offentleg oppgåve. Departementet er samd i at opplæring i desse faga er, og skal halde fram med å vere, eit ansvar for den offentlege skolen. Private handverksskolar kan likevel, slik departementet ser det, vere med og medverke til å sørge for at opplæringstilboden i desse faga speglar behovet for nye utøvarar i faga. Som eit avgrensa supplement spelar dei private tilboda derfor ei viktig rolle.

Enkelte høringsinstansar, mellom dei *NHO*, ønskjer at endringa i § 2-2 skal gjelde også for skolar som tilbyr andre fag i tillegg til små og verneverdige handverksfag. Til dette vil departementet seie at grunngivinga for forslaget til endring i § 2-2 er at skolar som berre gir opplæring i små og verneverdige handverksfag, vil og skal ha få elevar. Minimumskrav til elevtal for desse skolane vil derfor vere lite treffande. Når det gjeld skolar som også tilbyr andre fag, vil det etter departementet sitt syn vere rimeleg at minimumskravet til elevtal gjeld, og at behovet for eit allmenngjeldande unntak frå minimumskravet til elevtal i desse tilfella ikkje er tungtvegande. Departementet viser samtidig til at det etter privatskolelova § 2-2 tredje ledd siste punktum kan gjerast unntak frå kravet til elevtal i særlege tilfelle, også for skolar som ikkje

berre gir opplæring i små og verneverdige handverksfag.

*LO* støttar forslaget, men uttaler at deltaking i denne typen opplæring skal vere gratis på linje med anna vidaregående opplæring for dei med opplæringsrett. Til dette vil departementet seie at private skolar kan krevje skolepengar som kan utgjere maksimalt 15 prosent av tilskottsgrunnlaget. Opplæringa i private skolar er derfor ikkje nødvendigvis gratis for elevane.

Til høringsfråsegna frå *Oslo kommune* om trekk- og korreksjonsordninga vil departementet seie at det i høringsnotatet vart vist til at for elevar utan rett til opplæring kan det innebere meirkostnader for fylkeskommunen tilsvarende trekksatsen i trekk- og korreksjonsordninga. Ingen av dei andre fylkeskommunane har kommentert dette i høringsvara. Høgst truleg vil det dreie seg om svært få elevar, og eventuelle meirkostnader for fylkeskommunane vil derfor vere rimeleg små. Departementet viser elles til at fylkeskommunane også skal gi tilbod til vaksne som ikkje har rett til vidaregående opplæring, jf. opplæringslova § 13-3 andre ledd. Departementet held fast ved at elevar ved nye tilbod blir inkluderte i trekk- og korreksjonsordninga.

*Steinerskoleforbundet* og *Norsk Handverksutvikling* peiker i høringsfråsegna på at den statlege finansieringa av dei private handverkstilboda bør styrkast. Til dette vil departementet seie at det etter departementet sitt syn er rimeleg at grunnlaget for tilskottet til dei private handverksskolane, på same måten som for andre private vidaregåande skolar, er gjennomsnittlege driftsutgifter per elev ved tilsvarende utdanningsprogram i den offentlege vidaregåande skolen, og at skolane får tilskott tilsvarende 85 % av dette tilskottsgrunnlaget.

*Utdanningsdirektoratet* presiserer i høringsfråsegna at dei skolane som blir godkjende etter ny § 2-1 andre ledd bokstav g, må tilby alle faga som følgjer etter læreplanen, ikkje berre dei programfaga som er knytte til det programområdet dei blir godkjende for. Departementet er samd i dette, og dette er også i samsvar med høringsforslaget.

*Utdanningsdirektoratet* presiserer i tillegg at lovendringa ikkje vil opne for at skolar godkjende etter § 2-1, andre ledd, bokstav g, kan få godkjent Vg3 i skole der elevane ikkje får lærekontrakt etter avslutta Vg2. *Oslo kommune* og *Norske Fag- og Friskolers Landsforbund* peiker i høringsfråsegna på at det derimot bør opnast for at private skolar kan/skal leggje til rette for at elevar kan ta Vg3 i skole, som eit alternativ til læreplassar.

Til dette vil departementet seie at det berre er fag i den til kvar tid gjeldande tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring som vil kunne bli godkjende. Etter avslutta opplæringstid i privatskolen vil den vidare opplæringa, på same måten som i dag, vere regulert av opplæringslova med forskrifter. Lovforslaget vil ikkje opne for godkjenning av Vg3 i skole ved dei private skolane. Departementet understrekar i denne samanhengen at høvet til læreplass etter avslutta opplæring i skole vil vege tungt i godkjenningsvurderinga. Er det stor uvisse knytt til tilgjengelege læreplassar, vil dette tale imot godkjenning av opplæringstilbodet.

Det er viktig å ta vare på gamle og tradisjonelle handverk, slik at behovet for nye utøvarar i faget kan bli møtt, likeeins fagtradisjonar. I samsvar med høringsforslaget legg departementet derfor fram forslag om at privatskolelova § 2-1 blir endra slik at departementet kan godkjenne nye skolar, og driftsendringar ved eksisterande skolar, som gir opplæring i små og verneverdige handverksfag. Departementet legg vidare fram forslag om at privatskolelova § 2-2 blir endra slik at det kjem eksplisitt fram at skolar som berre gir opplæring i små og verneverdige handverksfag, er unntekne frå kravet til eit minimumstal elevar.

## 8 Økonomiske og administrative konsekvensar av forslaga

### 8.1 Forslag om å innføre krav om relevant kompetanse i undervisningsfag

Eit krav om relevant kompetanse for å kunne undervise i fag vil ha betydning for samansetjinga av personalet i skolane. Somme kommunar gir uttrykk for at forslaget vil gi meir kompliserte tilsetjings- og planleggingsprosessar, og KS meiner at det vil bli lagt ned mykje arbeid når det gjeld å få tak i relevant og riktig kompetanse og å vurdere bruk av unntaksføresegner.

Det vil framleis vere tilsetjingskrava i opplæringslova § 10–1 og tilhørande forskriftsføresegner som regulerer kven som kan bli tilsett i undervisningsstilling. I desse reglane er det ikkje foreslått endringar. Skoleeigaren bør likevel ved utlysing og tilsetjing vurdere kva for fag stillinga tek siktet på å dekkje, og kva krav som er stilte til relevant kompetanse for å kunne undervise i desse faga. Skoleeigaren har allereie i dag ei viss plikt til å leggje vekt på dette etter regelverket, jf. opplæringslova § 10–5 og kapittel 14 i forskrifta. Etter departementet si vurdering kan derfor ikkje tilsetjingsprosessane seiast å bli vesentleg meir kompliserte ved innføring av krav om at lærarar skal ha relevant fagkompetanse i undervisningsfaga sine.

Skoleeigaren vil måtte ta omsyn til kravet om relevant undervisningskompetanse ved planlegging av undervisninga. Kravet vil likevel ikkje gjelde lærarar som tilfredsstiller kompetansekrava for å bli tilsette i skolen før ny § 10–2 om relevant undervisningskompetanse blir sett i kraft. Det vil derfor ikkje gjelde lærarar som arbeider i skolen i dag, og krava vil på den måten bli innførte gradvis, etter kvart som nye kull med lærarstudentar er klare til å søkje jobb i skolen. Krava vil heller ikkje gjelde for mellombels tilsette, vikarar eller dei som er tilsette på vilkår. Det er vidare foreslått at skoleeigaren skal kunne fråvike krava der det ikkje lèt seg gjere å finne lærarar med rett kompetanse. Avgjerder om dette vil ikkje vere enkeltvedtak, og ved skolar med små ungdomstrinn vil det verken være nødvendig å vurdere dette kvart år eller for kvar enkelt lærar. Unntaka

tek omsyn til at det kan vere vanskeleg for mange skoleeigarar å få tak i rett kompetanse, og departementet meiner at dei løysingane som er valde, vil sørge for at dei nye reglane er så lite tidkrevjande som mogleg. Det har vore viktig å finne løysingar som ikkje vil ha store administrative konsekvensar for skoleeigarane.

Etter departementet si vurdering vil forslaget samla sett derfor ikkje medføre meir arbeid i den grad at det vil utgjere auka administrative konsekvensar av vesentleg betydning.

*Skolenes landsforbund, Kristne Friskolers Forbund og Landslaget for nærmiljøskolen* meiner at forslaget kan føre til auka skolesentralisering. Der det ikkje er mogleg å tilfredsstille dei nye krava, gjer unntaksordningane at det likevel vil vere mogleg å gjennomføre opplæring utan å endre skolestrukturen. Departementet vurderer det derfor slik at forslaget ikkje vil medføre auka skolesentralisering.

Enkelte høringsinstansar uttaler at forslaget heng saman med etter- og vidareutdanning på ein slik måte at forslaget vil måtte ha økonomiske konsekvensar. Skoleeigaren har i dag eit generelt ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda, og for å ha eit system som gir lærarane høve til nødvendig kompetanseutvikling. Kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget vil ikkje medføre plikt til etter- og vidareutdanning utover dagens system, og etter departementet si vurdering inneber forslaget derfor ikkje økonomiske konsekvensar som følgje av dette.

Somme av høringsinstansane meiner at forslaget vil kunne medføre auka lønnskostnader. Undervisningspersonell blir lønt etter tariffavtalar som i hovudsak gir lønn etter formalkompetanse (grunnlønn) og ansiennitet. Så lenge allmennlærarutdanninga har vore fireårig, har dei uteksaminate hatt kompetanse og grunnlønn som adjunktar. Ettersom dei nye grunnskolelærarutdanningane også er fireårlige, innebar ikkje bortfallet av allmennlærarutdanninga auke av lønnskostnadene. Det foreslår kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget føreset ikkje andre eller lengre lærarutdanninger, og skulle

derfor i seg sjølv heller ikkje medføre auke i lønnskostnadene.

Departementet meiner etter dette at forslaget om krav om relevant undervisningskompetanse, med dei unntak og høve til å fråvike krava som er foreslått, ikkje vil ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **8.2 Forslag om å lovfeste høve til å tilsetje på vilkår**

Departementet foreslår ein ny § 10–6a i opplæringslova som vil gi høve til å tilsetje på vilkår om at påbyrja utdanning blir fullført, der det ikkje er aktuelle søkjavar som fyller alle kompetansekrav for tilsetjing. Forslaget er ei utviding av dagens føresegn § 14–5 i forskrift til opplæringslov, og vil erstatte denne.

Forslaget vil gi skoleeigaren noko meir fleksibilitet og handlefridom i samband med tilsetjing av undervisningspersonell. Skoleeigaren blir ikkje pålagd nye plikter ved innføringa av ei slik føresegn.

Departementet meiner såleis at ei slik lovfestning av høve for skoleeigaren til å tilsetje på vilkår ikkje vil ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **8.3 Innføringstilbod**

Forslaget vil ikkje i seg sjølv ha økonomiske og administrative konsekvensar. Skoleeigaren får med dette lovforstaget høve til å tilby nykomne minoritetsspråklege elevar eit innføringstilbod. Kommunane og fylkeskommunane får ikkje pålegg om å tilby elevane dette. Dersom skoleeigaren vel å gi innføringstilbod, må dei eventuelle ekstra kostnadene ved dette dekkjast innanfor gjeldande ramme.

Klage på vedtak om særskild språkopplæring etter § 3-12 for elevar i vidaregåande opplæring skal etter lovforstaget behandlast av departementet (delegert til fylkesmannen). Fylkeskommunen vil med dette få frigjort ressursar, og ikkje lenger vere klageinstans for denne typen enkeltvedtak. Fylkesmannen vil med dette få tilført denne oppgåva. Fylkesmannen er kjend med temaet, sidan embetet allereie er klageinstans for denne typen vedtak på grunnskoleområdet, jf. opplæringslova § 2-8.

I årsrapporten for 2010 har fylkesmannen rapportert å ha behandla totalt 24 klagar på bakgrunn av vedtak etter § 2-8. Dette betyr i snitt 1,3 klage-

saker per embete. Departementet meiner at dette kan gi ein indikasjon på omfanget også for klagar etter § 3-12 for elevar i vidaregåande opplæring, sjølv om det er fleire elevar i grunnskolen enn i vidaregåande opplæring. Sidan omfanget av klagar ikkje synest å vere stort, meiner departementet at det ikkje er behov for å kompensere fylkesmannen særskilt for denne oppgåva.

Etter privatskolelova § 3-5 er det "heimkommunen eller heimfylket til eleven som gjer vedtak og dekkjer utgiftene til slik opplæring". Det er ikkje foreslått endringar knytte til finansieringa av særskild språkopplæring. Det vil vere opp til kommunen og fylkeskommunen å vurdere omfanget av utgiftene i samband med eit vedtak om innføringstilbod. Det er ikkje foreslått ei eiga statleg tilskottsordning for finansiering av innføringstilbod, utover den eksisterande kommunale finansieringa av særskild språkopplæring.

## **8.4 Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)**

Forslaget om å innføre ei eiga lovforesegn om opplæring av elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon er ei presisering av gjeldande rett og inneber ikkje at det blir innført nye rettar. Forslaget vil derfor ikkje medføre økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **8.5 Små og verneverdige handverksfag**

Departementet legg til grunn at eventuelle nye elevplassar/-tilbod som får godkjenning som små og verneverdige handverksfag, skal utløyse stats tilskott etter gjeldande reglar for tilskott til private vidaregåande skolar, jf. privatskolelova og forskrifter. I samsvar med hovudregelen i privatskolelova § 6-1 får godkjende tilbod tilskott med 85 % av eit tilskottsgrunnlag per elev. Grunnlaget for tilskotet er gjennomsnittlege driftsutgifter per elev ved tilsvarande utdanningsprogram i den offentlege vidaregåande skolen.

Det er vidare lagt til grunn at elevar ved nye tilbod blir inkluderte i trekk- og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skolar i inntektssystemet. Dette inneber at det blir gjort ei årleg justering i den samla inntektsramma for kommunane i høve til endra elevtal i private skolar, og ein korreksjon i utrekningane av rammetilskottet til den enkelte kommunen, for at fylkes-

kommunar ikkje skal ha ein gevinst eller eit tap i høve til om dei har elevar i private skolar.

For elevar med rett til opplæring etter opplæringslova er det lagt til grunn at forslaget ikkje vil medføre vesentlege meirkostnader, verken for staten eller fylkeskommunane. For elevar utan rett til opplæring kan det innebere meirkostnader for fylkeskommunen tilsvarande trekksatsen i trekk- og

korreksjonsordninga. Dette vil dreie seg om svært få elevar, og eventuelle meirkostnader for fylkeskommunane vil derfor vere rimelege. Departementet viser elles til at fylkeskommunane også skal gi tilbod til vaksne som ikkje har rett til vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 13-3 andre ledd.

## 9 Merknader til lovforsлага

### 9.1 Endringar i opplæringslova

*Til § 2-8 femte ledd*

Retten til særskild språkopplæring følgjer av det første ledet i føresegna. Nytt femte ledd gjer det klart at skoleeigaren kan organisere opplæringa av nykomne elevar frå språklege minoritetar i eigne grupper, klassar eller skolar. Skoleeigaren får ikkje pålegg om å gi slike tilbod, men kan sjølv vurdere å setje dette i gang. Elevane har ikkje rett til å få innføringstilbod. Formålet med eit slikt innføringstilbod er å lære elevane norsk så raskt som mogleg for at dei skal kunne få utbytte av ordinær opplæring.

Kva for elevar som er nykomne må vurderast i dei konkrete tilfella. Kor lenge ein elev kan ha budd i Noreg og likevel vere sedd som nykommen, er ikkje tidfesta. Omgrepet "nykomne" inneber i seg sjølv ei viss avgrensing i tid. Kommunane må sjølve vurdere om eleven har så kort butid i Noreg at han/ho vil kunne ha behov for innføringstilbod. Kommunane må vidare vurdere om innføringstilbod kan reknast for å vere til beste for eleven. I denne vurderinga vil integreringsomsynet vere eit moment som vil vege tungt dersom eleven har budd i Noreg ei tid allereie.

Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i annan klasse/anna basisgruppe eller skole enn den eleven til vanleg skal gå i, skal dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Innføringstilbod kan organisera i eigne klassar eller på eigne innføringsskolar. Formuleringa "heile eller delar av opplæringa" gjeld både innføringsklassar og innføringsskolar. Eit innføringstilbod til ein elev skal berre givast der dette etter ei heilskapsvurdering er rekna for å vere til beste for eleven, noko som må gå fram av vedtaket.

Ei slik særskild organisering av innføringstilbod kan vere i inntil to år. Departementet meiner at ein elev som hovudregel bør overførast til skolen/klassen/basisgruppa etter eitt år, sjølv om lova opnar for at det kan vare i inntil to år. Som oftast vil eitt år vere tilstrekkeleg til å ha fått nok kunnskapar i norsk til å få utbytte av ordinær opplæring, slik at det ut frå ei vurdering av dette og

integreringsomsyn er til beste for barnet å bli overført til ordinær skole/klasse/gruppe. Det kan likevel vere tilfelle der eitt år kan bli for kort tid i eit innføringstilbod. Særleg elevar som har behov for alfabetisering og elevar som kjem til Noreg sein i skoleløpet kan ha nytte av eit noko lengre innføringstilbod.

Vedtak om organisering i særskilt opplæringsstilbod kan berre gjerast for eitt år om gongen. Kommunen må dermed gjere ei ny vurdering av kva som er til beste for eleven etter eitt år i innføringstilbod. Av omsyn til integreringa av elevane bør skolen vurdere om eleven kan få eit godt og tilpassa opplæringsstilbod i ordinær klasse med eventuelle vedtak etter § 2-8 og kapittel 5. Det blir presisert at elev/føresette må samtykkje før nytt vedtak blir gjort.

I den perioden eleven skal få innføringstilbod, kan det gjerast avvik frå læreplanverket. Avvik kan berre gjerast når det er nødvendig for å vareta på behova hos eleven. Det må vurderast konkret for den enkelte eleven om og i kva omfang det skal gjerast unntak frå læreplanverket, under dette fag- og timefordelinga. Opplæringa må tilpassast til dei føresetnadene eleven har, og elevane må sikrast forsvarleg utbytte av opplæringa. Elevane vil sannsynlegvis ha svært ulike opplæringsbehov, avhengig av den opplæringa dei har fått i heimlandet og kva for språklege utfordringar dei har. Departementet presiserer at elevane skal ha det same totale timetalet som dei skal ha etter læreplanverket. Med avvik frå læreplanverket er meint både fag- og timefordelinga og kompetansemåla. Vurderinga av elevane må følgje reglane i forskrifta til lova kapittel 3. Departementet viser særleg til § 3-21 om fritak frå vurdering med karakter for minoritetsspråklege elevar i grunnskolen.

Eleven har ikkje plikt til å gå i innføringstilbod. Det må innhentast samtykke frå eleven eller føresette om at eleven skal få innføringstilbod. Dersom ein elev ikkje vil gå i, eller føresette ikkje samtykkje i innføringstilboden, skal eleven få tilbod om særskild språkopplæring innanfor rammene av første til fjerde ledd.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 5.4.

#### *Til § 2-12 tredje ledd*

Lovendringa inneber at private grunnskolar blir omfatta av det nye kravet om at den som skal undervise, må ha relevant fagkompetanse i undervisningsfaget. Den nye føresegna om høvet til å tilsetje nokon på vilkår om at utdanning blir fullførd, skal også gjelde. Departementet vil framleis kunne gjere unntak frå krava i andre og tredje ledd for utanlandske og internasjonale grunnskolar i Noreg, jf. § 2-12 fjerde ledd.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapitla 3.5 og 4.4.

#### *Til ny § 2-16*

Paragrafen presiserer det som allereie følger av § 1-3 om tilpassa opplæring og § 5-1 om spesialundervisning.

*Første ledd* fastslår at skolen må legge til rette for at elevar som har behov for ASK, kan bruke dei kommunikasjonsformer og dei kommunikasjonsmiddel som eleven har behov for som støtte til eller erstatning for talen, og som er nødvendige for den kommunikative og språklege utviklinga til eleven. Eksempel på kommunikasjonsformer er å bruke handteikn, fotografi, grafiske symbol, konkrete handlingar, veremåtar og kroppslege uttrykk. Eksempel på kommunikasjonshjelpemiddel er kommunikasjonsbøker, tematavler og talemaskinar.

*Andre ledd første punktum* viser til reglane om spesialundervisning. Desse reglane gjeld alle elevar, også elevar som har behov for ASK. Reglane om spesialundervisning kjem til bruk når det er behov for ei meir omfattande tilpassing enn den som kan givast innanfor den ordinære opplæringa. Departementet vil framheve at enkelte barn med behov for ASK ikkje nødvendigvis vil ha behov for spesialundervisning etter kapittel 5. Barn med ASK er ei svært ueinsarta gruppe med ulike føresetnader og behov. For somme av desse barna vil det handle meir om tilpassa opplæring, jf. § 1-3, enn om spesialundervisning. Retten til spesialundervisning kjem inn straks skolen ikkje klarer å tilpasse den ordinære opplæringa slik at eleven får tilfredsstillande utbytte. *Andre punktum* inneber at elevar med behov for ASK har rett til opplæring i å bruke ASK når slik opplæring er nødvendig for at eleven skal vere i stand til å gjere seg nytte av retten og plikta til grunnskoleopplæring. Opplæring i å bruke ASK vil ofte vere omfatta av

reglane om spesialundervisning, fordi slik opplæring skil seg frå det behovet for opplæring dei fleste elevane har. Innhaldet i og timetalet til spesialundervisning skal fastsetjast ut frå det behovet den enkelte har, og på bakgrunn av sakkunnig vurdering etter opplæringslova § 5-3.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 6.4.

#### *Til § 3-12 femte ledd*

Rett til særskild språkopplæring følgjer av første ledd i føresegna. Nytt femte ledd klargjer at skoleeigaren kan organisere opplæringa for nykomne elevar frå språklege minoritetar i eigne grupper, klassar eller skolar. Skoleeigaren blir ikkje pålagd å gi slike tilbod, men kan sjølv vurdere å setje dette i gang. Elevane har ikkje rett til å få innføringstilbod. Formålet med innføringstilbod er å lære elevane norsk så raskt som mogleg for at dei skal kunne få utbytte av ordinær opplæring.

Kva for elevar som er nykomne må vurderast i dei konkrete tilfella. Kor lenge ein elev kan ha budd i Noreg og likevel vere rekna som nykommen, er ikkje tidfesta. Omgrepene "nykomne" inneber i seg sjølv ei viss avgrensing i tid. Fylkeskommunane må sjølve vurdere om eleven har så kort butid i Noreg at han/ho kan ha behov for eit innføringstilbod. Fylkeskommunane må vidare vurdere om innføringstilbod er rekna for å vere til beste for eleven. I denne vurderinga vil integreringsområdet vere eit moment som vil vege tungt dersom eleven har budd i Noreg ei tid allereie.

Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i annan klasse/anna basisgruppe eller skole enn den eleven til vanleg skal gå i, skal dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Eit innføringstilbod kan organiserast i eigne klassar eller på eigne innføringsskolar. Formuleringa "heile eller delar av opplæringa" gjeld både innføringsskollar og innføringsskolar. Eit innføringstilbod til ein elev skal berre givast der dette etter ei heilsapsvurdering er rekna for å være til beste for eleven, noko som må gå fram av vedtaket.

Ei slik særskild organisering av innføringstilbod kan vare i inntil to år. Departementet meiner at ein elev som hovudregel bør overførast til skolen/klassen/basisgruppa etter eitt år, sjølv om lova opnar for inntil to år. Av omsyn til integreringa er det viktig at eleven så raskt som mogleg går over i ordinær klasse. Det kan likevel vere tilfelle der eitt år i innføringstilbod ikkje er tilstrekkeleg til å få nok kunnskap i norsk til å få utbytte av ordinær opplæring. Særleg elevar som har behov for alfabetisering og elevar som kjem til

Noreg seint i skoleløpet og med liten skolebakgrunn, kan ha nytte av eit noko lengre innføringsstilbod.

Vedtak om organisering i særskilt opplæringsstilbod kan berre gjerast for eitt år om gongen. Fylkeskommunen må dermed gjere ei ny vurdering av kva som er til beste for eleven etter eitt år i innføringsstilbod. Av omsyn til integreringa av elevane bør skolen vurdere om eleven kan få eit godt og tilpassa opplæringstilbod i ordinær klasse med eventuelle vedtak etter § 3-12 og kapittel 5. Det blir presisert at eleven/dei føresette må samtykke før nyt vedtak blir gjort.

I den perioden elevane skal få innføringsstilbod, kan det gjerast avvik fra læreplanverket. Avvik kan berre gjerast når det er nødvendig for å vareta dei behov elevane har. Det må vurderast konkret for den enkelte eleven om og i kva omfang det skal gjerast unntak fra læreplanverket, under dette fag- og timefordelinga. Opplæringa må tilpassast til dei føresetnadene eleven har, og eleven må sikrast forsvarleg utbytte av opplæringa. Elevane vil sannsynlegvis ha svært ulike opplæringsbehov, avhengig av den opplæringa dei har fått i heimlandet og kva språklege utfordringar dei har. Departementet presiserer at elevane skal ha det same totale timetalet som dei skal ha etter læreplanverket. Med avvik fra læreplanverket er meint både fag- og timefordelinga og kompetansemåla. Vurderinga av elevane må følgje reglane i forskrifa til lova kapittel 3.

Eleven har ikkje plikt til å gå i innføringsstilbod. Det må innhentast samtykke fra eleven eller føresette om at eleven skal ta imot innføringsstilbod. Dersom ein elev ikkje vil gå/føresette ikkje samtykkjer i eit innføringsstilbod, skal eleven få tilbod om særskild språkopplæring innanfor rammene av første til fjerde ledd.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 5.4.

#### Til ny § 3-13

Paragrafen presiserer det som allereie følger av § 1-3 om tilpassa opplæring og § 5-1 om spesialundervisning.

Paragrafen gjeld elevar, lærlingar og lærekandidatar i vidaregåande opplæring, og tilsvarer forslag til ny § 2-16 som gjeld elevar i grunnskolen. Sjå merknadene til § 2-16. Lærlingar har ikkje rett til spesialundervisning, og er derfor ikkje nemnde i andre ledd.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 6.4.

#### Til ny § 4A-13

Paragrafen presiserer det som allereie følger av § 4A-1 første ledd tredje punktum og § 4A-2.

Paragrafen gjeld personar som har rett til opplæring spesielt organisert for vaksne etter kapittel 4A i lova. Paragrafen tilsvarer forslag til nye §§ 2-16 og 3-13, som gjeld elevar i grunnskole og vidaregåande opplæring. Sjå merknadene til desse føresegnene. Deltakrar i vidaregåande opplæring spesielt organisert for vaksne har ikkje rett til spesialundervisning etter kapittel 5, og er derfor ikkje omfatta av andre ledd.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 6.4.

#### Til § 5-5 tredje ledd

*Nytt tredje ledd* opnar for at det i enkeltvedtaket om spesialundervisning skal kunne fastsetjast at den læraren som skal gi spesialundervisning, ikkje treng oppfylle kravet om relevant fagkompetanse i undervisningsfaget. Dette kan berre gjerast dersom ei konkret vurdering av det behovet eleven har eller innhaldet i den individuelle opplæringsplanen tilseier det. Slike unntak skal ikkje ha økonomiske årsaker, men må grunngivast ut frå fagleg-pedagogiske årsaker, slik tilfellet er for avvik fra læreplanverket etter dagens reglar.

Det vil framleis kunne gå fram av enkeltvedtak om spesialundervisning at ein lærar bør ha særskild kompetanse (f.eks. spesialpedagogisk kompetanse), slik det er etter gjeldande rett.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 3.5.3.

#### Til § 10-1

Her blir det ikkje gjort substansielle endringar. Omgrepene "årssteg" blir endra til "årstrinn". Endringa blir gjord berre for at omgrevsbruken i opplæringslova skal bli lik. Årstrinn er den vanlege nemninga elles i lova. Overskrifta blir endra for å presisere at føresegna gjeld kompetansekraav ved tilsettjing i undervisningsstilling.

#### Til ny § 10-2

*Første ledd* inneber at det blir innført eit nytt krav om at den som skal undervise, må ha relevant fagkompetanse i det faget han/ho skal undervise i. Dette betyr at ein lærar som f.eks. skal undervise i matematikk, må ha fagkompetanse som er relevant for å undervise i matematikk. Nærmore innhald i krava (talet på studiepoeng) vil bli fastsett i

forskrift. Det vil vere skoleeigaren sitt ansvar å vurdere kva slags utdanning som skal sjåast som relevant for å undervise i det aktuelle faget på det aktuelle trinnet. Kravet kjem i tillegg til dei krava for å bli tilsett i undervisningsstilling som følger av § 10–1 og tilhørande forskrift. Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 3.5.

*Andre ledd* gir heimel for at departementet kan gi nærmare forskrifter om krav til relevant kompetanse for dei som skal undervise i ulike fag på dei ulike årstrinna i grunnopplæringa. Departementet kan også fastsetje at det ikkje skal stillast slike krav for enkelte fag på enkelte trinn. Forskriftsforsregnene om dette skal etter planen setjast i kraft samtidig som lovendringa. Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 3.5, og da særskilt kapittel 3.5.2.2.

*Tredje ledd* omhandlar situasjonar der kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget etter første ledd ikkje skal gjelde. Kravet vil ikkje gjelde dei som er mellombels tilsette etter opplæringslova § 10–6 eller etter arbeidsmiljølova (vikarar). Det vil heller ikkje gjelde dei som er tilsette på vilkår.

Kravet om relevant kompetanse i undervisningsfaget vil ikkje omfatte dei som tilfredsstiller eit av krava for å bli tilsett i skolen før § 10–2 blir sett i kraft. Dette unntaket omfattar dei som er tilsette i undervisningsstilling etter § 10–1 og arbeider i skolen i dag, men også dei som oppfyller tilsetjingskrava sjølv om dei for tida ikkje er tilsette i skoleverket. Dersom ein har påbyrja, men ikkje fullført, ei utdanning som er nødvendig for å oppfylle krava etter § 10–1, vil kravet om å ha relevant kompetanse i undervisningsfaget gjelde. Det er likevel gjort eit unntak frå dette for dei som fullfører tidlegare allmennlærarutdanning etter at § 10–2 trer i kraft. Dette gir likebehandling av alle med allmennlærarutdanning, og vil gjelde dei som etter overgangsreglane mellom gammal allmennlærarutdanning og ny grunnskolelærarutdanning får høve til å fullføre si utdanning etter gammalt system.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 3.5, og da særskilt kapittel 3.5.2.3.

*Fjerde ledd* opnar for at dersom det er nødvendig, kan skoleeigaren avgjere at lærarar kan undervise sjølv om dei ikkje oppfyller kravet til relevant kompetanse i undervisningsfaget. Det må vere nødvendig for skoleeigaren å fråvike kravet. Føresetnaden for dette er at verksemda ikkje har nok kvalifiserte lærarar i faget, og at faga er

fordelte mellom lærarane slik at krava kan bli oppfylte i størst mogleg grad.

Skoleeigaren må gjere ei konkret vurdering ut frå lokale forhold om det kan vere eit aktuelt alternativ å omdisponere lærarane i verksemda, eller om ein lærar kan undervise ved fleire skolar i same kommune. Dette må likevel gjerast innanfor det som er mogleg ut frå arbeidsavtalar og arbeidsrettslege forpliktingar elles. Lovforeseigna inneber ikkje eit krav om å avslutte eller endre arbeidsforhold, eller om å tilsetje fleire lærarar enn det verksemda treng.

Dersom skoleeigaren tek avgjerd om å fråvike krava, må dette gjerast for kvar enkelt lærar i kvart enkelt fag det gjeld. Skoleeigaren vil vere forplikta til å vurdere om dette framleis er nødvendig minst éin gong i året. Departementet har lagt til grunn at desse avgjerdene ikkje skal vere enkeltvedtak, og reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova vil derfor ikkje gjelde.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 3.5, og da særskilt kapittel 3.5.5.

*I femte ledd* blir det gitt ein særleg regel for skolar med små ungdomstrinn som har færre enn 60 elevar og færre enn 5 lærarårsverk. Med færre enn 5 årsverk er meint inntil 5 undervisningsstillingar (500 %), inklusive tid til funksjonsoppgåver som utløyser redusert leseplikt fastsette i sentrale tariffavtalar mellom partane (kontaktlærar, rådgivar/sosiallærar og kontaktlærar for elevrådet). Som ved vurderingar etter § 10–2 fjerde ledd, er det ein føresetnad at det er nødvendig å fråvike kravet. Skoleeigaren må likevel ikkje ta avgjerd om dette for kvar enkelt lærar i kvart enkelt fag det gjeld, og det er heller ikkje eit krav om å ta stilling til dette kvart skoleår. Departementet føreset likevel at skoleeigaren vurderer dette med jamne mellomrom.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 3.5, og da særskilt kapittel 3.5.5.

#### Til § 10-6

Den foreslalte endringa skal presisere at føresegna viser til kompetansekrava for tilsetjing. Endringa inneber inga realitetsendring. Føresegna viser ikkje til dei nye krava i § 10–2. Det vil derfor ikkje vere høve til å tilsetje mellombels etter denne føresegna om ein søker som oppfyller tilsetjingskrava, ikkje oppfyller krava om relevant kompetanse i undervisningsfaga etter ny § 10–2.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 3.5.

*Til ny § 10-6a*

Føresegna inneber at det ved tilsetjing i undervisningsstillingar kan tilsetjast søkjurar på vilkår om at påbyrja utdanning blir fullført. Dette skal gjelde uansett kva type kompetanse det er søkjaren manglar for å kunne bli tilsett i undervisningsstilling. Tilsetjing på vilkår etter denne føresegna kan berre skje dersom det ikkje er søkjurar som fyller kompetansekrava for tilsetjing i lov og forskrift. Føresegna erstattar § 14–5 i gjeldande forskrift til opplæringslova.

Dersom utdanninga blir fullført innan den tidsfristen som er avtalt, vil vilkåret vere oppfylt og arbeidsforholdet gå over til fast tilsetjing. Med mindre noko anna er avtalt, vil dette skje automatiskt. Dersom vilkåra i avtalen ikkje er oppfylte, skal arbeidsforholdet i utgangspunktet avslutta ved utløpet av det avtalte tidsrommet. Reglane om avslutning av mellombels tilsetjing i arbeidsmiljølova § 14–9 gjeld tilsvarende. Det inneber at ein arbeidstakar som har vore tilsett i meir enn eitt år, har krav på skriftleg varsel om tidspunktet for fråtreding seinast ein månad før fråtredingstidspunktet. § 14–9 femte ledd andre og tredje punktum om bruk av oppseiingsreglane for fast tilsette der arbeidstakaren har vore samanhengande mellombels tilsett i meir enn fire år, vil ikkje gjelde.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 4.4.

*Til § 15-2 andre ledd*

*Andre ledd blir endra slik at departementet skal vere klageinstans for vedtak etter § 3-12 for vidaregående opplæring. Elev/føresette kan også klage på den delen av vedtaket som omfattar organiseringa av tilboden og eventuelle avvik frå læreplanverket, jf. § 3-12 femte ledd.*

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 6.4.6.

## 9.2 Endringar i privatskolelova

*Til § 2-1 bokstav g*

Føresegna inneber at departementet får heimel til å godkjenne nye private skolar, og driftsendringar ved eksisterande private skolar, som gir opplæring i små og verneverdige handverksfag. Forståinga av omgrepet "små og verneverdige handverksfag", er knytt til at:

- Faget skal vere ein del av tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring eller vere godkjent som eit forsøk.

- Faget er truga og fagkunnskapar står i fare for å døy ut på grunn av mangel på nyrekuttering.
- Faget skal ta vare på tradisjonelle handverksfaglege teknikkar, materialar og metodar.
- Faget har kulturell verdi som det av samfunnsmessige årsaker er viktig å vidareføre.
- Faget har under 15 nye lærekontraktar i løpet av ein treårsperiode.

I vurderinga av om eit omsøkt opplæringstilbod fell inn under omgrepet "små og verneverdige handverksfag", vil desse kriteria utgjere moment som er relevante i den heilsapsvurderinga godkenningsmyndigheita skal gjere. Kriteria er ikkje å forstå som absolutt kumulative vilkår. Det vil altså ikkje vere slik at det berre er opplæring i fag som er å finne på SSVs liste over små og verneverdige handverksfag som skal kunne godkjennast. Andre fag kan også, etter ei heilsapsvurdering, falle inn under føresegna.

Ein privatskole vil heller ikkje miste godkjenninga til å gi opplæring i eit handverksfag dersom faget over tid blir endra og fell ut av lista til SSV. Blir det gjort endringar i tilbodsstrukturen i vidaregående opplæring, må opplæringstilboden til skolen tilpassast tilsvarende.

I vurderinga av om ein søknad om godkjenning av ny privatskole, eller endring i drifta ved ein eksisterande skole skal godkjennast, vil behovet for nye utøvarar i faget vege tungt. Det same vil høvet til læreplass etter avslutta opplæring i skole. Om faget blir tilbode i den offentlege skolen eller ikkje vil også vere ein del av denne vurderinga. Er det frå før eit etablert tilbod i den offentlege skolen, eller i våre naboland, som dekkjer behovet for nye utøvarar i faget, vil det kunne tale imot godkjenning. Fråsegna frå vertsfylket til dei ulike søkerne skal det leggjast betydeleg vekt på.

Føresegna opnar ikkje for at skolar som er godkjende etter § 2-1 andre ledd bokstav g, kan få godkjent Vg3 i skole der elevane ikkje får lærekontrakt etter avslutta Vg2.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 7.4.

*Til § 2-2 tredje ledd*

Skolar som berre tilbyr opplæring i små og verneverdige handverksfag, jf. § 2-1 bokstav g, er automatisch unntekne frå krav til eit minimum elevtal på 15.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 7.4.

**Til § 3-5 nytt femte ledd**

Rett til særskild språkopplæring følgjer av første ledd i føresegna. Nytt femte ledd gir dei private skolane høve til å organisere opplæringa av nykomne elevar frå språklege minoritetar i eigne grupper eller klassar. Den private skolen blir ikkje pålagd å tilby slike tilbod, men kan sjølv vurdere å setje dette i gang. For at private skolar skal kunne gi innføringstilbod til elevane, er det likevel sett som vilkår at kommunen/fylkeskommunen fastset i vedtaket at den private skolen kan gi eit slikt opplæringstilbod. Elevane har ikkje rett til å få innføringstilbod. Formålet med innføringstilbod er å lære elevane norsk så raskt som mogleg, for at dei skal kunne få utbytte av ordinær opplæring.

Ein privat skole som ønskjer å gi innføringstilbod, må sørge for at kommunen/fylkeskommunen har tilstrekkeleg informasjon om korleis tilboden skal organiserast, for ei vurdering av kvifor dette er rekna for å vere til beste for eleven, og ei vurdering av kor lenge eit slikt særskilt tilbod bør givast. Vidare sørger den private skolen for å gi kommunen/fylkeskommunen ei vurdering av kva for avvik frå læreplanverket som er nødvendige for å vareta dei behov eleven har. Det er viktig at kommunen/fylkeskommunen har den informasjonen som er nødvendig for å opplyse saka så godt som mogleg før det blir gjort vedtak om særskilt opplæringstilbod etter privatskolelova § 3-5, jf. opplæringslova §§ 2-8 femte ledd eller 3-12 femte ledd. Eleven/dei føresette må samtykkje til eit slikt vedtak. Departementet reknar med at det vil vere praktisk at skolen innhentar samtykke i samband med å gi kommunen den nødvendige informasjon for å få saka godt opplyst. Dersom eleven/dei føresette ikkje samtykkjer, vil det ikkje vere behov for at kommunen/fylkeskommunen skal gjere eit slikt vedtak. Sjå merknadene til opplæringslova §§ 2-8 og 3-12.

Gjeldande femte ledd blir nytt sjette ledd.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 5.4.7.

**Til § 3-6 første ledd**

Lovføresegna blir endra for å tydeleggjere at skolar som er godkjende etter privatskolelova, vil bli omfatta av nytt tredje ledd i opplæringslova § 5-5.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapitla 3.5.3 og 3.5.6.

**Til ny § 3-14**

Paragrafen presiserer det som allereie følgjer av § 3-4a første ledd om tilpassa opplæring og § 3-6 om spesialundervisning. Paragrafen tilsvarer forslag til nye §§ 2-16 og 3-13 i opplæringslova. Sjå merknadene til §§ 2-16 og 3-13.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 6.4.

**Til § 4-2 første ledd**

Lovføresegna blir endra for at skolar som er godkjende etter privatskolelova, skal bli omfatta av krava om relevant kompetanse i undervisningsfaget etter opplæringslova § 10-2 med tilhørande forskrift.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 3.5, og da særskilt kapittel 3.5.6.

**Til § 4-2 andre ledd**

Opplæringslova § 10-6 om mellombels tilsetjing vil gjelde tilsvarande for skolar godkjende etter privatskolelova. Privatskolelova § 4-2 andre ledd om mellombels tilsetjing har til no hatt same innhald som opplæringslova § 10-6; dette inneber derfor inga realitetsendring.

Skolar som er godkjende etter privatskolelova, vil også bli omfatta av den nye føresegna om tilsetjing på vilkår i opplæringslova § 10-6a. Dette vil ikkje medføre noka endring i den plikta skolane har til å oppfylle dei krava som er stilte om særskild kompetanse, f.eks. montessorikompetanse, for å kunne bli godkjende etter privatskolelova § 2-1.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 4.4.

**9.3 Ikraftsetjing*****Merknad til romartal III om ikraftsetjing:***

Departementet tek sikte på at lovendringane om relevant undervisningskompetanse og tilsetjing på vilkår blir sett i verk 1. januar 2014. Kravet om at den som underviser, skal ha relevant kompetanse i undervisningsfaget, vil gjelde dei som opparbeider seg tilstrekkeleg kompetanse for å bli tilsett i undervisningsstilling etter at kravet er sett i kraft. Med iverksetjing 1. januar 2014 vil kravet omfatte dei som oppnår tilstrekkeleg kompetanse frå og med våren 2014, og vil da også omfatte første ordinære kull frå dei nye grunnskolelærarutdanningane.

Departementet tek sikte på at forslaget om ei føresegns som gir høve til å godkjenne private skolar som tilbyr små og verneverdig handverksfag, blir sett i kraft 1. juli 2012.

Det er teke sikte på at dei andre forslaga blir sette i kraft 1. august 2012.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i opplæringslova og privatskolelova (undervisningskompetanse m.m.).

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova (undervisningskompetanse m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova (undervisningskompetanse m.m.)

#### I

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir det gjort følgjande endringar:

§ 2-8 nytt femte ledd skal lyde:

*Kommunen kan organisere særskilt opplærings-tilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skole, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette ledet krev samtykke frå elev eller føresette.*

§ 2-12 tredje ledd skal lyde:

For private grunnskolar gjeld også §§ 2-2, 2-5 første, andre, tredje og sjette ledd, 2-9, 2-10, 2-11, 8-2, 9-1, 9-2, 9-3, 9-4, 9-5, 9-6, kapittel 9a, §§ 10-1, 10-2, 10-6, 10-6a, 10-9, 11-1, 11-2, 11-3, 11-4, 11-7, 11-10, 13-3b, 13-7a, 13-10, 14-1, 15-3 og 15-4.

Ny § 2-16 skal lyde:

§ 2-16 *Opplæring av elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)*

*Elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa.*

*Når ein elev ikke har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilboden, har eleven rett til spesialundervisning etter reglane i kapittel 5. Dette inkluderer nødvendig opplæring i bruk av alternativ og supplerande kommunikasjon.*

§ 3-12 nytt femte ledd skal lyde:

*Fylkeskommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skole, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette ledet krev samtykke frå elev eller føresette.*

Ny § 3-13 skal lyde:

§ 3-13 *Opplæring av elevar, lærlingar og lærekandidatar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)*

*Elevar, lærlingar og lærekandidatar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale, og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa.*

*Når ein elev eller lærekandidat ikke har eller kan få tilfredsstillende utbytte av det ordinære opplæringstilboden, har eleven eller lærekandidaten rett til spesialundervisning etter reglane i kapittel 5. Dette inkluderer nødvendig opplæring i bruk av alternativ og supplerande kommunikasjon.*

Ny § 4A-13 skal lyde:

§ 4A-13 *Opplæring av vaksne med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)*

*Vaksne som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa.*

*Vaksne som ikke har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilboden, har rett til spesialundervisning etter reglane i § 4a-2.*

*Dette inkluderer nødvendig opplæring i å bruke alternativ og supplerande kommunikasjon.*

§ 5-5 skal lyde:

§ 5-5 *Unntak fra reglane om innhaldet i opplæringa og om kompetansekrav*

Reglane om innhaldet i opplæringa i denne lova og i forskrifter etter denne lova gjeld for spesialundervisning så langt dei passar. For elev som får spesialundervisning, skal det utarbeidast individuell opplæringsplan. Planen skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis ho skal drivast. Også avvikande kontraktvilkår for lærlingar kan fastsetjast i den individuelle opplæringsplanen.

Skolen skal kvart halvår utarbeide skriftleg oversikt over den opplæringa eleven har fått, og ei vurdering av utviklinga til eleven. Skolen sender oversikta og vurderinga til eleven eller til foreldra til eleven og til kommunen eller fylkeskommunen.

*Krav etter § 10-2 kan fråvikast i vedtak om spesialundervisning dersom ei konkret vurdering av eleven og den spesialundervisninga som skal bli gitt, tilseier det.*

§ 10-1 skal lyde:

§ 10-1 *Krav om kompetanse ved tilsetjing av undervisningspersonell*

Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling i grunnskolen og i den vidaregående skolen, skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse. Departementet gir nærmere forskrifter om krav til utdanning og praksis for den som skal tilsetjast i undervisningsstillingar på ulike årstrinn og i ulike skoleslag.

§ 10-2 skal lyde:

§ 10-2 *Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag*

*Tilsette som skal undervise, må ha relevant kompetanse i dei faga dei skal undervise i.*

*Departementet gir nærmere forskrifter om krav til relevant kompetanse for dei som skal undervise på ulike årstrinn og i ulike skoleslag. Departementet kan i forskrift også fastsetje at det ikkje skal stillast krav om relevant kompetanse i enkelte fag.*

*Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag gjeld ikkje for den som er mellombels tilsett etter § 10-6 eller etter arbeidsmiljølova, eller den som er tilsett på vilkår etter § 10-6a. Kravet gjeld heller ikkje for den som før § 10-2 vart sett i kraft, hadde tilfredsstillande kompetanse etter dagjeldande krav for tilsetjing i undervisningsstilling, eller den som*

*etter at § 10-2 vart sett i kraft, har fullført tidlegare allmennlærarutdanning.*

*Skoleeigar kan, så langt det er nødvendig, fråvike kravet om relevant kompetanse i undervisningsfag i tilfelle der skolen ikkje har nok kvalifisert undervisningspersonale i faget. Det må takast stilling til dette for kvart skoleår.*

*Ved skolar med årstrinn 8–10, der desse årstrinna har færre enn 60 elevar og færre enn 5 lærarårsverk, kan kravet om relevant kompetanse i undervisningsfag om nødvendig fråvikast for desse årstrinna.*

§ 10-6 skal lyde:

Dersom det ikkje er søkjarar som fyller kompetansekrava for tilsetjing i § 10-1, kan andre tilsetjast mellombels. Med mindre det er avtalt ein kortare tilsetningsperiode, skal tilsetjinga vare til og med 31. juli.

Ny § 10-6a skal lyde:

§ 10-6a *Tilsetjing på vilkår*

*Dersom det ikkje er søkjarar som fyller kompetansekrava for tilsetjing i § 10-1, kan ein annan søker som er i gang med relevant utdanning, tilsetjast på det vilkår at utdanninga blir fullført. Arbeidsgivar og arbeidstakar avtaler lengda på tilsetjinga på vilkår, under omsyn til omfanget av stillinga, lengda på utdanninga og kor tilgiengelag utdanningstilbodet er. Dersom vilkåra ikkje blir oppfylte, gjeld reglane i arbeidsmiljølova § 14-9 om avslutning av arbeidsforhold ved mellombels tilsetjing.*

§ 15-2 andre ledd skal lyde:

Departementet er klageinstans for enkeltvedtak om inntak og spesialundervisning i den vidaregående opplæringa, enkeltvedtak om tap av retten til vidaregående opplæring etter § 3-8 og § 4-6, enkeltvedtak om opplæring i inntil to år ekstra etter § 3-1 femte ledd, *enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter § 3-12* og enkeltvedtak om fysiske og psykososiale miljøforhold etter § 9a-2 og § 9a-3.

## II

I lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskot blir det gjort desse endringane:

§ 2-1 andre ledd skal lyde:

Skolane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag:

- a) religiøst
- b) anerkjend pedagogisk retning

- c) internasjonalt
- d) særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett
- e) norsk grunnskoleopplæring i utlandet
- f) særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma
- g) *vidaregående opplæring i små og verneverdige handverksfag.*

§ 2-2 tredje ledd skal lyde:

Dersom ein skole har færre enn 15 elevar tre skoleår i samanheng, fell godkjenninga bort. For norske skolar i utlandet gjeld ei tilsvarende minimumsgrense på 10 elevar. Departementet kan i særskilde tilfelle gjere unntak frå minimumskrava til elevtal. *Skolar som berre driv verksamhet etter § 2-1 bokstav g, er ikkje omfatta av minimumskrava til elevtal.*

§ 3-5 femte ledd skal lyde:

*Private skolar kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper eller klassar når det ligg føre vedtak frå kommunen/fylkeskommunen om slik organisering, og om at den private skolen kan gi slike opplæringstilbod. Private skolar som vil gi enkeltelevar slike opplæringstilbod må gi kommunen eller fylkeskommunen den informasjon som er nødvendig for å opplyse saka før denne gjer vedtak etter opplæringslova §§ 2-8 femte ledd eller 3-12 femte ledd.*

§ 3-5 noverande femte ledd blir til sjette ledd.

§ 3-6 første ledd skal lyde:

Opplæringslova § 5-1 om rett til spesialundervisning, § 5-3 om sakkunnig vurdering, § 5-4 om saksbehandlinga i samband med vedtak om

spesialundervisning og § 5-5 om unntak frå reglane om innhaldet i opplæringa *og om kompetansekrav* gjeld tilsvarende.

Ny § 3-14 skal lyde:

§ 3-14 *Opplæring av elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)*

*Elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og som har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa.*

*Når ein elev ikkje har eller kan få tilfredsstilande utbytte av det ordinære opplæringstilboden har eleven rett spesialundervisning etter reglane i § 3-6. Dette inkluderer nødvendig opplæring i bruk av alternativ og supplerande kommunikasjon.*

§ 4-2 første og andre ledd skal lyde:

For undervisningspersonalet ved skolar som er godkjende etter lova her, gjeld dei kompetansekrava som følgjer av §§ 10-1 og 10-2 i opplæringslova med tilhøyrande forskrift.

*Opplæringslova § 10-6 om mellombels tilsetjing og § 10-6a om tilsetjing på vilkår gjeld tilsvarende.*

### III

Lova blir sett i verk på det tidspunkt Kongen bestemmer. Dei enkelte føresegnene kan setjast i verk på ulike tidspunkt.